

Tenesteskippnaden i Elverum i perioden 1758-63 med vekt på geografisk mobilitet – omfang og årsaker

Frode Myrheim

Innholdsliste:

AVSTYTTINGAR	2
FIGUR-, KART- OG TABELLOVERSIKT	3
VEDLAGT CD MED VEDLEGG I FORM AV M.A. EXEL-TABELLAR	4
FORORD	5
1. INNLEIING	6
1.1. EMNE, PROBLEMSTILLINGAR OG DISPOSISJON.....	6
1.2. TYDINGAR OG DEFINISJONAR.....	8
1.3. VAL AV KJELDEMATERIALE, GEOGRAFISK OMRÅDE OG PERIODE	9
1.4. KJELDER	11
1.4.1. Innleiing.....	11
1.4.2. Ekstraskatten samt av- og tilgangslistene	11
1.4.3. Nattverdsbøker.....	13
1.4.4. Kyrkjebøker.....	15
1.4.5. Lover og forordningar	16
1.4.6. Andre kjelder.....	18
1.5. METODAR	19
1.6. ELVERUM SOKN	24
1.7. DEN KONSTRUERTE FOLKETELJINGA FOR 1. OKTOBER 1762	28
1.7.1. Innleiing.....	28
1.7.2. Hushaldsrekonstitusjonen.....	28
2. ALLMENNE TREKK VED TENESTESKIPNADEN	33
2.1. INNLEIING	33
2.2. FORSKNINGSSTODA	33
2.3. TALET PÅ TENARAR OG TILHØVET MELLOM DRENGAR OG JENTER	36
2.4. HUSHALDSTRUKTUR OG TENARHALD	37
2.5. TENARANES ALDER.....	40
2.6. TENARANES GEOGRAFISKE OPPHAV.....	43
2.7. SKYLDKAP	46
2.8. SAMANDRAG	50
3. DEN SOSIALE MOBILITETEN	52
3.1. INNLEIING.....	52
3.2. FORSKNINGSSTODA	52
3.3. DEI SOSIAL GRUPPENE	54
3.4. TENARANES SOSIALE OPPHAV.....	56
3.5. DEN SOSIALE MOBILITETEN	58
3.7. SAMANDRAG	62
4. DEN GEOGRAFISKE MOBILITETEN	64
4.1. INNLEIING.....	64
4.2. FORSKNINGSSTODA	64
4.3. MOBILITETENS OMFANG.....	68

4.3.1. Innleiing	68
4.3.2. Kjeldene og metodane som ligg til grunn for mobilitetsratene	70
4.3.3. Nattverdsboka, ei vanskeleg kjelde for å seie noko om mobilitet.....	73
4.3.4. Kor nær røyndomen ligg mobilitetsraten for ATL?	78
4.3.5. Samanlikning	86
4.3.6. Makromobilitetens omfang	87
4.3.7. Årsteneste og tenesteavbrot	89
4.4. MOBILITETENS AVSTAND	93
4.4.1. Flytteavstand.....	93
4.4.2. Sivert Langholms hypotese.....	95
4.4.3. Nærflytting og Langholms hypotese i ljøs av mitt materiale.....	95
4.5. FLYTTEMØNSTRET I PERIODEN NOV. 1762-DES. 1763	97
4.6. SAMANDRAG	104
5. DRØFTING AV ÅRSAKER TIL MOBILITET	106
5.1. INNLEIING	106
5.2. FORSKNINGSSTODA	108
5.3. DRØFTING AV ÅRSAKSTEORIANE I LJOS AV MITT MATERIALE	113
5.3.1. Trongen for arbeidskraft.....	113
5.3.2. Utevkslinga mellom tenarar og vaksne unger av same kjønn og ulikt kjønn	117
5.3.3. Lønsskilnader.....	119
5.3.4. Festepengar	126
5.3.5. Materielle tilhøve ved tenestestaden som t.d. kost	127
5.3.6. Tilhøvet mellom tenarar og husbondsfolk.....	129
5.3.7. Tilhøvet mellom tenarane og andre i hushaldet.....	132
5.3.8. Tenestehierarki	135
5.3.9. Flyttekultur.....	136
5.3.10. Andre årsaker og føresetnader for mobiliteten	137
5.4. SAMANDRAG	139
6. AVSLUTTANDE SAMANDRAG OG KONKLUSJON.....	140
KJELDER OG LITTERATUR.....	146
UTRYKTE KJELDER:	146
TRYKTE OG DATAHANDSAMA KJELDER:	150
KJELDER PÅ VERDSVEVEN:.....	151
LITTERATUR:	152

Avstytingar

ATL=Av- og tilgangslistene for perioden november 1762-desember 1763.

BD87u=Database program utvikla ved Dovre Data Arkiv, u=utan korrektur.

BM=Bidragsmanntalet 1734-38.

d.=døydde.

dp.=døpyt.

EB=Elverum bibliotek.

Elvk02=Elverum kyrkjebok nr. 2 1751-56.

Elvk03=Elverum kyrkjebok nr. 3 1757-76.

Elvk05=Elverum kyrkjebok nr. 5 1777-93.

Elvk06=Elverum kyrkjebok nr. 6 1794-1814.

Elvk07=Elverum kyrkjebok nr. 7 1815-30.

Elvk08=Elverum kyrkjebok nr. 8 1830-42.

Elvk09=Elverum kyrkjebok nr. 9 1843-56.
ES=Ekstraskatten for oktober 1762.
Evjk04=Evje kyrkjebok nr. 4 1816-40.
f.=født.
FOR=Forordninga av 9. august 1754.
gm.=gift med.
GMR=Generell mobilitetsrate.
gra.=gravlagt.
hmp.=husmannsplass.
Hofk02=Hof kyrkjebok nr. 2 1720-49.
Hofk03=Hof kyrkjebok nr. 3 1750-89.
Hofk05=Hof kyrkjebok nr. 5 1816-22.
kf.=konfirmert.
KG=Kommanderande General.
Løtk02=Løten kyrkjebok nr. 2 1731-72.
NB=Nattverdsbøkene.
NL=Kong Christian den Vs norske lov av 1687.
NOS=Norges offisielle statistikk.
o.=omlag.
RA=Riksarkivet.
rd.=riksdalar.
Renk01=Rendalen kyrkjebok 1 1733-87.
KFT=Konstruert folketeljing for 1. oktober 1762.
s.=side.
SaH=Statsarkivet i Hamar.
SaK=Statsarkivet i Kristiansand.
SaO=Statsarkivet i Oslo.
SO=Solør og Odalen sorenskriverembete.
Stak06=Stange kyrkjebok 6 1762-87.
SØS=Solør og Østerdalen sorenskriverembete.
Trykl05=Trysil (Osen) klokkebok 1814-77.
Tryk02=Trysil kyrkjebok 2 1800-14.
Tryk03=Trysil kyrkjebok 3 1814-41.
ØS=Østerdalen sorenskriverembete.
Åmok02=Åmot kyrkjebok 2 1734-79.
Åmok03=Åmot kyrkjebok 3 1780-1810.
Åmok05=Åmot kyrkjebok 5 1815-41.

Figur-, kart- og tabelloversikt

Figurar:

Figur 1. Del av bondehushald med tal på tenarar.

Figur 2. Aldersfordeling av tenarane etter kjønn i 1762.

Figur 3. Fylte 12 år og dødsfall nov.1762-des.1763 fordelt på månader.

Figur 4. Tenesteflytting i Elverum hovudsokn nov.1762-des.1763.

Figur 5. Tenesteflytting blant drengar i Elverum hovudsokn nov.1762-des.1763.

Figur 6. Tenesteflytting blant jenter i Elverum hovudsokn nov.1762-des.1763.

Figur 7. Tilhøvet mellom tærande og nærande i alle bondehushald i 1762.

Figur 8. Tilhøvet mellom tærande og nærande i bondehushald utan tenarar i 1762.

Figur 9. Tilhøvet mellom tærande og nærande i bondehushald med tenarar i 1762.

Kart (alle med Referanse:Statens kartverk Hedmark avtalenr: LKS82004-HE2000/100):

Kart 1. Kart over Elverum hovudsokn i 1762.

Kart 2. Tenestejenta (171) Dorte Eriksdotters tre flyttinger i perioden 1758-63.

Kart 3. Tenestedrengen (38) Ottar Olssons 2 flyttinger i perioden 1758-63.

Kart 4. Tenestejenta (119) Gjertrud Eriksdotters to flyttinger i perioden 1758-63.

Kart 5. Tenestedrengen (174) Hallsten Jenssons flytting i perioden 1758-63.

Tabellar:

Tabell 1. Tenaranes fødestad etter prestegjeld.

Tabell 2. Tenaranes sosiale opphav, totalt og fordelt på kjønn.

Tabell 3. Sosial mobilitet hos dei ulike sosialgruppene av tenarar.

Tabell 4. Sosial mobilitet hos dei ulike sosialgruppene av tenestedrengane.

Tabell 5. Sosial mobilitet hos dei ulike sosialgruppene av tenestejentene.

Tabell 6. Skyldskapshøve mellom tenarar og husbonde eller kone.

Tabell 7. GMR (Generell mobilitetsrate) 1762-63.

Tabell 8. Gjennomsnittleg flytteavstand i km.

Tabell 9. Tilhøvet mellom talet på tenarar og skyld.

Tabell 10. Lønsgupper for tenarane i folkelønsskatten 1711.

Tabell 11. Årsløner i perioden 1711-1810 fordelt på drengar og jenter.

Tabell 12. Tenarar som tente saman i ES (1762) og som fram til og med 1768 gifta seg.

Vedlagt CD med vedlegg i form av m.a. exel-tabellar

Vedlegg 1. KFT.

Vedlegg 2. Hushald og tenarstand i KFT (exel-tabell).

Vedlegg 3. Prosentdel av hushald med ulike tal på tenarar i ES (exel-tabell).

- Vedlegg 4.** Tenarar som fylte 12 år i ATL (exel-tabell).
- Vedlegg 5.** Tenaranes alder (exel-tabell).
- Vedlegg 6.** Tenarane etter alder og kjønn i 1801-teljinga (exel-tabell).
- Vedlegg 7.** Tenarane i ES og NB (exel-tabell).
- Vedlegg 8.** Tenaranes skyldskapsrelasjonar (exel-tabell).
- Vedlegg 9.** Tenaranes sosiale opphav (exel-tabell).
- Vedlegg 10.** Tenaranes sosiale mobilitet (exel-tabell).
- Vedlegg 11.** Tenaranes geografiske mobilitet i NB (exel-tabell).
- Vedlegg 12.** Tenarane 01.10.1762 (exel-tabell).
- Vedlegg 13.** Tenarane 31.12.1763 (exel-tabell).
- Vedlegg 14.** Tenaranes geografiske mobilitet i ATL (exel-tabell).
- Vedlegg 15.** Samsvar mellom NB og ES (exel-tabell).
- Vedlegg 16.** Gravlagte okt.1762-des.1763 og døydde i ATL frå same tid (exel-tabell).
- Vedlegg 17.** Døypte 1751 og deiras gra. dato eller dato for fylte 12 år (exel-tabell).
- Vedlegg 18.** Tid mellom dødsfall og gravlegging i perioden 1751-65 (exel-tabell).
- Vedlegg 19.** Makromobilitet i ATL (exel-tabell).
- Vedlegg 20.** Tenesteavbrot i ATL (exel-tabell).
- Vedlegg 21.** Flyttemønster i ATL (exel-tabell).
- Vedlegg 22.** Tilhøvet mellom landskyld og tenarar (exel-tabell).
- Vedlegg 23.** Tilhøvet mellom husbondsborn og tenarar samt nærande og tærande (exel-tabell).
- Vedlegg 24.** Tilhøvet mellom tenestedrengar og tenestejenter i hushald med ein tenar (exel-tabell).
- Vedlegg 25.** Tilhøvet mellom husbondsborn og tenarar av begge kjønn (exel-tabell).
- Vedlegg 26.** Lønskategoriar for tenestedrengar og tenestejenter i skoskatten 1711 (exel-tabell).
- Vedlegg 27.** Tenestelønningar 1740-75 (exel-tabell).

Forord

Denne oppgåva har meir eller mindre uavbroti pågått i elleve år. Rett nok har arbeidet gått gjennom bølgedalar der det til tider har luggi heilt nede, men trua på at eg ein dag ville bli ferdig har alltid vori der. Det som truleg førte meg inn i denne oppgåva er interessen for gards- og slektshistorie som eg byrja med i 1986. Eg la tidleg merke til det der ofte totale fråværet av tenestefolk. Etterkvart som eg byrja å studere historie la eg også merke til at dette ikkje bare er tilfelle for gards- og slektshistoria, men også for den allmenne historiske forskinga, spesielt for 1700-talet. Ein kan vel seie at det var dette som motiverte meg til å skrive om nettopp tenarane. Ein viktig forklaring til at det har teki så lang tid er oppgåvas store empirisk omfang som m.a. femnar kyrkjebøker, skattemanntal

og nattverdslistar. På normert tid hadde det ikkje vori mogleg å gjøre ei så omfattande empirisk oppgåve som den eg nå legg for dagen. Det seier seg sjølv, at arbeidet med å rekonstituere alle hushalda og identifisere nesten alle dei godt over 2240 menneska som budde der da, har vori svært tidkrevande. Det er mange som bør takkas i ein slik samanheng, men fyrst og fremst bør min vegleiar gjennom alle desse åra, Sølvi Sogner, takkas. Ei takk til Knut Dørum for gjennomlesing av manus. Ein takk til Ronny Rismyhr Haugen for gjennomlesing av den konstruerte folketeljinga. Ein takk til Taran for den tålmoda ho har vist med ein ikkje alltid like tilstedeverande far. Elles vil eg få takka den som takkas bør.

Sørum, den 19. oktober 2006

1. Innleiing

1.1. Emne, problemstillingar og disposisjon

Emnet for denne oppgåva er tenestekipnaden i Elverum prestegjeld i perioden 1758-63. Formålet med denne oppgåva er å sjå på dei aller fleste aspekta ved tenestekipnaden i Elverum i denne perioden. Sjølv om oppgåva i og for seg har eit vidt synsfelt vil hovudfokuset vera rettta mot tenaranes geografiske mobiltiet. Det er her omfanget av den geografiske mobiliteten og kva slags årsaker som låg bak han som er hovudproblemstillingene. Etterkvart er det skrivi ein del om tenarane og skipnaden frå ulike synsvinklar, men relativt lite av dette omhandlar Norden på 1700-talet, og noko samla historie er enda ikkje utgjevi korkje her til lands eller i Nordvest Europa elles.

Frå før føreligg kun nokon få studiar som har nokonlunde det same hovudfokuset som denne oppgåva. Frå 1700-talet er dette: Børje Harnesk¹ sin studie av ein del landskap i syndre Norrland i Sverige, Ann Kussmaul² sin studie over England. Sjølv om hovudfokuset i tid er 1700-talet, er det heilt naturleg også å nemne Martin Dribe og Christer Lundh sin studie av den

¹ Harnesk (1990).

² Kussmaul (1981) samt Kussmaul i *Economic History Review* (1981).

geografiske mobiliteten og dens årsaker i Vestre Skåne i perioden 1829-67.³ Dette avdi deiras problemstilling er samanfallande med denne oppgåvas hovudproblemstilling. Sølvi Sogner er vel den her i landet som har skrivi mest om tenarane, og ho har på ein grei måte skisert utviklinga av tenestekipnaden ved dei tre stikkorda feminisering, ruralisering og avvikling.⁴ Allereie tildleg på 1700-talet ser ein eit klart fleirtal av kvinnlege tenarar med omlag to jenter for kvar gut.⁵ Dette trekket forsterkast meire utover på 1800-talet og inn på 1900-talet var det nesten ikkje at mannlege tenarar. Samstundes blir tenarane meir og meir trekt inn mot byane. Arbeidet går over frå å vera eit allsidig hushaldsarbeid til å bli eit meir einseitig husarbeid.⁶ Skipnaden må seiast å vera avvikla ved midten av førre århundre.

Denne oppgåva er den fyrste her i landet som ser på tenestekipnadens mange aspekter i eit norsk prestegjeld, i dette høvet Elverum, på 1700-talet og som fyrst og fremst freistar å forklare den relativt høge tenestemobiliteten. Dei resultatata eg kjem fram til i denne oppgåva vil bli samanlikna med den forskinga som fyrst og fremst føreligg i Norden på 1700-talet. Men også Nordvest Europa og 1800-talet vil bli trekt inn der dette er naturleg. Oppgåva ser som nemnt på mange aspekt ved tenestekipnaden i Elverum, og eg vil gjennom heile oppgåva freiste å sjå samanhenger og å forklare dei resultatata eg kjem fram til.

Oppgåva tek utgangspunkt i mange kjelder, men hovudkjelda har vori ekstraskatten frå 1762⁷. Truleg er dette fyrste gong nokon har gjort ein freistnad på å byggje opp ei folketeljing på bakgrunn av denne skatten. Det er mi von at denne oppgåva kan kaste ljøs over tenarane ikkje bare i Elverum, men også i heile landet og Norden elles. Oppgåva er, sett bort frå innleiinga og avsluttande samandrag, delt inn i fire hovudkapitler. Problemstillinger og forskingsstoda vil bli presentert under kvart av desse. Kapittel to omhandlar generelle trekk ved tenestekipnaden som t.d. talet på tenarar, tenarhaldet samt tenaranes alder.

Kapittel tre omhandlar tenaranes sosiale mobilitet. Kapittel fire er vigd åt den geografiske mobiliteten og dens omfang og kapittel fem drøftar årsaksteoriane i ljøs av mitt materiale.

³ Dribe og Lundh (2002),

⁴ Sogner i *Valg og vitenskap* (1997), s. 245.

⁵ Sogner og Telste (2005), s. 7. Sjå også Sogner i *Valg og vitenskap* (1997), s. 245.

⁶ Sogner og Telste (2005), s. 74.

⁷ ES. Futerekneskapa Østerdalen. RA.

1.2. Tydingar og definisjonar

Ein tenar var ein person som inngjekk i eit anna hushald som regel mot fast løn og festepengar. Tenarane var underlagt hustukt på linje med borna i huslyden, og dei utførte mangslungent hushaldsarbeid. Dei var med andre ord i motsetnad til ein dagarbeidar tilsett for eit lengre tidsrom, ofte eit år, og var ein del av hushaldet. I denne oppgåva vil eg bruke bruke Ståle Dyrviks definisjon av *hushald*. Den seier at hushald er ei eining av eit eller fleire menneske som har særskild bustad og kosthald. Størst vekt legg han på kosthaldet, avdi det samlar i seg dei tre viktige forholda som det fysiske samveret rundt felles bord og bustad samt ein felles økonomi er.⁸

Den geografiske mobiliteten eller tenesteflyttinga er noko ulikt definert blant dei som har skrivi om ho. Börje Harnesk⁹ reknar tenesteflytting for kun å vera flytting mellom to tenestestadar, mens Dribe & Lundh¹⁰ også reknar flytting frå tenestestad åt anna stad som t.d. siste flytting i samband med giftarmål som tenesteflytting. Eg vil i denne oppgåva, som Dribe & Lundh, rekne tenesteflytting som all flytting av tenarar. Dette avdi ein med Harnesk sin definisjon av tenesteflytting ikkje får tak i tenaranes mellombelse avbrot i tenesta. Definisjonen av den såkalla mobilitetsraten eller den generelle mobilitetesraten (GMR) som eg har brukt i denne oppgåva, er nærmare definert i kapittel 4.3.1.

Mikromobilitet er den mobiliteten som gjekk innanfor soknegrensa, mens makromobilitet er den mobiliteten som gjekk over soknegrensa, eller inn- og utflyttinga av eit prestegjeld. Med nærflytting meines her flytting mellom grannesokn. Denne definisjonen byggjer på Torsten Hägerstrands¹¹ definisjon frå hans studie av ut- og innflyttinga i Asby sokn i Østergötland i perioden 1840-1944. Han satte her den øvre grensa for nærflytting ved 17 km. Årsaka til dette

⁸ Dyrvik (1983), s. 184.

⁹ Harnesk (1990), s. 173.

¹⁰ Dribe og Lundh (2002), s. 36.

¹¹ Hägerstrand sjølv brukte fyrste klasse om denne type flytting (Hägerstrand i *Svensk geografisk årbok* (1947), s. 126, note 22), men ho er av andre forskarar i ettertid som t.d. Langholm og Lundh kalt høvesvis *short-distance migration* og *short-range migration*. Sjå t.d. Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 38 og Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

er at han dermed kunne inkludere alle grannesokna åt Asby, avdi kyrkjene i desse sokna låg i ein avstand på maksimum 17 km frå Asby kyrkje.¹²

1.3. Val av kjeldemateriale, geografisk område og periode

Arbeidet tok til for elleve år sidan med registrering av nattverdsgjestane for perioden 1758-62¹³. Årsaka til at eg valte denne perioden var at den er samanfallande med ES og at det ikkje fins kommunikantbøker over einslege for perioden 1744-58, og heller ikkje for perioden etter 1762.¹⁴ Det fyrste eg gjorde var å laga eit kortregister der alle einslege fekk kvart sitt kort med nattverdsdatoar. Det vil i røynda seie omlag to gonger i året for heile perioden.¹⁵ Bakgrunnen for dette arbeidet, var at eg trudde NB saman med ES kunne vera ei framifrå kjelde til å seie noko om den geografiske mobiliteten blant tenarane.

Ettersom eg har arbeida med denne kjelda har denne trua endra seg, og i dag ser eg at ho er mindre egna til dette formålet. Det skulle derimot ta meg mange arbeidstimar å finne ut av det. Sjølv sagt kunne eg ha valt å sjå heilt bort frå ho etter denne erkjenninga, men ettersom eg meiner at denne kjeldekritiske studien har ein stor eigenverdi har eg valt å ta han med (meir om dette i kapittel 4.3.2 og 4.3.3). I tillegg til NB var det heilt naturleg at eg brukte ATL som i motsetning til NB seier konkret hokken som flytta, og dermed er ei framifrå kjelde til mobilitet for 1700-talet.

Som nemnt er hovudproblemstillinga i denne oppgåva tenaranes geografiske mobilitet og hossen årsaker som låg bak den. For å kunne sjå nærmare på nokon av dei moglege årsakene bak flyttinga, var det naudsynt å finne fram til hushaldstrukturen i ES. Dette arbeidet endte til slutt i den konstruerte folketeljinga som er omtalt nærmare i kapittel 1.7. Ettersom ES ikkje inneheld namn på dei under 12 år, har kyrkjeboka, som går tilbake til 1751, vori ei svært

¹² Hägerstrand sjølv brukte fyrste klasse om denne type flytting (Hägerstrand i *Svensk geografisk årbok* (1947), s. 126, note 22), men ho er av andre forskarar i ettertid som t.d. Langholm og Lundh kalt høvesvis *short-distance migration* og *short-range migration*. Sjå t.d. Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 38 og Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

¹³ Også dei gifte har eg registrert fram åt våren 1758. Elverum kommunikantbok nr. 4 1755-62 samt kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

¹⁴ Nattverdslistene byrjar i 1732, men det er som sagt ei lakune for perioden 1744-58 når det gjeld einslege nattverdsgjester.

¹⁵ Maksimalt vil dette seie ti gonger.

viktig kjelde. Utan Sør-Østerdal Slektshistorielags søkbare databaser over kyrkjebøkene hadde dette identifiseringsarbeidet ikkje vori mogleg i den grad det har vori. Kyrkjebøkene er klart den fremste personalhistoriske kjelda som fins, men å hente informasjon systematisk ut av dei er svært tidkrevande, og det er fyrst nå i vår data-alder at dette er mogleg i større mon. Etterkvart som eg hadde fått hushaldstrukturen på plass byrja eg å sjå om eg kunne identifisere tenarane, og eg vart nærmast oppslukt av dette arbeidet. Ei grunnleggjande vanske var her at dei fleste tenarane var født før kyrkjeboka byrjar i 1751. Dette gjorde sjølvst sagt at arbeidet vart mykje meir tidkrevande enn det elles ville ha vori.

Det var derfor naudsynt å bruke ein del andre kjelder som bygdebøker¹⁶, fyrst og fremst frå Elverum, men også grannesokna, bidragsmanntalet 1734-38¹⁷ samt dei eldre nattverdslistene frå 1732.¹⁸ Ei anna viktig kjelde har vori skifteprotokollane i perioden 1740-81¹⁹. Alle skifte frå Elverum er her systematisk gjennomgått av to grunnar. For det fyrste å lenkje alle personalopplysningar om arvingar og arvelatar inn i den konstruerte folketeljinga. For det andre er opplysningar om uteståande tenesteløn registrert for perioden 1740-75 med tanke på om det fans lønsskilnader (sjå kapittel 5.3.3).

Det er redegjort nærmare for dei viktigaste kjeldene i denne oppgåva i kapittel 1.4. Når det gjeld det geografiske valet var det heilt naturleg å gje meg i kast med Elverum, da eg i mange år har arbeida med familierekonstitusjon for området. Det byrja så smått i 1986 med gransking av eiga slekt og har sidan utvikla seg til å omfatte heile prestegjeldet. Dessutan har eg gjevi bidrag åt den eldste gards- og slektshistoria fram til omlag 1750 for Hernes.²⁰ Trysil anneks er holdt utanfor denne oppgåva avdi dei som sokna hit ikkje er ført i NB. Kommunikantlistene er med andre ord kun ført for hovudsoknet.²¹ Med hovudsoknet meiner eg her Elverum hovudsokn som vil seie dagens kommune

¹⁶ Sjå litteratur.

¹⁷ BM 1734-38. Elverum prestearkiv. SaH.

¹⁸ Elverum kommunikantbok nr. 1 1732-36, kommunikantbok nr. 2 1737-40 samt nr. 3 1741-44. Alle SaH.

¹⁹ Sjå utrykte kjelder.

²⁰ Lintoft (2002a-b).

²¹ Trysil hadde eigen kyrkjebok frå 1730. I desse er nattverdsgjestene ikkje ført nominativt, men kun med tal på nattverdsgjester.

samt Søre-Osen som i dag ligg i Trysil kommune²² og Søgarn-Blikkberget som i dag ligg i Åmot kommune (sjå kart 1).

1.4. Kjelder

1.4.1. Innleiing

I dette kapitlet vil eg drøfte dei viktigaste kjeldene eg har brukt i denne oppgåva. Her vil dei bli drøfta meir generelt, mens meir spesielle problem knytta til dei enkelte kjeldene vil eg komme inn på etterkvart i oppgåva. Kjeldene er presentert etter kor sentrale dei er for oppgåva. Som det framgår har eg nytta meg av mange typer kjelder. Den utan tvil viktigaste av desse er ekstraskatten for 1762 med av- og tilgangslistene som ein god nummer to.

1.4.2. Ekstraskatten samt av- og tilgangslistene

Hovudkjelda for denne oppgåva er som nyss nemnt ES. Den var som namnet seier ein ekstraskatt som vart skrivi ut etter ein forordning av 23. september 1762. Den er med andre ord ikkje noko folketeljing.²³ Bakgrunnen for ES var den økonomiske krisa Danmark-Norge var oppe i ved dette leitet.²⁴ Til trass for strileopprøret i Bergen den 18. april 1765 fortsatte innkrevinga heilt fram til 1772, om enn i ein mildare grad. For Elverum er ES ført i pennen av daverande sokneprest Jens Grüner²⁵. Det ser ut til at ho er teki opp i byrjinga av oktober ettersom ein av dei tre som er oppført vart gravlagd allereie den 3. oktober.²⁶

Sjølvsagt treng jo ikkje heile skatten vera teki opp på same tid, men gardsbruket Åsen med matrikelnummer 102, garden der den avdøde budde, er innført i den siste delen av ES.²⁷ Går ein ut frå at skatten er ført etter

²² Søre-Osen vart lagt inn under Trysil ved opprettinga av Trysil prestegjeld i 1780.

²³ Sjå også Sogner (1979), s. 293.

²⁴ Dyrvik (1978, 1992), s. 413ff.

²⁵ Jens Petersson Grüner (1724-79). Sokneprest og busatt på Prestgarn i KFT.

²⁶ Hallvord Hallvordsson (o. 1686-1762). Busatt på Åsen som andre hos seg havande i KFT, men i kyrkjeboka er han ført med Uthus som tredje namn. Gra. 03.10.1762. Elvk02, s. 177. BD87u.²⁶

²⁷ ES. Futerekneskapa Østerdalen. RA.

matrikelnummera skulle ein tru det meste av den er teki opp før den 3 oktober, men dette er usikkert da den jo også kan vera ført på andre måtar. ES skulle utliknas på alle frå og med 12 år. Det er derfor kun folketalet over 12 år som er nemnt. Dei militære vart friteki for ES frå og med 4. desember 1762, og desse er nemnt i ei tilleggsliste etter sjølv skattemanntalet. I ein del døme fins også namnet deiras eller bare konas namn i sjølv ES. Folketalet er inndelt i følgjande kategoriar under kvart bruk: 1) *Mænd og Hustrue Deres Antal og Nafne* 2) *Børn over 12 Aar og Deres Nafne* 3) *Tieneste Karle og Deres Nafne* 4) *Drenge over 12 Aar og Deres Nafne* 5) *Piger over 12 Aar og Deres Nafne* 6) *Andre Hos sig Havende Folk og Deres Nafne* 7) *Huusmænd og Jnderster med Børn og Deres Nafne*.

Til slutt er dei ein rubrikk der spesielle merknadar knytta til den enkelte står som t.d. om dei er legdslemmar.²⁸ Den fyrste kategorien er jo grei nok da den inneheld namn på eit ektepar, ugift person, enkjemann eller enkje på eit gardsbruk. I eit døme er ekteparet som budde på ein husmannsplass plassert i denne kategorien, men det står da også at plassen låg under ein gard.²⁹ Den andre rubrikken inneheld namn på borna åt dei i den fyrste rubrikken. Den 3, 4 og 5 rubrikken er namn på tenarane på garden, høvesvis dei eldre mannlege tenarane, dei yngre mannlege tenarane og til slutt dei kvinnlege tenarane. Den sjette rubrikken er kanskje den vanskelegaste kategorien da den inneheld ymse folk, men i dei aller fleste døma er dette folk som har vori ein del av hushaldet.

Den siste kategorien 7 er heller ikkje like fram å tolke. Det er ein samlekategori for husmenn og innerstar, og kun i nokon få døme er det nemnt spesielt om dei var innerstar. Som ein ville vente fins det feil og manglar ved ES. Eg har i alt funni fire personar som truleg er dobbeltført³⁰ og i alt ni som truleg er utelatt da dei er ført i NB forut og rett etter ES, men ikkje i han.³¹ Eit

²⁸ ES. Futerekneskapa Østerdalen. RA.

²⁹ Plassen er Svea under Hemersætre. ES. Futerekneskapa Østerdalen. RA.

³⁰ Dette er: ekteparet Lars Larsson (o. 1722-66) og Berte Persdotter (o. 1717-1807) samt enkja Tore Hallvordsdotter (o. 1666-1766) som er plassert som husmenn og innerstar under Krestensstua-Løkja og i den same gruppa under Nørdre-Hoom. Truleg var det på plassen Nørdre-Svea under Nørdre-Hoom dei i røynda budde. Den fjerde personen er Maren Ottarsdotter (o. 1694-1771) som truleg er dobbeltført under husmannsplassen Volla.

³¹ Desse er: Berte Guttormsdotter (o. 1686-1763), truleg busatt på Nørdre-Hoom, Gunner Andersson (o. 1736-93), truleg busatt på ein husmannsplass under Øgarn-Kvasstad, Ola Bjørnsson (o. 1738-82), truleg busatt på Nordgarn-Oppsal, Ragnill Persdotter (o. 1710-84), truleg busatt på Langenga, Sten Persson (o. 1736-1804), truleg busatt i Prestgarn, Marte Olsdotter, f. o. 1715, truleg busatt på Østre-Finnstad, Per Olsson (o. 1716-69) og Eli Olsdotter,

døme på ei som er utegløynd er den gamle føderådsenkja Berte Guttormsdotter³² som budde på lensmannsgarden Nørdre-Hoom. Ein ville her forvente å finne ho i kategori 6 (andre hos seg havande), men her fins ho ikkje. Det er i dette tilfelle all grunn til å tru at ho må ha budd her, noko anna ville vera svært urimeleg. Berte vart fyrst gravlagt den 2. februar i 1763.³³ Eg vil kome nærmare inn på problema som er knytta til kategori 6 og 7 i kapittel 1.7.2. Frå og med november 1762 førte ein av- og tilgangslister.³⁴ Her vart alle endringar, som fylte 12 år, dødsfall, flytting og fattigdom, registrert. Slik kunne ein heile tida halde teljingga riktig utan å føre eit ny teljing for kvart år.

Listene er ført månadsvis utan dato for flytting, bortsett frå dei to siste månadene i 1762 som er ført saman. Dette er den einaste kjelda som på landsbasis syner kor og når folk flytta på 1700-talet.³⁵ For Elverum er dette truleg den beste kjelda til flytting som fins. Eg har også her stort sett rekna med dei som er nemnt å vera i teneste som tenarar, men eg har gjort nokon unntak der eg meiner å ha grunn til det ut i frå andre opplysningar eg har om personane. Listene er også ført av presten Jens Grüner³⁶. Også i desse listene fins det manglar og feil, og eg vil i kapittel 4.3.4 kome nærmare inn på dette.

1.4.3. Nattverdsbøker

Nattverdsbøker var ifølgje Kyrkjeritualet av 1685 bøker som klokkaren skulle føre over dei som tenkte seg åt nattverd. Forordninga vart gjenteki i eit brev datert 31. desember 1731 frå biskop Peder Hersleb i Kristiania. Ved kongeleg resolusjon av 7. januar 1741 vart det vedteki at den som ville gå til alters, skulle melde seg hos klokkaren tre-fire dagar før nattverd.³⁷ Målet med kommunikantbøkene var fleire.³⁸ For det fyrste måtte presten veta kor mange

f. o. 1736, begge truleg busatt på Rostad samt Berte Nilsdotter (o. 1707-86), truleg busatt på Jordet-Kynnberget.

³² Berte Guttormsdotter (o. 1686-1763). Truleg busatt på Nørdre-Hoom.

³³ Ho var nemnt å vera busatt på Hoom ved dette leitet. Elvk03, s. 185. BD87u.

³⁴ ATL. Futerekneskapa Østerdalen. RA.

³⁵ Sjå også Sogner (1979), s. 92.

³⁶ Jens Petersson Grüner (1724-79). Sokneprest og busatt i Prestgarn i KFT.

³⁷ Juhasz i *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift* (1981), s. 114f.

³⁸ Sjå også Juhasz i *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift* (1981), s. 115.

som kom til nattverden slik at det fans nok brød og vin i kyrkja og at han eventuelt kunne vera klar for ein samtale med dei han ynskja. For det andre var det ein persons siste nattverd som danna grunnlaget for utskrivinga av flytteattest. Og for det tredje var det, ettersom det var påbodi å gå til nattverd minst ein gong i året³⁹, også viktig for presten å kunne sjå hokken som fulgte påbodet. To døme frå Elverum på to som holdt seg litt for lenge unna nattverden og måtte stå offentleg skrifte er Ola Trondsson Østre-Sætre⁴⁰ og Jo Embretsson Grindalen⁴¹. Det heiter i kyrkjeboka under 16. januar 1752 følgjande:

*gift Mand Ole Tronsen østre sættre for sin skiødesløshed i sin salighedens og i det han har for sømet sin alter gang. s. ditto Jon Embretsen grindalen gift mand som og er befundet at vere skyldig i sin forselse paa same maade.*⁴²

Noko vanleg forsøming kan det ikkje vera tale om da dei var dei einaste av i alt 48 personar som sto offentleg skrifte i perioden 1751-56⁴³. Gjerda blant folk viser heller at det var vanleg å gå to gonger i året, vår og haust.⁴⁴ Altergangen i i denne tida var prega av det ein kan kalle massealtergang.⁴⁵ Sjølv om klokkaren skulle føre kommunikantlista⁴⁶ er ho, ut i frå handskrifter, truleg ført av prestane Morten Leigh⁴⁷ og hans etterfølgjar og verson Jens Grüner. NB er ført kronologisk med gifte, einslege menn, einslege kvinner og militære kvar for seg.

Truleg var det med Leighs inntreden i kallet i desember 1729 at det vart byrja med nattverdslister for Elverum.⁴⁸ Trysil som har kyrkjebok frå 1730 og framover, har som før nemnt ikkje eigne nattverdslister, men kun oversikt over talet på nattverdsgjestar i kyrkjeboka. Stoa og Sandberg hevdar at prestane hadde ein tendens til å føre dåpen på lappar for deretter å føre dei inn i

³⁹ NL 2-5-26. Norske Lov (1982).

⁴⁰ Ola Trondsson (o. 1696-1772). *Andre hos seg havande* på Jonsætre i KFT.

⁴¹ Jo Embretsson (o. 1698-1780). Husmann eller innerst under Grindalen i KFT.

⁴² Elvk02, s.149. SaH.

⁴³ Elvk02, s.149-155. SaH.

⁴⁴ Sjå også Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 225-240.

⁴⁵ Knutzen i *Heimen* (1995), s. 231. Note 2, ref. Gulbrandsen (1948), s. 99.

⁴⁶ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

⁴⁷ Morten Mikalsson Leigh (1692-1760). Finne-Grønn (1921), s. 109.

⁴⁸ Det er nemnt at det fans ei kyrkjebok som var ført av klokkaren frå 1719 da Leigh kom åt kallet ved juletider i 1729, men det er ikkje kjent om det her var ført eigne nattverdslister. Finne-Grønn (1921), s. 98.

kyrkjeboka.⁴⁹ Det blir da også nemnt i brevet frå biskop Hersleb i 1731 at ein skulle notere ned på lappar dei som meldte seg til nattverd utanfor kyrkja.⁵⁰ Ein skulle tru at viss dette har vori allmenn praksis i kommunikantlistene, ville ein vente at datoane av og til er stokka om kvarandre og altså ikkje ført kronologisk. Men det viser seg at det sjeldan er tilfelle og det tyder derfor på at Leigh og Grüner stort sett har hatt med seg bøkene i kyrkja og ført namna på nattverdsgjestane rett inn. Nattverdsbøkene var da heller ikkje noko hindring for dette da dei nærmast er på storleik med ei lommebok.

Det at talet på nattverdsgjester kunne vera godt over 100 styrkjer jo også ein slik tanke. Alt i alt er mitt inntrykk at nattverdsboka synast å vera tilnærma fullkomen, og at drukkenskapen åt Leighs verson, Jens Grüner,⁵¹ ikkje synast å ha gått utover denne kjelda.

1.4.4. Kyrkjebøker

Ved ei forordning i 1687 vart det påbodi å føre kyrkjebøker her i landet. Denne føresegna synast aldri å ha fått særleg gjennomslag. Det er fyrst utover på 1700-talet vi må rekne med at gjerda med å føre kyrkjebøker har vorti utbreidd i heile landet.⁵² For Elverum sin del veit vi at det frå 1719 har vori ført ei kyrkjebok av klokkaren, men den har komi bort før 1857.⁵³ Takket vera arkivskrivar W. Lassen som var i Elverum i 1857 veit vi at Morten Leigh⁵⁴ byrja å føre kyrkjebok da han kom til kallet i 1729⁵⁵. Det vil i røynda seie frå 1730. Samtidig byrja han å føre ei eige kyrkjebok for Trysil som da var anneks under Elverum. Den fyrste kyrkjeboka omfatta perioden 1729-39 og den andre perioden 1740-50.

Dessverre har begge desse bøkene komi bort etter 1857, slik at den eldste i dag byrjar i 1751. Ut frå handskrifter tyder det på at Morten Leigh slutta å føre i

⁴⁹ Stoa og Sandberg (1992), s. 45.

⁵⁰ Juhasz i *Norsk Slegtshistorisk Tidsskrift* (1981), s. 114f.

⁵¹ Finne-Grønn (1921), s. 112.

⁵² Stoa og Sandberg (1992), s. 44.

⁵³ Finne-Grønn (1921), s. 98.

⁵⁴ Morten Mikalsson Leigh (1692-1760). Finne-Grønn (1921), s. 109f.

⁵⁵ Avskrift ved W. Lassen av nå bortkomi kyrkjebok 1729-39. SaH.

kyrkjeboka, og ga pennen over åt versonen, Jens Grüner, i 1759.⁵⁶ Grüner var i kallet fram til 1779. Etter desse to var det totalt ni prestar fram til og med 1853. Noko særleg utover dette har eg ikkje brukt kyrkjebøkene. I ein del døme der eg ikkje har klart å finne folk som gravlagt er det grunn til å tru at dei av ein eller annan grunn er utelatt i kyrkjeboka. Eit døme er perioden 26. desember 1779-16. april 1780 der det ikkje fins kvinner innført som gravlagt. Her veit eg at Borill Olsdotter Graverbakken⁵⁷ skulle ha vori innført da ho i følgje eit skifte i 1780 er nemnt å vera daud i desember 1779.⁵⁸ Dette syner jo at utegløymisler fins og at kyrkjebøkene langt frå er fullkomne.

1.4.5. Lover og forordningar

Lovverket på denne tida var i det store og heile Christian Vs norske lov av 1687 samt ei forordning av 9. august 1754 (FOR) som innskjerpa loven på ein del punkter.⁵⁹ Tenestetvangen fans allereie i Norske lov⁶⁰, men den vart innskjerpa ved forordninga av 1754. Det heiter her:

*Alle af Bonde= Standen, Mands= og Qvindes= Personer, som ey bruger Gaarde eller Huusmands Plads, eller som ikke ere saa svage, at ingen dem desformedelst udi Tieneste vil antage, eller og, som ey her efter udi denne Vores Allernaadigste Forordning ere exciperede, skal vere forbunden, at feste sig i aarlig Tieneste, enten hos de Gaard= Brugende, ved Berg= Verkerne, Saugbrugerne eller andre.*⁶¹

Tillegget og innskjerpinga i høve til Norske lov var at ein bonde ikkje skulle ha fleire born over 18 år enn han hadde bruk for. Ein husmann fekk ikkje ha fleire enn ein gut og ei jente over 16 år, viss han da ikkje kunne vise at han hadde trong for fleire.⁶² Bruken av ordet *Misbrug* viser tydeleg at det var sett på som eit problem at unge mennesker ikkje tok teneste, og at dei i staden ofte gjekk for

⁵⁶ Skifte i skrift er tydeleg i 1759. Elvk03 1757-1776. SaH.

⁵⁷ Borill Olsdotter (o. 1738-79). Husmannskone på (Graverbakken?) i KFT.

⁵⁸ Skifte på husmannsplassen Tuven under Nørdre-Hoom den 14.04.1780 etter avdøde Borill Olsdotter. ØS skifteprotokoll 3 1776-81, s. 446a-446b. SaH.

⁵⁹ Allereie tukthusforordninga av 1741 hadde hatt tenestetvang og eit års tenestetid som minste tid. Seip (1984), s. 37.

⁶⁰ NL 3-21-5. Norske Lov (1982).

⁶¹ FOR. Kapittel 1.

⁶² FOR. Kapittel 3.

dagløn. Forordninga bør derfor sjåast på bakgrunn av dei klagene som utover på 1700-talet bredde seg som følgje av mangelen på tenestefolk.⁶³ Nytt i forordninga var også påbodet om sedvanleg tenesteløn:

*Eenhver Tiener, skal tiene for den Løn, som udi Amtet eller Bøygden har været sædvanligt...*⁶⁴

Sjølv om det her ikkje står noko om kor stor løna skulle vera, er det tydeleg at det fans ei sedvanleg løn, og at styresmakta ynskja å kome bøndene og næringa i møte.⁶⁵ Også påbodet om at festepengar kun skulle gjes ein gong bør sjåast på bakgrunn av dette:

*...og, saafremt nogen skulde forblive fleere, end et Aar udi samme Tieneste, maa dog derfor ey paa nye eller oftere, end ved første Indtrædelse udi Tienesten, fordres Fæstepenge...*⁶⁶

Minste tillatte tenestetid på eit år vart gjenteki frå tukthusforordninga av 2. desember 1741,⁶⁷ da ho vart heva frå eit halvt til eit heilt år.⁶⁸ Også dette bør sjåast i ljøs av makthavaranes ynskje om å kome bøndene og næringa i møte. Flyttinga skulle også skje på dei såkalla faredagane som var 14 april (sommardagen) og 14 oktober (vinterdagen). Forordninga seier ikkje noko direkte om når det skulle flyttes, men ho refererer åt flyttetida som var nedfelt i Norske lov. Oppseiingstida vart forlenga frå to til tre månader.⁶⁹ Lovar og forordningar er normative kjelder og dei kan derfor sjåast like mykje som eit ynskje som ein røyndom. Like fullt er det klart at lovene ga bøndene eit sterkt våpen og mange tenarar vart dømde t.d. for ikkje å ha teki seg teneste eller å ha gått frå tenesta si i utide.

⁶³ Dyrvik (1978, 1992), s. 133f og Tranberg, s. 238.

⁶⁴ FOR. Kapittel 10.

⁶⁵ Sjå også Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 470.

⁶⁶ FOR. Kapittel 9. Sjå også Østberg (1918), s. 34.

⁶⁷ Seip (1984), s. 37.

⁶⁸ NL 3-21-4. Norske Lov (1982) og FOR. Kapittel 9.

⁶⁹ NL 3-21-9. Norske Lov (1982) og FOR. Kapittel 12.

1.4.6. Andre kjelder

Skifteprotokollane ser ut til å skrive seg frå 1650-åra.⁷⁰ Det var kun når umyndige arvingar eller arvingar som ikkje var tilstade og ikkje var representert det var påbudt å halde offentleg skifte.⁷¹ I denne oppgåva har eg, som før nemnt, gått gjennom alle skifte i Elverum i perioden 1740-81. Dei står fram til og med 1772 i skifteprotokollane for Solør og Østerdalen sorenskriveri og frå da av og til og med 1775 står dei i skifteprotokollane for Østerdalen sorenskriveri. Sjølv om eg også i denne kjelda kjenner manglar, er det grunn til å tru at dei fleste offentlege skifta er innført.⁷² Protokollane er ført av sorenskrivarane Hans Winsnes⁷³ fram til 1742 og frå da av og til 1772 av Andreas Aagaard⁷⁴.

Frå 1772 til 1780 er dei ført av Johan Christian Schultz.⁷⁵ Bygdebøkene har vori viktige for identifisering av tenarane. Dei bygdebøkene eg har brukt er Finne-Grønns gards- og slektshistorie⁷⁶ samt dei sju binda som Elverum kommune har utgjevi i perioden 1982-2002⁷⁷. For Søre-Osen har eg brukt Trysilboka bind 3, Søre-Osen gards- og slektshistorie samt Garder og slekter i Søre Osen.⁷⁸ Eg har også brukt mitt eige uprenta manus til gards- og slektshistorie for Elverum. I tillegg til desse bøkene har eg og brukt ei rekkje bøker for grannesokn⁷⁹. Kvaliteten på desse bøkene er skiftande når det gjeld personalhistoriske opplysningar så vel som historiske høve.

⁷⁰ I ein herredagsresolusjon datert 2. januar 1629 blir det fastslått at inga enkjemann eller enkje med born i live kunne gifte seg før det var holdt skifte, i nærvær av sorenskriveren. Winge i *Skiftene som kilde* (1996), s. 7.

⁷¹ Winge i *Skiftene som kilde* (1996), s. 14.

⁷² Eit døme på eit skifte som ikkje fins innført i skifteprotokollen er eit skifte frå Syndre-Nøtåsen den 13. april 1722 etter avdøde Knut Knutsson. Det er i dag i eige på Syndre-Nøtåsen hos Knut Husa.

⁷³ Hans Winsnes (1684-1742). Sorenskrivar i Solør og Østerdalen sorenskriverembete i perioden 1716-42. Finne-Grønn (1921), s. 398.

⁷⁴ Andreas Aagaard (1699-1782). Sorenskrivar i Solør og Østerdalen sorenskriverembete i perioden 1742-72. I denne perioden fungerte også sonen Christian August Aagaard (1748-1804) som fullmektig og av og til som konstituert sorenskrivar i farens stad. Finne-Grønn (1921), s. 398f.

⁷⁵ Johan Christian Schultz (1725-95). Sorenskrivar over Østerdalen sorenskriverembete i perioden 1772-95. Finne-Grønn (1921), s. 399f.

⁷⁶ Sjå litteratur.

⁷⁷ Sjå litteratur.

⁷⁸ Sjå litteratur.

⁷⁹ Sjå litteratur.

Sett under eit gjer dei derimot ein nokså bra personalhistorisk og gardshistorisk oversikt. Skoskatten eller folkelønsskatten var ein ekstraskatt som vart skrivi ut etter ei forordning av 21. februar 1711. Skatten vart skrivi ut avdi kongen trengte meir pengar til si krigføring i Den store nordiske krig. Tenarane skulle her svare ein sjettedel av årsløna. Både Kvalvåg og Ødegaard reknar desse skattelistene for å vera nokså pålitelege.⁸⁰ Av andre kjelder eg har brukt er det såkalla bidragsmanntalet.⁸¹ Dette er ein oversikt over dei som ga pengar eller varer åt bygging av ny kyrkje i Elverum, som vart innvigsla i 1738. Det var sokneprest Morten Leigh som fekk i gang denne innsamlinga i 1734, og innsamlingslistene er ført for perioden 1734-38 av honom sjølv. Heile Elverum vart delt inn i 9 roder med ein rodeførar for kva rode. Listene er av ymse kvalitet og dei beste delane av bygda som t.d. Synnerskogbygda har daterte lister med namn på heile hushaldet, mens t.d. Leiret har særleg mangelfulle lister der fleire hushald vantar.⁸²

Det er derfor klart at ikkje alle innbyggjarane i denne perioden har komi med. Eittersom desse listene ikkje er fullkomne, teki opp over ein 4-års periode, samt at dei fleste av dei er udaterte kan dei ikkje reknas som noko folketeljingslister i eigenleg forstand. Men ved å halde desse listene saman med dei eldste nattverdslistene som byrjar i 1732 er det derimot mogleg å få ein rimeleg bra oversikt over folketalet i Elverum på denne tida. Tingboka er også brukt litt i denne oppgåva⁸³. Av mangel på tid har eg her kun gjort dykk ned i nokon bøker for å sjå kva eg kunne finne.

1.5. Metodar

Forutan dei kvantitative metodane der det er ein del gjennomsnitts utrekningar, er det fire kvalitative metodar som er brukt i denne oppgåva. Den fyrste er ***hushaldsrekonstitusjonsmetoden***. Det metodiske utgangspunktet for denne metoden er familierekonstitusjonsmetoden. Det er den franske demografen Louis Henry, med arbeid frå perioden 1953-70, som reknas som den som fyrst

⁸⁰ Kvalvåg (1974), s. 38 og Ødegaard (1975), s. 27.

⁸¹ BM 1734-38. Elverum prestearkiv. SaH.

⁸² Dei opphavelige rodebøkene fins ikkje lenger, men avskrifta, som truleg er gjort av Morten Leigh, fins i BM 1734-38. Elverum prestearkiv. SaH.

⁸³ Sjå litteratur.

byrja med denne metoden.⁸⁴ Den går ut på å samle dei spredte og enkeltstående opplysningane om ein familie saman for seg.⁸⁵ Skilnaden mellom denne metoden og min metode er at eg freistar å finne fram til hokken som budde i eit hushald ved eit visst leite. Meir om metoden og den konstruerte folketeljinga fins i kapittel 1.7. Den andre metoden er det eg har kalt **identifiseringsmetoden** som rett og slett går ut på å identifisere personar i kjeldematerialet. Med andre ord å halde ulike personar frå einannan i kjeldene. Det største og mest omfattande identifiseringsarbeidet har vori dei 276 tenarane som er nemnt i ES. Men det viste seg snart at for å kunne klare å identifisere flest moglege av tenarane, var det naudsynt å identifisere alle dei andre snaue 2000 personane som var busatt i Elverum i oktober 1762, i følgje KFT. Til dette arbeidet har eg brukt ei lange rekkje kjelder som ES, ATL, NB, kyrkjebøker fyrst og fremst for Elverum, men også Åmot, bygdebøker, fyrst og fremst for Elverum, men også Åmot og Trysil, eigen gards- og slektshistorie⁸⁶.

I tillegg er dei eldre kommunikantlistene frå 1732⁸⁷ og bidragsmanntalet for perioden 1734-38⁸⁸. Også ein militærrull frå 1765 er brukt⁸⁹. Forutan desse kjeldene er samtlige skifte i perioden 1740-81⁹⁰ med personalopplysningar lenkja opp mot ES (kjeldene er nærmare omtalt i kapittel 1.4.). Ved eliminering, lenkjingsmetoden (sjå neste metode) og samanlikning har eg klart å identifisere 64 % av tenarane frå vogge åt grav.⁹¹ Der eg har vori i tvil, har eg ikkje gjort noko identifisering. Ei generell vanske med personidentifisering i denne perioden er namneskikken. Det som kjenneteikner perioden er at det var relativt få fornamn i bruk, og dermed mange namneberarar av kvart enkelt namn.

Eit døme på særleg vanlege namn i Elverum på denne tida er: Ola, Nils, Anders, Hans, Per, Jo, Anne, Berte, Marte, Mari og Kari. Det seier seg derfor sjølv at tenarar med slike namn og der slike namn inngår i farsnamnet, har vori vanskelege å identifisere. Tre døme på identifiseringsmetoden, men med ulike

⁸⁴ Dyrvik (1983), s. 93f.

⁸⁵ Sjå også Dyrvik (1983), s. 93.

⁸⁶ Sjå utrykte kjelder og litteratur.

⁸⁷ Elverum kommunikantbok 1 1732-36, kommunikantbok 2 1737-40 samt kommunikantbok 3 1741-44. SaH.

⁸⁸ BM 1734-38. SaH.

⁸⁹ Ungt mannskaps rulle 1765. Elverumske skiløparkompani. KGI C503. RA.

⁹⁰ Sjå utrykte kjelder.

innfallsvinkler: Den fyrste er tenestedrengen Gudmund Ottarsson som var i teneste på Torestu-Ykset.⁹² Namnekombinasjonen viste seg å vera unik da det ikkje fans nokon andre korkje i skifteprotokollane, i NB eller i kyrkjeboka. Det viste seg at det fans eit skifte etter far hans, Ottar Knutsson⁹³, den 6. april 1767 på rydningsplassen Fjellsvea i Synnerskogbygda.⁹⁴ Her var Gudmund nemnt å vera 20 år og heimeverande. Ved nærmare augesyn viste det seg at gardkjerringa på Torestu, Anne Knutsdotter⁹⁵, var Gudmunds faster. I dette dømet er det vel liten grunn til å tvile på at eg har identifisert Gudmund mykje takket vera ein unik namnekombinasjon. Det andre dømet der namnekombinasjonen heller ikkje var av dei vanlegaste, men der innfallsvinkelen var ein heilt anna, var enkja Kerste Håkkåsdotter som er nemnt å vera innerst på Arnstu-Ykset.⁹⁶

Ho flytta åt Nørdre-Grunnset i mai 1763,⁹⁷ men i oktober same år flytta ho tilbake åt Arnstu.⁹⁸ Det går fram av nattverdslistene at Kerste hadde hatt tilhald på Grunnset frå 1758 til 1761 da ho var å finne på Ykset.⁹⁹ Både i ATL og NB er det nemnt at ho var enkje, og det nærliggjande spørsmålet da var hokken ho var enkje etter. Det viste seg at ei innføring i nattverdsboka den 18. oktober 1761 skulle vera nykelen til hokken Kerste var. Men ikkje bare det, det synte seg snart at ein hittil ukjent tenar på grannegarden Torestu ved namn Nils Nilsson¹⁰⁰ skulle tre fram frå det historiske mørket. I innføringa sto det nemleg:

Enken b: Kirsti Bjørnstad A:Øxet

Ei rimeleg tolkning av denne innføringa er: enkja Kerste Bjørnstad (i Åmot) som nu hadde tilhald på Ykset. Etter eit raskt søk i databasen for Åmot kyrkjebok (BD87) fekk eg blink med ein gong. Den 23 oktober 1740 gifta Kerste

⁹¹ Som det framgår av kapittel 2.6. har eg funni det geografiske opphavet på 76 % av tenarane og i følgje kapittel 3.4. det sosiale opphavet på 74 % og i følgje kapittel 3.5. den sosiale mobiliteten på 64 %, altså det ein kan seie er identifisering frå vogge åt grav.

⁹² Gudmund Ottarsson (o. 1747-1818). Tenar nr. 136 i KFT.

⁹³ Ottar Knutsson (o. 1720-56). Myrheim, uprenta manus, s. 592.

⁹⁴ ØS skifteprotokoll 1 1772-73, s. 31a-34a.

⁹⁵ Anne Knutsdotter (o. 1728-1816). Busatt på Torestu-Ykset i KFT.

⁹⁶ Kerste Håkkåsdotter, f. o. 1709. Busatt på Arnstu-Ykset i KFT.

⁹⁷ ATL. Mai lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁹⁸ ATL. Oktober lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁹⁹ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

¹⁰⁰ Nils Nilsson, f. o. 1738. Tenar nr. 117 i KFT.

Håkkåsdotter Bjørnstad seg med underkonstabel Nils Hallvordsson i Åmot kyrkje.¹⁰¹ Det viste seg at dei hadde to søner: Hans døpt i 1740¹⁰² og Nils i 1742¹⁰³. Inga av dei var korkje konfirmert eller gravlagt i Åmot. Mannen Nils må ha døydd ein gong mellom dette året og fyrste gong Kerste er nemnt til nattverd i Elverum i 1758. Eg kan ikkje finne noko spor etter han korkje i skifta for Elverum i perioden 1740-81, dei eldre nattverdslistene frå 1732 eller kyrkjebøkene for Åmot og Elverum. Tanken om at sønene derfor hadde vorti med mora åt Elverum var nærliggjande. Det viste seg fort at nokon Hans ikkje fans i ES. Derimot fans det to tenarar ved namn Nils Nilsson. Den fyrste var i teneste på Nørdre-Grunnset¹⁰⁴ og den andre på Arnstu-Ykset¹⁰⁵. Ved fyrste augekast kunne begge vera aktuelle kandidatar ettersom den teoretiske mora jo hadde flytta mellom desse gardane. Men eg hadde utfrå lenkjingsmetoden (sjå under) komi fram til at han på Grunnset måtte vera identisk med han som vart konfirmert i 1759¹⁰⁶ med Hofslykkja som tredje namn.

På bakgrunn av det var det mest sannsynleg at han var son til ein av dei systrene Berte og Kari Krestensdøtre¹⁰⁷ frå Hofslykkja. Dermed fall mistanken på Nils i Arnstu. Ved nærmare etterrøking viste det seg at Nils gifta seg i 1767¹⁰⁸ med Dorte Larsdotter¹⁰⁹ og dei fekk to søner ved namn Håkkå, same år¹¹⁰ og året etter i 1768¹¹¹. Det var her nærliggjande å tenkje på namneoppkalling etter Nils sin morfar. Om eg ikkje kan seiast å ha prova at tenestedrengen i Arnstu var identisk med Kerstes son, Nils som var til dåpen i Åmot kyrkje nitten år tidlegare, må det trygt kunne seiast at det er sterke indisium for at han er det. Som ikkje dette er nok er det eit anna indisium som også peikar i same lei.

¹⁰¹ Åmotk01, s. 303. BD87u.

¹⁰² Åmotk 2, s. 36. SaH. I dette tilfelle er original kyrkjebok brukt da denne dåpen er utegløynd i BD87u.

¹⁰³ Åmotk01, s. 2. BD87u.

¹⁰⁴ Nils Nilsson, f. o. 1738. Tenar nr. 117 i KFT.

¹⁰⁵ Nils Nilsson (1742-84). Tenar nr. 135 i KFT.

¹⁰⁶ Elvk02, s. 163. BD87u.

¹⁰⁷ Berte Krestensdotter (o. 1700-90). Busatt på Hofslykkja i KFT.

¹⁰⁸ Elvk02, s. 18. BD87u.

¹⁰⁹ Dorte Larsdotter (o. 1731-1812). Tenar nr. 137 i KFT. Ho var som Nils i teneste på Arnstu-Ykset i KFT.

¹¹⁰ Faren er nemnt å vera Nils Nilsson Lindberget. Elvk03, s. 63. BD87u.

¹¹¹ Faren er nemnt å vera Nils Nilsson Lindberget. Elvk03, s. 66. BD87u.

Den før nemnte namnebroren Nils på Nørdre-Grunnset er i ein militærrull frå 1765 oppført å vera busatt der.¹¹² Det er derimot inga spor i denne rullen etter min Nils. Svaret er truleg å finna i ATL der han i januar 1763 er oppført å ha flytta åt Åmot sokn.¹¹³ Dermed var truleg min Nils i Åmot i 1765 da militærrullen vart nedskrivi.¹¹⁴ Det tredje dømet er tenestejenta Anne Olsdotter¹¹⁵ som i ES var i teneste på Bruk 2 Nordgarn Jømne.¹¹⁶ I motsetnad til dei to førre døma var dette eit av dei vanlegaste namna på denne tida, og i utgangspunktet var det svært vanskeleg å seie hokken ho var. Sporet skulle imidlertid vise seg å vera listene over giftarmåla i kyrkjeboka. Den 13. november 1766 er nemleg husbonden Tølløv Amundsson Jømne¹¹⁷ nemnt å vera gift med Anne Olsdotter Kvernmoen.¹¹⁸ Denne Anne var ei dotter av Ola Olsson¹¹⁹ og Rønnu Larsdotter¹²⁰ som var brukarar av garden/husmannsplassen Vestre-Kvernmoen.¹²¹

Ved eit nærmare ettersyn i NL fans det her ei Anne Olsdotter ført med Kvernmoen som tredje namn i perioden mai 1758 og åt november 1762.¹²² Derimot fans det ikkje noko spor av ho på Kvernmoen i ES. Spørsmålet var dermed kor ho var i ES. Ettersom eg hadde kartlagt dei fleste med denne namnekombinasjonen, var det mest nærliggjande å tru at Anne var i teneste hos sin framtidige ektemann på Jømne. Sjølv sagt er ikkje dette noko prov på at Anne Olsdotter frå Kvernmoen er identisk med namnesystema som var i teneste på Jømne i ES, men det må seiast å vera sterke indisium for at ho var det.

Den tredje metoden er det eg har kalt for **lenkjingsmetoden**. Den er nærmare omhandla i kapittel 4.3.2 da den er spesielt knytta til tenaranes geografiske mobilitet. Den fjerde metoden er den **retrospektiv metode**. Den føresett at kulturelle drag ved eit samfunn kan halde seg over lengre tid, og

¹¹² Ungt mannskaps rulle 1765. Elverumske skiløparkompani. KGI C503. RA.

¹¹³ ATL. Januar lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

¹¹⁴ Ungt mannskaps rulle 1765. Elverumske skiløparkompani. KGI C503. RA.

¹¹⁵ Anne Olsdotter (o. 1734-1802). Tenar nr. 47 i KFT.

¹¹⁶ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

¹¹⁷ Tølløv Amundsson (o. 1743-91). Husbonde på Bruk 2 Nordgarn-Jømne i KFT.

¹¹⁸ Han er nemnt med Jømne og ho med Kvernmoen som tredje namn ved deiras vigsel. Elvk03, s. 18. BD87u.

¹¹⁹ Ola Olsson (o. 1702-64). Andre hos seg havande på Vestre-Kvernmoen i KFT.

¹²⁰ Rønnu Larsdotter (o. 1700-64). Andre hos seg havande på Vestre-Kvernmoen i KFT.

¹²¹ Lintoft (1990), s. 179f.

¹²² Følgjande nattverdsgangar fins: 07.05.1758, 05.11.1758, 13.05.1759, 18.11.1759, 15.05.1760, 16.11.1760, 26.04.1761, 01.11.1761 samt 21.11.1762, alle på Kvernmoen. Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62.

tanken er da at kulturelle trekk i eit århundre kan tilbakeføres til tidlegare tider. Denne metoden er brukt i kapittel 5 der eg har brukt nyare etnologisk materiale frå omlag 1900 til å seie noko om moglege årsaker til den geografiske mobiliteten. Faren med ein slik metode er sjølvstapt at ein tilbakefører trekk ved samfunnet som ikkje fans, men brukt med atterhald og kritisk sans er den etter mi meining ein farbar veg.

1.6. Elverum sokn

Elverum hovudsokn som er det geografiske området for denne oppgåvas emne (sjå kart 1) utgjorde ein del av Glåmdalen som var og forsatt er landets lengste dalføre. Flatearealet var på omlag 1480 km². Glåma som var landets lengste og største elv (600,9 km) rann frå nord mot sør i dette dalføret. Glåmadalføret var ikkje det einaste dalføret i Elverum. Omtrent jamnt med ho rann i den nordaustlege delen Julussa. Ho rann nordover og ut i Rena. Lenger aust rann Ulvåa som lenger sør gjekk ut i Flisa, som igjen gjekk ut i Glåma nede i Solør.

Glåma fekk tilsig av fleire større og mindre åer som rann frå aust eller vest. Den største av desse var Jømna som kom ut i Glåma rett sør for Heradsbygda. Av større sjøar var Osen, heilt i aust mot Trysil anneks, den største. Området her var prega av større myrkjølar, nokon mindre sjøar og tjern her og der. Trass i at Elverum låg i Glåmdalføret, var det låge skogsåsar og kjølar som i størst grad satte sitt preg på landskapet. Det var med andre ord eit landskap prega av rolege linjer og sjumilsskogar. Det lågaste punktet var i Heradsbygda på omlag 170 m. o. h. og det høgaste punktet var Munksjøberget, på grensa mot Trysil, med sine 826 m. o. h.

Jamnt over kan ein seie at landskapet steig nordaustover. Klimatisk hadde området strenge vintre og varme sommarar. Nettopp i denne perioden midt på 1700-talet nådde den lille istida eit høgdepunkt, noko som ga seg utslag i ekstremt vær, som t.d. frost og snøfall på sommaren. Frå eit jordbruksperspektiv må det meste av Elverum seiast å ha vori eit marginalområde samanlikna med Hedmarka i vest, der det fyrst og fremst var kombinasjonen av jordbruk, februk og tømmerhogst som utgjorde det økonomiske grunnlaget.

Økonomien var derfor ikkje så ein-sidedig som t.d. på Hedmarka der jordbruk med korndyrking var grunnlaget. Men samanlikna med Trysil i aust var Elverum

ei langt bedre jordbruksbygd med relativt årsikre avlingar. I Trysil var jordbruket svært marginalt da kornet her var svært utsatt for frost.¹²³ Februk og tømmerhogst utgjorde derfor relativt sett ein større del av økonomien enn i Elverum, og enda meir enn på Hedmarka. Elverum kan derfor seiast å innta ein mellomstilling i denne perioden viss ein ser soknet i eit slikt aust-vest perspektiv. Folketalet var i 1762 på omlag 2240 menneske (sjå kapittel 1.7). Frå gammalt var busetninga i Elverum konsentrert åt Heradsbygda i den sørlege delen av prestegjeldet og åt Hernes som var ei bygd som låg i ei sørvestvendt morene-li lenger aust i soknet langs den gamle ferdselsvegen mot Trysil. Gardsbusetninga i desse to bygdene går truleg tilbake til eldre jarnalder.

Aleine hadde desse to bygdene omlag halve folketalet i heile prestegjeldet.¹²⁴ For det meste var jorda i Heradsbygda lettdyrka sandavsetjingar. Dette saman med eit nokså gunstig klima gjorde at valdet egna seg godt for korndyrking. Ein ulempe var faren for flom ved det nære leget åt Glåma, eller Storelva som ho nok vart kalt til dagleg. Dette fekk man til fulle føle ved Storofsen i 1789. Også i Hernes var tilhøva for korndyrking svært gode med eit godt værlag og god morenejord. Strandbygda var namnet på området nord for Leiret på begge sider av Glåma.

Busetninga her var konsentrert til den tynne stripa med høveleg jord langs Glåma. Aust for Hernes låg Nordskogbygda og Synnerskogbygda (Sørskogbygda). Av praktiske omsyn har eg valt å kalle alt heilt aust til Osen samt området søraustover mot Våler prestegjeld for Skogbygdene (sjå kart 1). Busetninga var her konsentrert til Nordskogbygda og Synnerskogbygda der det fans morenelommer. I sørenden av Osen-sjøen låg Osen eller Søre-Osen som bygda har vori kalt for å skilje ho frå Nord-Osen, som på denne tida høyrde til Åmot.

Busetninga her var av den yngste i prestegjeldet, i og med at den ikkje gjekk lenger tilbake enn til 1680-åra da dei fyrste finnene slo seg ned her. Desse finnetorpa danna nordgrensa for finnebusetninga her i landet. Seinare ved midten av 1700-talet vart det teki opp ein rekkje rydningsplassar etter statleg tiltak i dette valdet. Frå gammalt har Glåma vori ei samferdselsåre vinterstid på det indre Austlandet. Glåma må da også seiast å ha vori ein forutsetning for

¹²³ Løberg (1986), s. 6.

opprettinga av Grunnsetmartn, truleg ein gong på 1600-talet,¹²⁵ sett med bakgrunn i datidas kommunikasjon med hest og slede. Opphaveleg blei marknaden holdt på isen utanfor Grunnset-gardane i byrjinga av mars månad. Midtvegs langs Glåmas austside i Elverum låg Grindalssundet der vegen frå Hedmarka kryssa Glåma på veg austover mot Trysil og Sverige. Her vart Hammarsberg skanse bygd i 1683¹²⁶ for å hindre svenske framstøyt over Glåma. Og i 1685 vart skansen døypt Kristiansfjell festning.¹²⁷ Under festningen voks det etterkvart opp eit militært læger og det er frå dette lægeret, Leiret, som den dag i dag brukas som namn på Elverum sentrum¹²⁸, fekk namnet sitt.

Festningen vart nedlagt i 1742,¹²⁹ men Leiret hadde komi for å bli. I denne tida vart også Grunnsetmartn flytta frå isen utanfor Grunnsetgardane og inn under festningen.¹³⁰ Foruten fast garnison fans her lausarbeidarar og ein del handverkarar samt ein landkremmar som hadde fått borgarbrev til Kristiania og løyve som landkremmar i 1753.¹³¹ Leiret var den delen av Elverum som avvek mest frå dei andre delane av bygda ved at busetninga her var tettare enn elles og ved at ho for det meste var samansett av husmannsplassar under Prestgarn og Garde.

¹²⁴ Ut i frå KFT hadde Heradsbygda omlag 32,2 % og Hernes omlag 18,3 % av folketalet.

¹²⁵ Tingbøkene for Solør og Østerdalen byrjar så tidlig som i 1633, men det er fyrst ved tinget den 3. februar 1657 på Østby i Tynset sokn at marknaden nemnes. Hadde marknaden vori særleg eldre ville ein tru at den hadde vori nemnt. Sak 59, s. 24b.

http://www.dokpro.uio.no/perl/historie/tingbok_visetekst.prl.

¹²⁶ Finne-Grønn (1921), s. 179.


¹²⁷ Finne-Grønn (1921), s. 182.

¹²⁸ Tettstaden på vestsida går under namnet Vestad.

¹²⁹ Finne-Grønn (1921), s. 191.

¹³⁰ Finne-Grønn (1921), s. 272.

¹³¹ Finne-Grønn (1921), s. 289.



Kart 1. Kart over Elverum hovudsokn i 1762. Referanse: Statens kartverk Hedmark avtalenr: LKS82004-HE2000/100.

1.7. Den konstruerte folketeljinga for 1. oktober 1762

1.7.1. Innleiing

Som allereie nemnt er dette truleg fyrste gong nokon legg fram ein freistnad på å konstruere ei folketeljing før 1801-teljinga for eit heilt prestegjeld. Som tidlegare nemnt ligg KFT til grunn for store delar av denne oppgåva. Det er, som tidlegare nemnt, fyrst og fremst for å få tak i hushaldsstrukturen i Elverum på denne tida, eg har gjort dette svært tidkrevande arbeidet. Grunnen til at eg ville ha tak i hushaldstrukturen er at eg ville sjå nærmare på nokon av dei moglege årsakene som låg bak tenesteflyttinga (sjå kapittel 5). I dette kapitlet skal eg gje ei innføring i kva eg har gjort for å rekonstituere dei hushalda som er nemnt i ES.

I praksis kan ein seie at eg har gjort eit forsøk på å sette opp ei folketeljing slik den kan tenkjast å ha sett ut den 1. oktober 1762. Datoen er valt av praktiske årsaker, og det er kanskje meir sannsynleg at ES vart teki opp over fleire dagar i byrjinga av oktober (sjå kapittel 1.4.2). Folketalet eg har komi fram til for denne datoen er 2238 mennesker. Talet må tas med atterhald da talet kan ha vori noko større eller noko mindre, men så langt frå røyndomen er det neppe. Heile KFT på 233 sider er lagt ved som eit vedlegg åt oppgåva (sjå vedlegg 1 på CD).¹³²

1.7.2. Hushaldsrekonstitusjonen

Som nemnt i kapittel 1.5 er det metodiske utgangspunktet for min hushaldsrekonstitusjon familierestitusjonsmetoden. Men mens den går ut på å samle opplysningane om ein familie saman for seg, går min ut på å finne fram til hokken som var busatt i eit gjevi hushald ved eit visst leite. Kjelda som ligg til grunn, er ES. Etersom denne manglar alle under 12 år, har problemet vori å finne ut hokken som var i live i 1762, og å sette dei inn i det hushaldet dei

hørde heime. Som nemnt tidlegare i kapittel 1.4.2 er denne nokså eintydig når det gjeld hokken som tilhøyrer dei ulike hushalda, bortsett frå dei to kategoriane 6) *andre hos sig havende* og 7) *husmenn og innerstar*. Sølvi Sogner hevder i si demografiske studie over Rendalen frå 1700-talet at gifte par naturleg danna eigne hushald og at einslege innerstar ikkje gjorde det. Ho meiner eit prov på dette er at det i ES for Rendalen i 1762 ikkje fins døme på gifte par andre enn foreldrepar i kategorien *andre hos seg havande*.¹³³ Men om dette ikkje er tilfelle i hennar materiale, er det i alt 15 døme i mitt materiale på gifte par i denne kategorien som tilsynelatande ikkje er skyld korkje bonden eller kona hans.

Elles synast det også i mitt materiale, som i Sogners¹³⁴, at denne gruppa er ihopsett av foreldre, born, sysken, andre skyldfolk, legdefolk og folk som av ein eller anna grunn budde i hushaldet. Sogners krav for hushaldsdanning er med andre ord om ein var gift eller ikkje.¹³⁵ Eg meiner dette blir for enkelt med bakgrunn i mitt materiale der eg, som før nemnt, har døme på så mange som 15 par som er ført i gruppa *andre hos seg havande*. Sjølv sagt kan nokon av desse vera ført i feil gruppe, men det er lite rimeleg å tru at dette gjeld alle 15.

Cecilie Lintoft¹³⁶ har i si hovudoppgåve om den økonomiske utviklinga i Hernes på 1700-talet også teki opp problemet med denne kategorien, og ho er ikkje så konsekvent som Sogner når det gjeld å plassere gifte par i eigne hushald. I dei aller fleste døma har eg ført dei som er nemnt i denne gruppa opp i hushaldet dei er nemnt under. Men i seks døme har eg gjort unntak avdi det frå andre kjelder går fram at dei anten utgjorde eigne innerst- eller bondehushald. I to av desse døma er det truleg at dei har vori innerstar og utgjort eit eige hushald.

Grunnen til det er at dei er ført med eigen tenar, noko eg meiner er rimeleg grunn til å tru at dei har utgjort eit eige hushald. I det eine dømet var det holtsførsteren Tarald Ross Bie som er nemnt i kategori 6 under Prestgarn. Han er her oppført med ein tenar og eg har valt å føre han, tenaren samt kapellanen som er nemnt etter dei i eit eige hushald, som eg har definert som eit

¹³² I denne versjonen er alle personnamn og fakta knytta til desse teki bort, bortsett frå dei 276 tenarane. Dette er fyrst og fremst gjort avdi eg har tenkt å publisere heile den konstruerte teljinga seinare for sal.

¹³³ Sogner (1979), s. 293f.

¹³⁴ Sogner (1979), s. 294.

¹³⁵ Sogner (1979), s. 293f.

¹³⁶ Lintoft (1997), s. 26.

innersthushald. I dei fire andre døma er det hushald som har utgjort eigne bondehushald.¹³⁷ Den andre av dei to noko problematiske kategoriane er gruppe 7 *Husmenn og innerstar*. Sjølve namnet på ho viser at ho er ei oppsamlingsgruppe for både husmenn og innerstar. I dei fleste døma er det ikkje uttrykkeleg sagt om dei enkelte er husmenn eller innerstar. Trass i dette har eg i fleire døme gjennom andre kjelder, som ATL og bygdebøker funni ut kva dei var. Men ettersom eg i mange døme ikkje kan seie dette sikkert, har eg valt å sjå denne kategorien samla slik kjelda også gjør.

I to døme er eit hushald plassert i denne gruppa som i røynda var brukar av eit gardsbruk.¹³⁸ Lintoft har i si hovudoppgåve tilsynelatande skilt mellom husmenn og innerstar utan at ho nærmare har redegjort for det.¹³⁹ Det er kun i eit av dei fire døma Lintoft hevder er innerstar, det uttrykkelig står at paret er innerstar. Hennar tal på 13 innersthushald for Hernes blir derfor etter mi meining for høge. Eit meir passande tal er fem innersthushald. Ettersom ho også reknar mange fleire einskild hushald får ho eit høgare hushaldstal enn det eg får.

Ho har 67 hushald i alt mot mine 57, men ho har kun 370 menneske¹⁴⁰ mot mine 411. I dei fleste døma har eg plassert enkelt individ i eit anna hushald. Det er kun i tre tilfelle eg har hushald med kun eit menneske. I alle døma er det einslege kvinner. I to døme er det husmannsplassar i Leiret og det kan ikkje her vera tvil om at dei bur i eit hushald for seg. I det andre døme er det truleg ei kvinne som var innerst på Øver-Lindberget eller ein husmannsplass under garden. Det at ho her særskild er nemnt som innerst og ikkje var fattig eller

¹³⁷ Dette gjeld ekteparet Ola Jørnsson (o. 1727-73) og Anne Arnesdotter (o. 1716-89) samt Annes dotter Anne Arnesdotter (1734-1813) som er plassert i hushaldet på Bruk 1 Nersætre, mens dei eigenleg var brukarar av Bruk 2 Nersætre. Det gjeld ekteparet Ottar Jensson (o. 1731-92) og Marte Hansdotter (o. 1733-1814) samt Ingeborg Knutsdotter (o. 1705-87) som er plassert på Nilsstua-Hovi, mens dei eigenleg var brukarar av Nordstua-Hovi. Det gjeld ekteparet Nils Johannesson (o. 1715-87) og Anne Olsdotter (o. 1710-77) samt deiras dotter Ingeborg Nilsdotter (o. 1749-1816) som er plassert i hushaldet på Framgarn-Kynnberget, mens dei eigenleg var brukarar av Lykkja-Kynnberget. Og endeleg gjeld det truleg Hans Jensson (o. 1721-72) og ekteparet Gunner Olsson (o. 1712-73) og Berte Olsdotter som er plassert i hushaldet på Retenga, mens dei truleg var busatt på Lillenga.

¹³⁸ Dette gjeld enkja Maren Persdotter (o. 1724-98) samt tenarane Per Persson (o. 1742-65), tenar nr. 230 i KFT, og Maren Embretsdotter (o. 1747-1824), tenar nr. 231 i KFT, som er plassert i hushaldet på Vestre-Skurstad, mens ho i røynda var brukar av Øgarn-Skurstad. I tillegg gjeld det Jørn Olsson (o. 1703-67) og kona Kari Isaksdotter (o. 1698-1773) samt borna Anne, f. o. 1734 og Ola (o. 1740-1801) som er plassert under Nilsstua-Hovi, mens dei i røynda var brukarar av Lille-Horndalen.

¹³⁹ Lintoft (1997), s. 26 og 29.

¹⁴⁰ Lintoft (1997), s. 28f.

legdslem, gjør at eg har plassert ho i eit eige hushald.¹⁴¹ Eit døme på ei eg har plassert i det bondehushaldet ho er ført bak, er Ragnill Jonsdotter¹⁴² som ved dette leitet var omlag 82 år¹⁴³. Ho er plassert i gruppa husmennn/innerstar og i tillegg står det at ho var legdslem. Det er lite rimeleg at ein 82-årig legdslem har budd i eit eige hushald, og eg har derfor ført ho i bondehushaldet på Mekkelstua-Løkja. Ein type hushald eg ikkje får tak på er føderådshushalda. ES nemner ikkje hokken som er føderådsfolk og ikkje. Til trass for det er det all grunn til å tru at dei fans, slik dei gjorde det i 1801-teljinga da dei utgjorde omlag fire prosent av alle hushald.¹⁴⁴

Dei fleste føderådsfolka er truleg nemnt i gruppe 6, altså i kategorien *andre hos seg havande*. Ettersom ES ikkje har med føderådshushald som eigen kategori har eg valt å sjå bort frå desse hushalda. Eit døme som truleg viser nokså klart eit slikt føderådshushald er hushaldet åt skiløparkapteinen Krestoffer Størksson Glad¹⁴⁵ og kona Dorte Marie Jensdotter Hals¹⁴⁶ som budde i lag med stesonen Knut Jørn Vellomsson Løgting¹⁴⁷ på Grindalen.¹⁴⁸ Bondens mor, Dorte Marie, er nemnt i gruppa *andre hos seg havande*, og i tillegg er ho og mannen nemnt i eit tillegg åt sjølv ekstraskatten, over dei militære som vart friteki for denne skatten frå 4. desember 1762.¹⁴⁹

Det som gjør det sannsynlig at dei har hatt eit eige hushald er det faktum at etter Dorte Marie er tenestejenta Kari Gudbrandsdotter¹⁵⁰ nemnt. Det er rimeleg å tru, som eg tidlegare har nemnt, at dei som hadde eigne tenarar utgjorde eit eget hushald. Det andre problemet med hushaldsrekonstitusjonen har, som nemnt, vori å fylle inn dei som var under 12 år i dei hushalda dei høyrde heime. Hovudkjelda for det har vori den eldste kyrkjeboka som byrjar i 1751, men også skifteprotokollane med alle skifte i perioden 1740-81 har vori til god hjelp. Eg har også hatt god hjelp av bygdebøkene for Elverum, Trysil samt ei uprenta gards- og slektshistorie som eg sjølv har skrivi (sjå nærmare om desse kjeldene

¹⁴¹ Anne Olsdotter. Busatt i eit innersthushald under Øver-Lindberget i KFT.

¹⁴² Ragnill Jonsdotter (o. 1666-1776). Busatt på Mekkelstua-Løkja i KFT.

¹⁴³ Ho er nemnt å vera 96 år ved si gravlegging 10.11.1776. Elvk03, s. 190. BD87u.

¹⁴⁴ Folketeljinga 1801 for Elverum. BD87u.

¹⁴⁵ Krestoffer Størksson Glad (o. 1703-55). Busatt på Grindalen i KFT.

¹⁴⁶ Dorte Marie Jensdotter Hals (o. 1692-1767). Busatt på Grindalen i KFT.

¹⁴⁷ Knut Jørn Vellomsson Løgting (o. 1720-77). Busatt på Grindalen i KFT.

¹⁴⁸ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

¹⁴⁹ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

¹⁵⁰ Kari Gudbrandsdotter (o. 1736-1813). Tenar nr. 106 i KFT.

i kapittel 1.4). Kyrkjeboka byrjar som sagt i januar 1751, og dei fleste av dei under 12 år kan dermed fangas opp her. Unntaket frå dette er ei gruppe født i perioden 1. oktober 1750-1 januar. 1751 som fell utanom. Men problemet kan løysas ved å bruke ATL, der dei som fylte 12 år i november og desember 1762 står oppført. I dei fleste døma har det ved hjelp av gravleggingslister, konfirmasjonslister og bygdebøker vori nokso enkelt å seie om dei som var født etter 1. oktober 1750 var i live eller ikkje i ES. Men i enkelte døme har det vori vanskeleg å vera sikker på det. Spesielt gjeld dette der borna ikkje budde saman med foreldra, men synast å ha vori bortsatt hos andre frå ung alder.

Fleire av desse var truleg i teneste (sjå meir om dette i kapittel 2.5). Eit døme på eit slikt barn det har vori vanskeleg å plassere er Arne Tarallsson¹⁵¹ som var døypt i 1755.¹⁵² Han var ein son av Tarall Akselsson Sætern¹⁵³ som døydde i 1760.¹⁵⁴ Problemet er at moras namn i dei eldste kyrkjebøkene ikkje er nemnt og eg veit dermed ikkje hokken ho var.¹⁵⁵ Ettersom foreldra budde på ein av Sætern gardane, eller ein husmannsplass derunder, da Arne vart døypt og da faren gjekk bort i 1760, har eg plassert han på ein av desse gardane også i ES.¹⁵⁶

Som eg har vist i kapittel 1.4.2 har eg funni fire som er dobbeltført og ni som er utegløynd. Dette er jo sjølvsgatt minimumstal, men så mange fleir er det nok ikkje tale om. Ei anna gruppe eg ikkje kan veta noko om er sjølvsgatt dei som var under 12 år og som ikkje er døypt i Elverum, men som har komi inn i bygda før 1762 og som ikkje budde saman med foreldra. Det er all grunn til å tru at dette ikkje kan ha vori så mange. Sjølv om det fins nokon usikre plasseringar, og nokon eg ikkje har klart å fange opp, meiner eg at det i det store og heile ikkje har noko å seie for dei resultatata eg kjem fram til i denne oppgåva.

¹⁵¹ Arne Tarallsson (1755-1821). Kanskje busatt på Bruk 1 Nørdre-Sætern i KFT. Det er usikkert kor han budde ved dette leitet, men han var truleg busatt i Elverum.

¹⁵² Elvk02, s. 55. BD87u.

¹⁵³ Tarall Akselsson (o. 1712-60).

¹⁵⁴ Elvk03, s. 176. BD87u.

¹⁵⁵ Det var fyrst med sokneprest Adolf Karl Heidenreich (1749-1821) (Finne-Grønn (1921), s. 115f) i november 1783 at moras namn var ført i kyrkjeboka. Elvk05, s. 59. BD87u.

¹⁵⁶ Eg har plassert han under Bruk 1 Nørdre-Sætern. Eg kunne like godt ha plassert han under ein av dei andre Sætern gardane.

2. Allmenne trekk ved tenestekjennet

2.1. Innleiing

Som nemnt i innleiinga er formålet med denne oppgåva å sjå nærmare på tenestekjennet i Elverum i perioden 1758-63. I dette kapitlet skal eg freiste å svara på følgjande problemstillinger: Kor mange tenarar fann det i tilhøve til folketal?, Hossen var kjønnsproporsjonen blant tenarane?, Hossen var tenarhaldet?, Kor gamle var tenarane?, Kor var tenarane født? Og til slutt, kor mykje skyldskap var det mellom tenarane og dei andre i hushaldet? I den grad det fins tilsvarende forskning å samanlikne med i Nordvest Europa elles og spesielt Norden vil dette bli gjort. Kjeldene og metodane som er brukt er generelt omtalt i kapittel 1.4 og 1.5.

2.2. Forskningsstoda

Det er i dag ein utbreidd oppfatning blant fleire historikarar som t.d. Laslett¹⁵⁷, Hajnal¹⁵⁸ samt Harnesk¹⁵⁹ at Nordvest Europa skilte seg frå resten av Europa og Asia med ein relativt høg ekteskapsalder samt ein hushaldstruktur der ektemakane utgjorde eit eige hushald og der livssyklustenarar utgjorde mellom 6 % og 21 % av folketalet.¹⁶⁰ Det er den engelske demografen John Hajnal som fyrste gong påviste dette mønstret i ein artikkel i 1965.¹⁶¹ Hajnal og Laslett har peikt på kjenneteikna ved det nordvesteuropeiske hushaldsystemet.¹⁶² Det vanlege var at ektefellane var i midten av 20-åra, mannen noko eldre enn kvinna. Etter vigselen danna dei nye makane eit eige hushald, og sist men ikkje minst unge menneske, vanlegvis mellom 10 og 30 år¹⁶³, flytta mellom hushalda som tenarar før dei gifta seg. Börje Harnesk er som nemnt i kapittel 1.1 ein av

¹⁵⁷ Laslett i *Household and Family in Past Time* (1972, 1974), s. 26 samt Laslett (1977), s. 13.

¹⁵⁸ Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1983), s. 93 og 96f.

¹⁵⁹ Harnesk (1990), s. 17f.

¹⁶⁰ Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1983), s. 93 og 96f samt Harnesk (1990), s. 181f og 217.

¹⁶¹ Hajnal i *Population in History* (1965, 1974), s. 101-143. Sjå også Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1972, 1974), s. 65-104 som byggjer vidare på artikkelen frå 1965 (i *Population in History. Essays in Historical Demography*).

¹⁶² Laslett (1977), s. 13 og Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1983), s. 69, 96f.

få som har skrivi om tenarane på 1700-talet. Ut i frå hans studie av spesielt delar av syndre Norrland i Sverige, går det fram at skilnadene i talet på tenarar for dei ulike landskapa i Sverige tildels var store med mellom 6 % og 21 % for høvesvis Kopparbergs len¹⁶⁴ og Malmøhus len¹⁶⁵. I 1775 var det i 59 av 62 undersøkte sokn i syndre Norrland ein overvekt av tenestejenter. Kun i tre sokn var det dette året ein overvekt av tenestedrengar.¹⁶⁶ Sett i eit nordisk perspektiv synast det som om Danmark var det landet som hadde flest tenarar med over 18 % fulgt av Sverige med omlag 14 %, Noreg med omlag 12 % og Finland med under 10 %.¹⁶⁷

I England var det i 63 prestegjeld i perioden 1574-1821, i følgje Laslett, 13 % tenarar.¹⁶⁸ Også når det gjeld tenarhaldet, altså kor mange tenarar det fans i kvart hushald, ser det ut til å ha vori ein del skilnader. På bakgrunn av folkelønsskatten frå 1711 har Hans Magne Kvalvåg komi fram til at det i Sør-Noreg var 47 % av alle bondehushald som hadde tenarar, og at desse hushalda i snitt hadde 0,75 tenarar.¹⁶⁹ Av bondehushald med tenarar var dette talet 1,59.

På bakgrunn av den same skatten har Leif Ødegaard komi fram til at det same talet i Midt- og Nord-Noreg var 44 %, 0,76 og 1,74.¹⁷⁰ Sølvi Sogner har i sin studie over Rendalen komi fram til at 86 % av bondehushalda hadde tenarar i 1762, mens det i 1801 bare var 48 % som hadde det. Av dei bondehushalda som hadde tenarar var det 2,4 tenarar pr. hushald i 1762 og 2,5 i 1801.¹⁷¹ Går ein over kjølen til Sverige, har Harnesk komi fram til at det for to sokn i både Ångermanland og Helsingland i 1785 var høvesvis 60 % og 75 % av bondehushalda som hadde tenarar.¹⁷² Talet på tenarar pr. bondehushald var her 1,4 tenar.¹⁷³ I ein del av Skåne med nesten kun frølsebønder (leiglendingar på adelsjord) var det, i følgje Gaunt, i byrjinga av 1700-talet mellom 80 og 85 %

¹⁶³ Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1965, 1974), s. 97. Sjå også Dribe og Lundh (2002), s. 6 samt Harnesk (1990), s. 206.

¹⁶⁴ Frå og med 1997 er dette Dalarna len.

¹⁶⁵ Dette var fram til 1997 den sørvestre delen av det som i dag er Skåne len.

¹⁶⁶ Harnesk (1990), s. 196.

¹⁶⁷ Harnesk (1990), s. 181.

¹⁶⁸ Laslett i *Household and Family in Past Time* (1972, 1974), s. 152.

¹⁶⁹ Kvalvåg (1974), s. 73 og 80.

¹⁷⁰ Ødegaard (1975), s. 100.

¹⁷¹ Sogner (1979), s. 299.

¹⁷² Harnesk (1990), s. 198f.

¹⁷³ Harnesk (1990), s. 199.

av alle hushald som hadde tenarar.¹⁷⁴ Ein studie av Danmark på slutten av 1700-talet av Nygård Larsen syner at det i gjennomsnitt fans mellom 1,1 og 2,1 tenar/ar for kvar bonde.¹⁷⁵ Frå England syner Kussmaul døme på at omlag halvparten av alle bondehushald hadde tenarar, og at desse hadde omlag to tenarar.¹⁷⁶ Tenarane var jamnt over unge av år, og dei fleste var det ein kan kalle livssyklustenarar. Frå Waldviertel i Østerrike, syner Berkner at, omlag ein tredjedel av hushalda hadde tenarar.¹⁷⁷ I 1801-teljinga var gjennomsnittsalderen i Elverum kring 27 år.¹⁷⁸

Hans Henrik Bull har ein gjennomsnittsalder i Rendalen på 1700-talet på 27 år for begge kjønn, som sank ned til under 25 år på 1800-talet.¹⁷⁹ I følgje Harnesk sin studie over syndre Norrland i Sverige var halvparten av tenarane på 1700-talet mellom 20 og 30 år, og tala var omlag dei same mellom kjønn.¹⁸⁰ Ut ifrå studien til Berkner må tenarane ha vori langt yngre i Waldviertel i Østerrike på 1700-talet der ikkje meir enn i underkant av 10 % var over 30 år.¹⁸¹

Det fins ikkje noko studie frå 1700-talet som syner tenaranes geografiske opphav, men frå 1800-talet føreligg det ein studie av Ullensaker av Sivert Langholm og ein studie av Gossen i Møre og Romsdal av Rolf Strand. Begge med 1865-teljinga som utgangspunkt. Langholm og Strand kjem her fram til at høvesvis omlag 72 % og 68 % av tenarane var innfødte.¹⁸² Fleire har påpeikt at det ofte var skyldskap mellom tenarane og husbondsfolket eller andre i hushaldet som t.d. andre tenarar. Men det føreligg inga forking på kor mykje skyldskap det i røynda var mellom tenarar og husbondsfolk eller andre i hushaldet, og ikkje minst kva skyldskap hadde å seie for tenesteskippnaden.

Kvalvåg nemner i sin studie at fosterborn og eigne born fans, men var relativt sjeldan.¹⁸³ Ødegaard har i sin studie døme på eigne born som tenarar, men det var langt vanlegare med fosterborn som tenarar, spesielt i dei nordlege områda

¹⁷⁴ Harnesk (1990), s. 197. Note 44, ref. Gaunt (1977b), s. 23.

¹⁷⁵ Harnesk (1990), s. 199. Note 48, ref. Nygård Larsen (1976), s. 138f.

¹⁷⁶ Kussmaul (1981), s. 11.

¹⁷⁷ Berkner i *The American historical review* (1972), s. 410.

¹⁷⁸ 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

¹⁷⁹ Bull (2006), s. 14.

¹⁸⁰ Harnesk (1990), s. 206f.

¹⁸¹ Berkner i *The American historical review* (1972), s. 410.

¹⁸² Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 43 og Strand (1995), s. 178.

¹⁸³ Kvalvåg (1974), s. 4f.

av Nord-Noreg.¹⁸⁴ Sølvi Sogner har i si avhandling påpeikt at fleire sysken i 1801-teljinga for Rendalen er ført som tenarar.¹⁸⁵ Også Brynjulv Gjerdåker er inne på dette aspektet når han peikar på at svært mange av dei unge tenarane var skyld husbondsfolket i 1801-teljinga for Lofoten. Og han meiner at skyldskap har hatt ein del å seie for tenesterekutteringa.¹⁸⁶ For 1800-talet nemner Rolf Strand at det var vanleg med skyldskap åt tenestestaden på Gossen i Møre og Romsdal.¹⁸⁷

John Hajnal nemner også at tenarane ofte var skyld husbondsfolket, og at dei ofte var nære skyldfolk.¹⁸⁸ Ann Kussmaul seier i si studie av England at det var vanleg der at tenarane fann teneste hos skyldfolk.¹⁸⁹

2.3. Talet på tenarar og tilhøvet mellom drengar og jenter

Som allereie nemnt var eit kjenneteikn ved den nordvest europeiske familiestrukturen det høge talet på tenarar som var ein del av hushaldet. I 1801-teljinga utgjorde tenarane på landsbasis omlag 12 % av folketalet. Herav var så mykje som 7,8 % tenestejenter.¹⁹⁰ I Elverum utgjorde også tenarane omlag 12 % i 1801, men det var ein skilnad ved at det var høvesvis fleire drengar her enn i landet elles. Fordelinga mellom kjønn på landsbasis var omlag 2 tenestejenter for kvar tenestedreng gjennom heile 1700-talet og fram til omlag 1850.¹⁹¹

På bakgrunn av den konstruerte folketeljinga (KFT) frå 1762 var mellom 12 % og 13 % av folketalet tenarar.¹⁹² Tilhøvet mellom dei to kjønn var omlag 65 gutar for 100 jenter. Med andre ord var omlag 39 % av tenarane gutar, og tala var omlag som dei var 40 år seinare i 1801-teljinga.¹⁹³ Både i 1762 og i 1801 var det fleire tenestedrengar i Elverum enn på landsbasis. Ein årsak til det kan ha vori at tømmerhogsten var ei viktig næring, og at det var stor trong for

¹⁸⁴ Ødegaard (1975), s. 3f.

¹⁸⁵ Sogner (1979), s. 290.

¹⁸⁶ Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 472.

¹⁸⁷ Strand (1995), s. 178.

¹⁸⁸ Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1983), s. 98.

¹⁸⁹ Kussmaul (1981), s. 59.

¹⁹⁰ Sogner, Randsborg og Fure (1984), s. 127.

¹⁹¹ Sogner og Telste (2005), s. 7.

¹⁹² Eg har her komi fram til eit tal på 12,6 %.

¹⁹³ 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

mannlege tenarar av den grunn. Som sagt var talet på tenarar i Elverum nok så samanfallande med det det var på landsbasis. Samanlikna med andre stadar må det seiast å ha luggi midt på treet, der Danmark med delar av Sverige hadde mange tenarar og der Finland hadde få tenarar.¹⁹⁴ Også dei fleste sokna i Sverige ser ut til å ha hatt ein overvekt av kvinnlege tenarar.

2.4. Hushaldstruktur og tenarhald

Som nemnt i kapittel 1.7 var folketalet i Elverum i 1762 på omlag 2240 menneske. Desse menneska fordelte seg på 350 hushald. Av desse var 189¹⁹⁵ (54 %) bondehushald, 24 (7 %) rydningsplasshushald og 137 (39 %) husmannsplass eller innersthushald. Det gjennomsnittlege hushaldet var på 6,4 personar. Men variasjonen var stor frå tre hushald med kun eit menneske til Prestgarn med sine 19 menneske. Ser ein på hushaldsstorleiken fordelt på dei tre sosial gruppene var, ikkje uventa, bondehushalda størst med 7,8 personar mot høvesvis 5,6 og 4,6 for rydningsplasshushalda og husmanns- og innersthushalda.

Ser ein alle hushalda under eit, uavhengig av sosial gruppe var det omlag 0,8 tenar pr. hushald og 121 (35 %) av dei i alt 350 hushalda hadde ein eller fleire tenarar. Med andre ord var det dei færreste hushalda som hadde tenar, i og med at heile 65 % ikkje hadde det. Av dei 121 hushalda som hadde tenar var det gjennomsnittlege tenarhaldet på 2,3. Ikkje uventa var tenarhaldet fyrst og fremst knytta åt bondehushalda. Av dei i alt 121 hushalda som hadde tenar, var så mange som 110 (91 %) av dei bondehushald. Kun to og ni av dei var høvesvis rydningshushald og innerst- og husmannshushald. Alt i alt var 264 (96 %) av alle dei 276 tenarane i eit bondehushald.

Avdi tenarhaldet var så sterkt knytta åt bondehushalda, har eg valt å sjå bort frå rydningshushalda og innerst- og husmannshushalda. Av 189 bondehushald var det 110 (58 %) som hadde tenar. Gjennomsnittleg var det 1,4 tenar pr. bondehushald av alle bondehushald, og av dei bondehushalda som hadde tenar fans det i snitt 2,4 tenar. Som det framgår av figur 1 var det 22 % som


¹⁹⁴ Harnesk (1990), s. 196.

¹⁹⁵ Eg har her rekna prestens hushald som bondehushald sjølv om det i eigenleg meining ikkje var det.

hadde ein tenar, 14 % hadde to tenarar, åtte prosent hadde tre tenarar og like mange hadde fire tenarar. Tre prosent hadde fem tenarar, to prosent hadde seks tenarar og ein prosent (prestens hushald) hadde ti tenarar. 38 % av dei bondehushalda som hadde tenarar hadde ein tenar og 77 % hadde mellom ein og tre tenarar. Som nemnt i kapittel 1.7.2 er det grunn til å tru at det fans nokon føderådshushald, og at talet truleg ikkje låg så langt unna dei fire prosent denne typen hushald utgjorde i 1801-teljinga. Det er all grunn til å tru at føderådshushalda i det store og heile fans på gardane.

Dermed må også det totale talet på hushald ha vori noko høgare enn dei tala eg har komi fram til. Gjennomsnittshushaldet og bondehushalda må ha vori noko mindre enn det eg har komi fram til her. Det gjennomsnittlege talet på tenarar i alle hushald vil også bli noko mindre. Ser ein bort frå prestens hushald som i eigenleg forstand ikkje var eit bondehushald, men det ein kan kalle eit kondisjonert hushald endrer ikkje dette dei tala eg har komi fram til særleg mykje. Dei andre hushalda som kan kallas kondisjonerte tilhørte militære, men det er vanskeleg å trekkje noko klart skilje mellom dei militære og storbøndene, ettersom fleire storbønder også var militære.

Eg har derfor valt å ikkje lage noko eige gruppe av dei kondisjonerte hushalda ettersom denne gruppa var marginal og uklar. Ser ein desse tala i høve til det andre historikarar har komi fram til er det både likskap og skilnader.



Figur 1. Del av bondehushald med tal på tenarar.

Som tidlegare nemnt var det i 1711 omlag 45 % av alle bondehushald som hadde tenarar, og i snitt hadde desse hushalda omlag 0,75 tenarar. Av dei som hadde tenarar var snittet på omlag 1,6 tenarar.¹⁹⁶ Ein ser her at delen av hushald som hadde tenarar var større i Elverum 50 år seinare enn han var i 1711 på landbasis. Det var også tenarhaldet både i høve til alle hushald og kun hushald med tenarar. Derimot var det langt fleire bondehushald i Rendalen på same tid, i følgje Sogner, som hadde tenarar, da talet her var så høgt som 86 %.

Tenarhaldet var derimot ikkje så mykje høgare med 2,4 tenar. I 1801 var det derimot langt færre bondehushald som hadde tenarar med kun 48 %. Talet på tenarar i dei bondehushalda som hadde tenarar var nå på 2,5.¹⁹⁷ Elles ser det ut til at talet på tenarar for alle hushald var omlag som det var på landsbasis i 1801-teljinga, da det var på 0,6.¹⁹⁸ Jamnført med to svenske sokn i Helsingland i 1785¹⁹⁹ der så mykje som 75 % av bondehushalda hadde tenarar, var det få hushald som hadde tenarar i Elverum, men to sokn i Ångermanland hadde omlag det same talet som Elverum.

Sjølv om det var langt fleire hushald som hadde tenarar i dei to sokna i Helsingland var det ikkje meir enn omlag 1,4 tenar pr. bondehushald,²⁰⁰ og dermed omlag det same som i Elverum. Også Gaunts studie frå Skåne og Kussmauls frå England²⁰¹ der høvesvis over 80 % og halvparten av alle bondehushald hadde tenar viser at tenarhaldet i Elverum ikkje var spesielt stort. I Waldviertel i Østerrike ser det ut til at tenarhaldet var omlag som i Elverum. Talet på tenarar der det var tenarar må ha vori på høgde med resten av Norden, men noko mindre enn England.

¹⁹⁶ Kvalvåg (1974), s. 73 og 80 samt Ødegaard (1975), s. 100.

¹⁹⁷ Sogner (1979), s. 299.

¹⁹⁸ 1801-teljinga. NOS B 134.

¹⁹⁹ Harnesk (1990), s. 198f.

²⁰⁰ Harnesk (1990), s. 199.

²⁰¹ Kussmaul (1981), s. 11.

2.5. Tenaranes alder

Inger Hansdotter var ikkje meir enn 10 år da ho var i teneste i 1749,²⁰² og Ingeborg Jensdotter Veltgrindalen kallas *gammel tenestepike* da ho døydde i 1758, 70 år gammal.²⁰³ Truleg var korkje Inger eller Ingeborg representative når det gjeld alder på tenarane. Men før eg freistar å svara på kor gamle tenarane var i 1762 kan det vera på sin plass å finne ut kor stor del av tenarane som var under 12 år, og som altså ikkje er nemnt i ekstraskatten. I alt var det i ATL for 1763 ni tenarar som fylte 12 år. På bakgrunn av dette er det god grunn til å tru at dei var i teneste frå seinast sitt ellevte år.

Kor tidleg dei starta i teneste er det derimot ikkje godt å seie noko om, men det er jo ikkje urimeleg å tru at nokon av dei hadde vori i teneste før sitt ellevte år. Ved å sjå litt nærmare på folkelønsskatten frå 1711 og 1801-teljinga, kan ein kanskje få ein peikepinn på kor mange det kan vera tale om, og kor gamle dei kan ha vori. Det er dessverre ikkje nemnt alder på tenarane i Elverum i 1711. Men viss ein tek løn som utgangspunkt for alder var det kun to prosent av både jenter og gutar som hadde dei minste lønene.²⁰⁴ Dette i tillegg til at det er kun ein tenestedreng som er kalt *liten*,²⁰⁵ tyder på at dei mindreårige tenarane ikkje kan ha vori mange.

Også det Kvalvåg har komi fram til i si hovudfagsoppgåve, styrkjer eit slikt syn. Han har her døme frå Sørum sokn i 1711 der kun to elleve-åringar og ein 10 åring var i teneste.²⁰⁶ Tilsaman utgjorde desse ikkje meir enn 1,8 % av tenarane. Går ein fram i tid og ser på 1801-teljinga for Elverum var det her kun to tenarar (½ %) av i alt 405 tenarar som var under 12 år.²⁰⁷ Dei var begge elleve år. Ettersom det var så mange som ti tenarar som fylte 12 år i 1763²⁰⁸ er det grunn til å tru at det har vori fleire unge tenarar i 1762 enn det var i 1801.

²⁰² Skifte på ein husmannsplass under Vestgarn-Lia etter avdøde Guri Larsdotter. Dottera Inger er her nemnt å vera 10 år og i teneste hos Bertel Skavhaugen. SØS skifteprotokoll 9b 1748-1750, s. 680a-681a. SaH.

²⁰³ Ho var nemnt å vera 70 år ved sin daude. Elvk03. s. 183. BD87u.

²⁰⁴ Både Kvalvåg (1974), s. 151-164 og Ødegaard (1975), s. 201-205 studier syner klart at det var eit samband mellom alder og løn.

²⁰⁵ Folkelønsskatten 1711. Rentekammeret. RA.

²⁰⁶ Kvalvåg (1974), s. 157.

²⁰⁷ 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

Også Frøydis Bryhn Dahls studie over barnetenarane i Asker sokn i perioden 1801-35 underbyggjer ein slik påstand.²⁰⁹ Her sank delen av barnetenarar i aldersgruppa 10-16 år frå 18,5 % i 1815 åt 10,5 % i 1835. Det kan også synast som om det har gått ei nedre grense ved 10-års alderen. Det er grunn til å tru at ikkje all dei ti var i teneste i 1762, men ettersom det også truleg var nokon som var yngre (10 åringar?), er det rimeleg å tru at talet på tenarar kan ha vori ein stad mellom 5 og 15.

Går ein ut frå desse tala har dei utgjort noko mellom to prosent og fem prosent av alle tenarane. Av dei 276 tenarane som er nemnt i ES har eg aldersoppgåver på 243 (88 %) av dei. Av desse var det 97 gutar og 146 jenter. Dei aller fleste har eg bare omtrentleg alder på, men denne ligg nok nokså nær røynda. Ettersom kyrkjeboka for Elverum ikkje går lenger tilbake enn 1751, er alle tenarane født før dette. Dei eg derfor har nøyaktig fødselsår på, er dei som er født utanfor soknet og dei som fins i Lassens avskrift av ei nå bortkome kyrkjebok for Elverum.²¹⁰

Dei fleste av dei som er født utanbygds er født i grannesokna Åmot og Trysil der kyrkjebøkene går tilbake til høvesvis 1734 og 1730. Alderen på dei fleste er derfor rekna ut ifrå den aldersoppgåva som ligg nærmast i tid for sjølve hendinga det her er tale om, nemleg fødselen. For dei mannlege tenarane har dette i mange tilfelle vori ei militær sesjonsrulle frå 1765.²¹¹ For dei kvinnlege tenarane har det stort sett vori 1801-teljinga eller aldersoppgåva ved gravlegginga, viss denne fann stad før 1801-teljinga. I dei tilfella eg kun har hatt konfirmasjonsår som utgangspunkt for alder, har eg gått ut frå ein alder på 17 år, som synast å vera ein gjennomsnittsalder for konfirmasjon på 1700-talet.

Fyrste gong alderen er nemnt ved konfirmasjon i kyrkjeboka for Elverum var i 1797, og den var da på omlag 17 år.²¹² Det er ikkje grunn til å tru at denne alderen hadde endra seg nemneverdig sidan slutten av 1750-åra. Gjennomsnittsalderen for dei 243 tenarane som var over 12 år og som eg har aldersoppgåver for, var på omlag 24 år. Av desse var Guri Mortensdotter med

²⁰⁸ Ein av desse kan også vera ei dobbeltføring, slik at det røynte talet er ni. ATL 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

²⁰⁹ Bryhn Dahl (1986), s. 98.

²¹⁰ Avskrift ved W. Lassen av nå bortkomi kyrkjebok 1729-39. SaH.

²¹¹ Ungt mannskaps rulle 1765. Elverumske skiløparkompani. KGI C503. RA.

²¹² Året 1797. Det var i alt 51 konfirmantar dette året. Og gjennomsnittsalderen var 16,6 år. Elvk04, s. 225. BD87

sine omlag 64 år den eldste, og åtte av tenarane var 12 år. Ser ein kjønna kvar for seg, var gutane noko yngre med omlag 22 år mot jentenes 26 år. Som ein ser av figur 2 var dei fleste tenarane i alderen 12 til 31 år. Truleg var omlag 80 % av tenarane i denne alderen, og omlag 20 % av dei var truleg under 15 år eller yngre. Truleg var noko over 40 % under 20 år og omlag 36 % var mellom 20 år og 30 år. Omlag 20 % av tenarane var over 30 år. Elles er det inga grunn til å tru at det var noko skilnad på alderssamansetninga mellom dei 33 tenarane (21 jenter og 12 gutar) eg ikkje har alder på og dei eg har alder på.

Aldersfordelinga var, som ein ser, heilt motsett mellom drengane og jentene. Gutane var jamnt over ein del yngre enn jentene, og hadde dermed ein del yngre snitt alder. Som eg allereie har vist er det sannsynleg at det kan ha vori ein stad mellom 5 og 15 tenarar under 12 år. Det er ikkje urimeleg å tru at gjennomsnittsalderen for dei under 12 år kan ha vori omlag ti år. Men sjølv om ein sett desse tala inn i reknestykket, endrar ikkje dette tala nemneverdig. Ser ein på aldersamanasetninga for kjønna er det påfallande skilnader her, mens omlag 35 % av jentene var under 20 år var nærmare halvparten av drengane det.


Bare omlag 10 % av drengane var over 30 år, mens omlag ein tredjedel av jentene var det. Til samanlikning var den gjennomsnittlege alderen på tenarane i 1801-teljinga litt høgare med omlag 27 år.²¹³ Men mens den gjennomsnittlege alderen i Rendalen ser ut til å ha gått ned mellom 1762 og 1801 frå 27 år til under 25 år,²¹⁴ ser den i Elverum ut til å ha gått opp frå 24 år til 27 år. Tenarane i Elverum må seiast å ha vori jamnt over ein del yngre enn i Bollnes sokn i Helsingland i Sverige i 1785. Her var halvparten av tenarane på 1700-talet mellom 20 og 30 år.²¹⁵ Ein tredjedel av tenarane var over 30 år, og ein femtedel var under 20 år. Men det var inga skilnad i mellom kjønna slik det var i Elverum. Årsaka til dette var fyrst og fremst at det i Elverum var mange fleire yngre tenestedrengar. Som før nemnt var tenarane i Waldviertel i Østerrike på 1700-talet enda yngre, ettersom ikkje meir enn i underkant av 10 % var over 30 år.²¹⁶

²¹³ 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

²¹⁴ Bull (2006), s. 14.

²¹⁵ Harnesk (1990), s. 206f.

²¹⁶ Berkner i *The American historical review* (1972), s. 410.



Figur 2. Aldersfordeling av tenarane etter kjønn i 1762.

2.6. Tenaranes geografiske opphav

Spørsmålet i dette kapitlet er kor tenarane var født. ES seier sjeldan noko om det geografiske opphavet på dei som står der. Det gjør heller ikkje ATL. I NB fins det av og til opplysningar om opphav, sjølv om det er langt mellom dei, som dømet er med Hans Johannesson som var i teneste på rydningsplassen Hallvordsberget i Søre-Osen i ES.²¹⁷ Før han kom hit, må han ha vori i teneste på ein av Grunnset gardane.²¹⁸ Den 23. november 1760 står det følgjande om han i NB:

*Hans Johandsen Grundset som tiestedreng men er dog født i Lima*²¹⁹

Dette er som sagt eit av få døme der det går fram kor tenarane var frå. Av dei i alt 276 tenarane som er nemnt i ES har eg funni opphavet åt 209 (omlag 76 %). Av desse var 183 (omlag 66 %) født i Elverum og 26 eller omlag ni prosent var født utanbygds. Som det framgår av tabell 1 var elleve (fire prosent) i frå Åmot,

²¹⁷ Hans Johannesson, f. 1736. Tenar nr. 264 i KFT.

²¹⁸ Han er nemnt med Grunnset som tredje namn den 23.11.1760, 26.04.1761, 08.11.1761 og 02.05.1762 da han gjekk åt nattverd. Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62.

²¹⁹ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62.

Fødestad:	Tal:
Elverum:.....	183
Åmot:.....	11
Trysil:.....	4
Ytre-Rendalen:.....	3
Våler:.....	2
Lima i Sverige:.....	2
Stor-Elvdalen:.....	1
Åsnes:.....	1
Løten:.....	1
Særna i Sverige:.....	1
Ukjent:.....	67
Tilsaman:.....	276

Tabell 1. Tenaranes fødestad etter prestegjeld.

fire (1,4 %) i frå Trysil, tre (1,1 %) i frå Ytre-Rendalen, to (0,7 %) i frå både Våler og Lima i Sverige og til slutt ein (0,4 %) både i frå Stor-Elvdalen, Åsnes, Løten og Særna i Sverige. Av dei resterande 67 (24 %) som eg ikkje har klart å finne fødestad på, var så mange som 18 av dei konfirmert i Elverum. Det er derfor rimeleg å tru at dei fleste av desse også var født her. Av dei 49 uidentifiserte som ikkje var konfirmert i Elverum er det grunn til å tru at ein del av dei var født utanbygds, ettersom dei da også har vori vanskelegare å identifisere.

Om fleire av tenarane får ein ofte ein peikepinn i den retning, som da det i NB om Dorte Knutsdotter²²⁰ og Maggrete Persdotter²²¹ heiter at dei var høvesvis frå Korperud i Åmot²²² og Rundberget i Våler²²³. Uvanlege namn tyder også i same lei. To døme på dette er tenestejentene Åse Andersdotter²²⁴ og Susanne Niklasdotter²²⁵. Åse var eit heller uvanleg namn og truleg døydde den siste innfødte namneberaren med dette namnet i 1752²²⁶. I det andre dømet er både fornamnet og etternamnet ukjent i Elverum, og er i seg sjølv eit sterkt teikn på at ho var utanbygds frå. Alt i alt meiner eg derfor at det er sannsynleg at godt over 80 % av tenarane i Elverum var innfødte. Ser ein nærmare etter på dei som var utanbygdsfødte, syner det seg at åtte (32 %) av dei 25 hadde voksi opp i

²²⁰ Dorte Knutsdotter. Tenar nr. 39 i KFT.

²²¹ Maggrete Persdotter (o. 1710-82). Tenar nr. 62 i KFT.

²²² 07.11.1762. Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62.

²²³ 15.11.1761. Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62.

²²⁴ Åse Andersdotter. Tenar nr. 190 i KFT.

²²⁵ Susanne Niklasdotter, f. o. 1739. Tenar nr. 177 i KFT.

²²⁶ Åse Eriksdotter (o. 1682-1752). Gravlagt 11.06.1752. Elvk02, s. 190. BD87u.

Elverum.²²⁷ Dei hadde med andre ord flytta inn i bygda saman med foreldra før dei kom i teneste. Spesielt påfallande var dette for dei som hadde Åmot som fødestad, der det ikkje gjaldt mindre enn sju, og mogleg åtte. Det er kanskje grunn til å tru at denne delen ikkje var like stor for dei tenarane som eg ikkje har klart å identifisere, men som truleg også var født utanbygds. Dette fordi noko av årsaka til at eg ikkje har klart å identifisere dei, ligg i at dei ikkje hadde voksi opp her, og heller ikkje hadde skyldfolk her. Når det gjeld den geografiske fordelinga av dei tenarane som var født utanbygds er det grunn til å tru at ho er noko skeiv, avdi mykje av identifiseringa av dei utanbygdsfødte har godt gjennom bygdebøker for vekommande sokn, samt søkbare databaser (sjå også kapittel 1.3).

Åmot står i ei særstilling her, der eg har hatt relativt gode bygdebøker til hande, samt ein søkbar database frå kyrkjeboka som byrjar i 1734, og går godt framover på 1800-talet.²²⁸ Det er derfor grunn til å tru at talet på dei som var frå dei andre grannesokna som Våler og Løten, var høgare enn det tala mine syner. Årsaka til dette er fyrst og fremst at eg ikkje har hatt den same datatilgangen for desse sokna som for Åmot. For Våler har eg delvis søkbare kyrkjebøker frå perioden 1720-89, mens bygdeboka må seiast å vera langt dårlegare på personalhistorie enn kva Åmot bøkene er. For Løten har eg ikke hatt tilgang til nokon søkbar database over kyrkjeboka i det heile, og eg har heller ikkje brukt bygdeboka så systematisk som for Åmot. Som nemnt fins det ikkje nokon studie frå 1700-talet som syner tenaranes opphav, men frå 1800-talet føreligg det to studiar her i landet av høvesvis Sivert Langholm²²⁹ og Rolf Strand²³⁰, begge med 1865-teljinga som grunnlag. Som ein ser var tala der noko lågare med høvesvis 72 % og 68 % mot over 80 % i Elverum 100 år tidlegare.

²²⁷ Truleg er det fleire. Tenar nr. 135 i KFT, Nils Nilsson (1742-84), som var født i Åmot kan og ha voksi opp i Elverum ettersom mora, enkja Kerste Håkkåsdotter, også var busatt her i ES.

²²⁸ Sjå utrykte kjelder og litteratur.

²²⁹ Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 43.

²³⁰ Strand (1995), s. 178.

2.7. Skyldskap

Fleire av dei som har skrivi om tenarane har vori inne på at dei ofte var skyld husbondsfolket, men som tidlegare nemnt føreligg det inga forskning på området korkje her i landet eller i resten av Nordvest Europa. Spørsmålet her er derfor kor mykje skyldskap det var mellom tenarane og husbondsfolket eller andre i hushaldet i Elverum. Men før eg freistar å svara på det er det på sin plass å seie kva eg meiner med skyldskap. Som det framgår av tabell 6 har eg ikkje registrert skyldskap lenger ut enn tredje ledd eller tremenning. Det aller meste av skyldskapet er bror- eller syster-relasjonar. Det er grunn til å tru at det ikkje bare i dag, men også i siste halvdel av 1700-talet gjekk ei grense ved firmenning, for kva ein rekna som skyldfolk.

Hadde denne grensa vori annleis, ville ein tru at ein hadde nemne på det, slik dømet er med firmenning (gno *fjórmenningr*) som må ha vori i bruk seinast sidan gammalnorsk tid.²³¹ Årsaka til at eg ikkje har funni skyldskap lenger ut enn tremenning, er truleg at det er vanskelegare å påvise, ettersom ein da ville vera tilbake ved omlag midten av 1600-talet eller før. Kyrkjebøkene i Elverum byrjar ikkje før i 1751, og det seier seg sjølv at skyldskap lenger ut enn tremenningar, er vanskeleg å påvise. Det er grunn til å tru at det i eit utprega bondesamfunn, som Elverum var i 1762, med i overkant av 2200 mennesker (sjå kapittel 1.7.1) ville vera mange som var skylde einannan i tredje eller fjerde ledd.

Det er derfor ikkje utan vidare sikkert at slikt skyldskap var særleg relevant, ettersom det var så vanleg. Av dei 276 tenarane i ES var 79 skyld husbonden eller kona hans på ein eller anna måte. Dette utgjør så mykje som 29 %. Som eg har nemnt i kapittel 2.6 er opphavet til 67 av tenarane ikkje kjent, og ettersom 18 av desse var konfirmert i Elverum, er det all grunn til å tru at det har vori fleire av tenarane som var skyld husbondsfolket, enn det talet eg har komi fram til syner. Med andre ord har det røynelege talet på tenarar som var skyld husbondsfolket vori høgare enn 29 %, men kor høgt det har vori er det uråd å seie. Som der framgår av tabell 6 var det mest vanlege skyldskapet eg har funni sysken relasjonar. Heile 55 (omlag 70 %) var av ein slik type. Noko som

²³¹ Norrøn ordbok (1990, 1993), s. 113.

utjør omlag 20 % av alle tenarane. Av desse var 29 gutar og 26 jenter. 16 (medrekna ei niese av konas førre mann) (omlag 20 %) var nevø eller niese relasjonar, og av dei var åtte gutar og like mange jenter. Fem (omlag 6 %) var syskenbarn relasjonar, og av desse var tre gutar og to jenter. Ein tenestedreng (omlag 1 %) var skyld husbonden i anna og tredje ledd. To (omlag 3 %) var tremenningar, og begge desse var gutar. Det var også flest gutar med 43 mot bare 36 jenter av dei som var skyld husbondsfolket. Sett i høve til alle tenarar av kvart kjønn var så mykje som omlag 40 % av tenestedrengane skyld husbondsfolket, mens kun 22 % av tenestejentene var det. Skilnaden må seiast å vera påfallande.

Ettersom det var høvesvis fleire jenter blant dei uidentifiserte tenarane, omlag 67 % mot 33 % for gutane, var det nok nokon fleire jenter i høve til gutar enn det eg har komi fram til. Men dette vil truleg ikkje endre noko særleg på dei tala eg har komi fram til. Årsaka til dette påfallande mønstret er truleg at det var relativt fleire bondesøner blant tenarane enn det var bondedøtre (sjå meir om dette i kapittel 3.4), og det er truleg desse som i høg grad var i teneste heime hos ein bror eller syster. Fleirtalet av tenestejentene var husmannsdøtre, og desse hadde i høgare grad måtte ste seg i teneste heime frå, avdi, som nemnt i kapittel 2.4, husmannsplassane i liten mon hadde tenarar.

Det er viktig å vektlegge at den skyldskapen som framgår av tabell 6 er den eg har funni. Sjølv sagt er det grunn til å tru at det var mykje meir skyldskap, og at skyldskap frå og med barn av sysken/syskenbarn og utover truleg er noko underrepresentert i mitt materiale. Men til trass for det trur eg at syskenrelasjonane i røynda må ha vori vanlegare enn syskenbarnrelasjonane. Med andre ord hadde nevø/niese- og syskenbarnrelasjonane vori like vanlege som syskenrelasjonane skulle eg ha funni mange fleire av dei enn det eg har gjort. I alt var dei 79 tenarane fordelt på 52 hushald. Alle bortsett frå eit husmannshushald av desse var bondehushald.²³² I 17 (33 %) av hushalda var det meir enn ein tenar og i samtlege av desse var tenarane skylde kvarandre samstundes som dei var skyld husbonden eller kona. Eit døme på ein gard der det var svært mange sysken i teneste er den vesle garden Østenheden i Osen.

²³² Husmannsplassen det gjaldt var Hummeldalen i Leiret der lensmannen var busatt. ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

Her var det den ugifte og 23 år²³³ gamle Ola Eriksson²³⁴ som var husbonde. Foruten hans gamle mor, Kari Olsdotter²³⁵, og eit anna kvinnemenneske hadde han ikkje mindre enn seks tenarar. Ikkje mindre enn fem av dei seks tenarane var sysken av Ola: den 28 år²³⁶ gamle Marte Eriksdotter²³⁷, den 19 år²³⁸ gamle Daniel Eriksson²³⁹, den 18 år²⁴⁰ gamle Ingeborg Eriksdotter²⁴¹, den 13 år²⁴² gamle Gjertrud Eriksdotter²⁴³ og endeleg den 12 år²⁴⁴ gamle Maren Eriksdotter²⁴⁵. Østenheden kan ikkje seiast å vera representativ for dei mindre gardane i Elverum med så mange sysken som tenarar, og det er uklart kvifor Ola hadde så mange sysken i teneste.

I tillegg til dei 79 tenarane som var skyld husbondsfolket, har eg og ti døme der tenarane var skyld andre eller andre tenarar i hushaldet utan å vera skyld husbondsfolket. I åtte av desse døma var det skyldskap med andre tenarar og i to av dei var det med andre enn tenarar i hushaldet. Også her er det grunn til å tru at tala har vori langt høgare utan at det er råd å seiie kor mykje. Som allereie nemnt har fleire påpeikt at det ofte var skyldskap mellom tenarane og husbondsfolket. Kvalvåg og Ødegaard nemner i sine hovudfagsoppgåver at eigne born og fosterborn fans som tenarar, noko eg ikkje har døme på i ES.²⁴⁶ Sjølv sagt kan det vera, iallfall nokon fosterborn, som gøymer seg bak dei uidentifiserte tenarane, men mange er dei ikkje. Eigne born ser det ikkje ut som det har vori. Heller ikkje i dei andre kjeldene eg har brukt er det mykje av det. I ATL for 1763 går det fram at drengen Hans Olsson²⁴⁷ hadde vori i teneste hos

²³³ Han er nemnt å vera 23 år ved skiftet etter hans mor, Kari Olsdotter, i levande live den 03.06.1762 på Østenheden. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1204a-1207b. SaH.

²³⁴ Ola Eriksson (1739-84). Busatt på Østenheden i KFT.

²³⁵ Kari Olsdotter (o. 1705-85). Busatt på Østenheden i KFT.

²³⁶ Ho er nemnt å vera 28 år ved skiftet etter hennar mor, Kari Olsdotter, i levande live den 03.06.1762 på Østenheden. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1204a-1207b. SaH.

²³⁷ Marte Eriksdotter (o. 1734-83). Tenar nr. 271 i KFT.

²³⁸ Han er nemnt å vera 19 år ved skiftet etter hans mor, Kari Olsdotter, i levande live den 03.06.1762 på Østenheden. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1204a-1207b. SaH.

²³⁹ Daniel Eriksson (o. 1743-1819). Tenar nr. 272 i KFT.

²⁴⁰ Ho er nemnt å vera 17 ½ år ved skiftet etter hennar mor, Kari Olsdotter, i levande live den 03.06.1762 på Østenheden. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1204a-1207b. SaH.

²⁴¹ Ingeborg Eriksdotter (o. 1744-1822). Tenar nr. 274 i KFT.

²⁴² Ho er nemnt å vera 13 år ved skiftet etter hennar mor, Kari Olsdotter, i levande live den 03.06.1762 på Østenheden. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1204a-1207b. SaH.

²⁴³ Gjertrud Eriksdotter (o. 1749-1805). Tenar nr. 275 i KFT.

²⁴⁴ Ho er nemnt å vera 12 år ved skiftet etter hennar mor, Kari Olsdotter, i levande live den 03.06.1762 på Østenheden. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1204a-1207b. SaH.

²⁴⁵ Maren Eriksdotter, f. o. 1750. Tenar nr. 276 i KFT.

²⁴⁶ Kvalvåg (1974), s. 4f. og Ødegaard (1975), s. 3f.

²⁴⁷ Hans Olsson, f. o. 1743. Steson på Ottarsstua-Løkja i KFT.

sin stefar på Ottarsstua-Løkja da han flytta åt Nordgarn-Haug.²⁴⁸ Frå eit skifte i 1750 går det fram at sonen Hallvord Eriksson²⁴⁹ hadde vori i teneste hos sine eigne foreldre i ein tre års tid.²⁵⁰ Det er all grunn til å tru at søner og døtre som tenarar må ha vori unntak, men at fosterborn kan ha vori

Skyldskapshøve:	
Bror av husbonden:	23
Bror av kona:	1
Halvbror av husbonden:	2
Halvbror av kona:	1
Stebroer av husbonden:	2
Syster av husbonden:	19
Syster av kona:	5
Halvsyster av husbonden:	1
Stesyster av husbonden:	1
Brorson av kona:	3
Brordotter av husbonden:	1
Halvbrordotter av husbonden:	1
Brordotter av kona:	1
Brordotter av konas førre mann:	1
Systerson av husbonden:	4
Systerson av kona:	1
Systerdotter av husbonden:	2
Systerdotter av kona:	2
Farbrorson av husbonden:	1
Fasterson av husbonden:	1
Fasterdotter av husbonden:	2
Mosterson av husbonden:	1
Fastersdotterson av husbonden:	1
Farmosters soneson (tremening) av husbonden og farfasters soneson (tremening) av kona:	1
Morfarbrors soneson (tremening) av husbonden:	1
Sum:	79

Tabell 6. Skyldskapshøve mellom tenarar og husbonde eller kone.

meir vanleg slik Kvalvåg og Ødegaard syner i sine studie. Også Sogner har som tidlegare nemnt påpeikt at fleire av tenarane i 1801-teljinga for Rendalen var sysken av husbondsfolket.²⁵¹ Konklusjonen så langt må bli at ettersom så mange som over 29 % av alle tenarane var skyld husbondsfolket og 20 % av alle tenarane var sysken av husbondsfolket, er det grunn til å tru at skyldskap,

²⁴⁸ ATL. April lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

²⁴⁹ Hallvord Eriksson (o. 1723-1803). Bonde på Østre-Skurstad i KFT.

²⁵⁰ Skifte den 16.06.1750 på Østre-Skurstad etter hans foreldre Erik Olsson og Eli Olsdotter i levande live. Hallvord hadde tilgode 12 rd. SØS skifteprotokoll 10a 1750-51, s. 23b-25b. SaH.

²⁵¹ Sogner (1979), s. 290.

og framfor alt syskenrelasjonar ofte må ha vori avgjørande for kor man var i teneste.

2.8. Samandrag

Så langt har eg vist at tenarane utgjorde mellom 12 % og 13 % av folktetalet i Elverum i 1762, og jentene var i klart fleirtal blant tenarane med ein proporsjon på 65 mot 100. Elverum skil seg dermed ikkje frå landsbasis 1801 i talet på tenarar. Derimot var det fleire tenestedrengar i Elverum enn på landsbasis. Årsaka til dette var truleg at trongen etter mannleg arbeidskraft åt tømmerhogst var sterkare i Elverum enn det den var på landsbasis. Samanlikna med gjennomsnittet i Norden og England må tala, i Elverum som Noreg elles, seiast å vera midt på treet. Ikkje uventa var tenarhaldet fyrst og fremst knytta åt bondehushalda.

Av 189 bondehushald hadde 110 (58 %) av dei tenarar. Gjennomsnittleg fans det her 1,4 tenar pr. bondehushald, og i dei bondehushushalda som hadde tenarar fans det 2,4 tenar. 77 % av bondehushalda som hadde tenarar hadde mellom ein og tre tenarar. Folketalet i Elverum i 1762 er ut i frå mi konstruerte folketeljing på omlag 2240 menneske som fordelte seg på 350 hushald. Av desse var noko over halvparten bondehushald. Samanlikna med tilhøva elles i Norden og Nordvest Europa på same tid, ser det ut til at det var relativt få hushald som hadde tenarar. Derimot ser det ut til at tenarhaldet der ein hadde tenarar ikkje var så mykje lågare enn elles.

Dei 276 tenarane i ES hadde ein gjennomsnittsalder på omlag 24 år. Truleg var omlag noko over 40 % av tenarane under 20 år og omlag 36 % var mellom 20 år og 30 år. Omlag 20 % av tenarane var over 30 år. Kjønnsskilnadene i Elverum må seiast å ha vori store, mens halvparten av drengane var under 20 år, var det kun drøye ein tredjedel av jentene som var det. Gjennomsnittsalderen for jentene var med andre ord ein god del høgare enn for gutane. Samanlikna med andre område her i landet og i Nordvest Europa elles må tenarane i Elverum seiast å ha vori unge. Grunnen til dette var fyrst og fremst at det var relativt mange unge tenestedrengar i Elverum. Det synast som om godt over 80 % av tenarane i ES var innfødte, og dei aller fleste utanbygdsfødte var frå eit grannesokn. Det fins ikkje noko studie frå 1700-talet

å samanlikne med, men to studiar her i landet²⁵², begge med bakgrunn i 1865-teljinga, syner ein noko lågare del innfødte tenarar enn tilfelle var i Elverum. Meir enn 29 % av tenarane var skyld husbondsfolket. Den mest vanlege forma for skyldskap var at tenarane var sysken av husbondsfolket. Heile 70 % av all skyldskap var av denne typen. 20 % var nevø og niese relasjonar og 6 % var syskenbarn relasjonar.

Kun 4 % var skyldskapshøve i tredje ledd. Av tenarane som var skyld, var gutane i fleirtal til trass for at dei var i mindretal blant alle tenarane. Det er grunn til å tru at årsaka til dette var at det var relativt fleire bondesøner i teneste enn bondedøtre, og at det var desse som i høg grad tente heime på garden hos sysken. Avdi så mange som over 29 % av tenarane var skyld husbondsfolket og 20 % var sysken av husbondsfolket meiner eg det er all grunn til å tru at skyldskap, og spesielt syskenrelasjonar ofte har vori avgjørande for kor ein var i teneste.

²⁵² Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 43 og Strand (1995), s. 178.

3. Den sosiale mobiliteten

3.1. Innleiing

Problemstillingene i dette kapitlet er tenaranes sosiale opphav og den sosiale mobiliteten. Med andre ord var tenarane rekruttert frå bøndene eller frå husmennene? Og var den sosiale mobiliteten uendra, nedgåande eller oppgåande? Kjeldematerialet eg har brukt for å seie noko om tenaranes sosiale opphav og mobilitet er før omhandla i kapittel 1.4. Metoden som er brukt er fyrst og fremst identifiseringsmetoden, men hushaldsrekonstruksjonsmetoden og lenkjingsmetoden er og brukt. Desse metodane er tidlegare omhandla i kapittel 1.5.

3.2. Forskningsstoda

Det er grunn til å seie at dei fleste forskarane, som t.d. Berkner²⁵³, Laslett²⁵⁴ og Hajnal²⁵⁵, i dag er samde i at tenarane ikkje utgjorde noko eiga sosial klasse. Dei var derimot det ein kan kalle livssyklustenarar som kom frå meir eller mindre alle dei sosiale laga i samfunnet, men med ein overvekt frå dei lågare samfunnsklassane. Frå 1700-talet føreligg det relativt lite forskning på tenaranes sosiale opphav og mobilitet, iallfall i Norden, og det er fyrst og fremst dei to svenske historikarane Harnesk og Lundh som har skrivi om denne sida ved tenesteskippaden.²⁵⁶

Harnesk seier ikkje noko direkte om rekrutteringsgrunnlaget for tenarane i syndre Norrland i Sverige på 1700-talet, men indirekte går det fram at dei i høgare grad vart rekruttert frå dei eigedomslause klassane, avdi bondesøner som arva gard sjeldnare var i teneste enn andre. I følgje Harnesk var det i Hassela sokn i Helsingland eit klart samband mellom teneste og sosial nedgåande mobilitet. Dette sambandet var derimot ikkje tilstades for

²⁵³ Berkner i *The American historical review* (1972), s. 411.

²⁵⁴ Laslett (1977), s. 45.

²⁵⁵ Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1983), s. 96f.

²⁵⁶ Harnesk (1990), s. 25-31 og Lundh i *Continuity and Change* (1999).

bondedøtrene, og Harnesk meiner årsaka til dette var at dei sønene som ikkje hadde vori i teneste oftest var odelssønene. På grunnlag av dette framset Harnesk ein teori om at det i område der ein av sønene tok over garden, var det eit nært samband mellom teneste og sosial nedgåande mobilitet. I følgje Christer Lundhs studie av den sosiale mobiliteten blant tenarar på landsbygda i Vestre Skåne var det i perioden 1740-99 langt vanlegare for bondeborn å vera i teneste enn for born av lågare samfunnsklasser. Rektignok tek han atterhald for at tala for dei som ikkje var frå bondestand er små, men dei syner at 90 % av alle frå bondestand var i teneste ved inngått ekteskap mot kun 65 % for dei frå lågare sosiale lag.

For å forklare dette framsett Lundh to hypotesar.²⁵⁷ Den eine er at på 1700-talet var nesten alle frå dei lågare sosiale klassene i teneste, men at dei kom heim eller tok opp eit anna yrke før dei gifta seg. Den andre hypotesen han framset er at tenestekipnaden på 1700-talet fyrst og fremst var for bøndernes born. I motsetnad til Harnesk sin studie syner Lundhs studie at det var relativt lite sosial mobilitet i Skåne i denne perioden.²⁵⁸ Blant bondeborn i denne perioden var det kun mellom 11 og 15 % som hadde ein nedgåande sosial mobilitet, og vona for ein frå lågare stand til å havne i den same klassa var omlag åtte gonger høgare enn ein frå bondestand.

Her i landet fins det ikkje noko studie over dette aspektet ved tenestekipnaden på 1700-talet, men Hans Henrik Bull seier i si avhandling med utgangspunkt i Rendalen i perioden 1750-1900, at langt dei fleste tenestejentene var rekruttert frå husmannsplassane.²⁵⁹ Frå 1800-talet seier Ståle Dyrvik i sin studie over tenarane i Etne i Hordaland i perioden 1825-60 at så å seie alle både frå bonde- og husmannsstand var i teneste ein eller anna gong i livet.²⁶⁰ Frå England på 1700-talet meiner Kussmaul at tenarane i høgare mon var rekruttert frå underklassene, men at storbønder også sendte sine søner i teneste som læregutar.²⁶¹ Frå Waldviertel i Østerrike på 1700-talet seier Berkner at tenarane var rekruttert frå alle samfunnsklassar.²⁶²

²⁵⁷ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 67-69.

²⁵⁸ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 73f.

²⁵⁹ Bull (2006), s. 14.

²⁶⁰ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 232.

²⁶¹ Kussmaul (1981), s. 77.

3.3. Dei sosial gruppene

Det har vori og det er vanleg å rekne den viktigaste og mest djuptgåande sosiale skilnaden i det gamle bondesamfunnet for å gå mellom på den eine sida bøndene og på den andre sida husmennene. Som tidlegare nemnt fans det nesten inga kondisjonerte i Elverum, og presten og hans hushald er vel det einaste som med rette kan kallas eit slik. Eg har sett bort frå denne gruppa, ettersom inga av dei tenarane der det sosiale opphavet eller den sosiale mobiliteten er kjent, var frå denne gruppa eller endte i denne gruppa. Dei fleste bøndene i Elverum hadde ved dette leitet vorti sjølveigarar,²⁶³ og dei utgjorde den største gruppa med i alt godt over halvparten av alle hushalda (sjå kapittel 2.4).

Ei anna gruppe var nyryddarane som i alt utgjorde 24 hushald i 1762. Desse plassane låg utan unntak i Søre-Osen og Skogbygdene (sjå kart 1), og var unge bustadar. I Søre-Osen var dei alle teki opp etter kongeleg fråsegn i kongeallmenninga frå 1740- og 1750-åra.²⁶⁴ På sett og vis sto desse sosialt sett mellom bøndene og husmennene ettersom dei var brukarar av ikkje-matrikulert jord samstundes som dei var sjølvstendig. Dei sto med andre ord ikkje i eit underordna høve til ein bonde. Eg har valt sjå desse to gruppene samla i det eg har kalt sosialgruppe 1.

Ein av årsakene til det er at mange av nyrydningsplassane etter kvart gjekk over til å bli matrikulert jord. Som eg har nemnt i kapittel 1.7.2 har eg valt å sjå husmennene og innerstane saman avdi dei er vanskelege å skilje. Desse er kalt sosialgruppe 3. Ettersom det viser seg at dei sosiale skotta ikkje var vasstette, og at t.d. så mange som 37 av tenarane hadde opphav i begge sosialgruppene, har eg sett det naudsynt å innføre ei sosialgruppe 2 for desse. Inga av tenarane i ES var gift, og av dei er det kun ei tenestejente eg kjenner til som seinare var gift tenar i 1801-teljinga.²⁶⁵ Til trass for at tenarane må seiast å ha vori ei marginal sosialgruppe i 1801-teljinga, har eg valt å rekne dette for ei eiga

²⁶² Berkner i *The American historical review* (1972), s. 411.

²⁶³ Overgangen åt sjølveige byrja å kome på overgangen mellom 1600- og 1700-talet. Sjå også Dørum (1996), s. 56.

²⁶⁴ Det var landmålar Knoph som målte opp eigedommane og gav bygselseddlar. Ravnkleven m.fl. (1999), s. 23ff.

²⁶⁵ Maren Mortensdotter (o. 1748-1829). Tenar nr. 157 i KFT, var gm. Helge Amundsson. Dei er nemnt som tenarar og gifte i 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

sosialgruppe. Heretter kalla sosialgruppe 4. Dei fleste eg har plassert i denne gruppa var ugifte og synast å ha vori i teneste heile eller store delar av livet. Etersom denne gruppa var marginal, har eg valt å sjå bort frå teneste viss dei er nemnt i ei anna sosial gruppe. I tillegg til desse sosialgruppene, har eg også registrert om tenarane var legdefolk eller hadde føderåd. Dei fleste som eg har registrert som føderådsfolk tilhøyrer gruppe 1, mens dei fleste blant legdefolka fins i gruppe 2 og 3. Eg har kun eit døme på ein tenar i gruppe 1 som eg har registrert som legdefolk. Denne har eg plassert i gruppe 2.²⁶⁶ Eit anna unntak var ein bondeson som levde av sine pengar i brorsonens hushald i 1801-teljinga.

Eg har valt å plassere han i gruppe 1 sjølv om han ikkje hadde noko eige hushald.²⁶⁷ Den før nemnte tenestejenta Maren Mortensdotter²⁶⁸ som saman med mannen er nemnt å vera gifte tenestefolk i 1801-teljinga er samtidig også nemnt å vera innerstar, og når ho dør i 1829 er ho nemnt å vera huskone.²⁶⁹ Her har eg valt å plassere ho i gruppe 3. Sosialgruppene er derfor som følgjar:

Gruppe 1. Bønder og rydningsmenn.

Gruppe 2. Kombinasjon av gruppe 1. og 3.

Gruppe 3. Husmenn og innerstar.

Gruppe 4. Tenarar. Altså ikkje livssyklusstenarar, men det ein kan kalle livstenarar.

Følgjande må vera kjent, for at eg skal kunne seie noko om den sosiale mobiliteten åt tenarane:

- 1). Sosial gruppe før fyrste vigsel.
- 2). Sosial gruppe etter fyrste vigsel.
- 3). Sosial gruppe ved 25-års alder eller seinare for dei som var ugifte. Der anna sosialgruppe enn teneste er nemnt, er denne rekna framfor teneste.

²⁶⁶ Kari Hansdotter (o. 1742-1813). Tenar nr. 105 i KFT.

²⁶⁷ Jøer Gunnarsson (o. 1740-1813). Tenar nr. 143 i KFT.

²⁶⁸ Maren Mortensdotter (o. 1748-1829). Tenar nr. 157 i KFT.

²⁶⁹ 1801-teljinga for Elverum og Elvk07, s. 365, begge BD87u.

Det er med andre ord vigselen, for dei som var gift, som er grensa eg bruker for å seie noko om ein mogleg sosial overgang. For dei ugifte har eg rekna den sosial gruppa dei er nemnt i etter 25 års alder, der denne var anna enn teneste. Viss ikkje anna enn teneste er kjent, er det denne som er rekna som sosialgruppe.

3.4. Tenaranes sosiale opphav

Av dei 276 tenarane som er nemnt i ES framgår det av tabell 2 at dette er kjent hos 205 (74 %) av tenarane, 84 drengar og 121 jenter. Det er altså nokon fleire gutar i høve til jenter enn det tilhøvet var totalt mellom kjønna (sjå kapittel 2.3). 103 av tenarane var frå gard eller rydningsplass, 65 frå husmannsplass eller innersthushald, 37 hadde bakgrunn i begge desse gruppene og 72 tenarar har ukjent opphav. Det er grunn til å tru at dei som var frå husmannsplass eller innersthushald er underrepresentert i dette materialet, da dei langt sjeldnare har etterlatt seg spor i kjeldemateriale, noko som gjør at dei har vori vanskelegare å identifisere. Tek ein utgangspunkt i ei viss underregistreing av talet på tenarar

Sosial gruppe:	Tal tenarar:	Tal drengar:	Tal jenter:
Gruppe 1:	103.....	48.....	55.....
Gruppe 2:	37.....	14.....	23.....
Gruppe 3:	65.....	22.....	43.....
Ukjent:	72.....	25.....	46.....
Tilsaman:	276.....	109.....	167.....

Tabell 2. Tenaranes sosiale opphav, totalt og fordelt på kjønn.

med husmanns- og innerstbakgrunn er det ikkje urimeleg å tru at det kan ha gått omlag 80 tenarar med den sistnemnte bakgrunnen for hundre tenarar med bondebakgrunn. I 1762 gjekk det omlag 64 husmannsplass- og innersthushald for hundre gardshushald og det er grunn til å tru at dette tilhøvet i grove trekk var likt også da tenarane vart født og vaks opp.²⁷⁰ Legg ein også til at bøndene

²⁷⁰ Cecilie Lintoft har i si hovudfagsoppgåve vist at det i tida 1730-59 var seks husmannsplassar som gjekk over til matrikulerte sjølveigarbruk, og at det i 1730 var høvesvis fleire husmenn enn det var i 1762. Lintoft (1997), s. 124 og 144. Truleg var ikkje Hernes noko særtilfelle og det er rimeleg å tru at utviklinga kan ha vori omlag den same i resten av Elverum også. Det er derfor

truleg jamnt over hadde fleire born, er det all grunn til å tru at tenarane var meir rekruttert frå husmannsplassar og innersthushald enn frå gardar. Tenestedrengane var derimot meir rekruttert frå bøndene, mens det motsette var tilfelle for tenestejentene. Tilhøvet mellom drengane og jentene er påfallande. Til trass for at det gjekk 65 tenestedrengar for 100 tenestejenter (sjå kapittel 2.3) er det nesten like mange drengar som jenter med opphav i gruppe 1. Gruppe 2 har omlag den same fordelinga som tenarane totalt, mens det i gruppe 3 er nesten dobbelt så mange jenter som gutar. Også blant dei ukjente er det nesten dobbelt så mange jenter som drengar, noko som kan skuldast at tala er små, og at det er dermed er slump.

Noko som talar for ein slik påstand er at tilhøvet mellom kjønna var omlag som for tenarane totalt for dei 100 tenarane der den sosiale mobiliteten er ukjent (sjå neste kapittel). Talmaterialet er jo her også noko større. Kva årsaka/ene til skilnadene mellom kjønna i sosialgruppe 1 og 3 skuldast er ikkje godt å seie. Tala er små, spesielt i gruppe 3, men i gruppe 1 meiner eg det er liten grunn til å tru at det blant dei med ukjent opphav skjuler seg høvesvis fleire bondedøtre og husmannssøner enn bondesøner og husmannsdøtre. Det skulle ikkje vera grunn til å tru at det er noko vanskelegare å identifisere jentene enn gutane. Men som eg har vori inne på i kapittel 2.3, var det fleire tenestedrengar i Elverum enn på landsbasis, truleg avdi tømmerhogsten i Elverum var ei viktigare næring enn han var på landsbasis.

Kanskje er forklaringa den at dette *overskotet* av drengar fyrst og fremst var bondesøner. Men dette forklarar ikkje kvifor det var så få bondedøtre i teneste. Også Lundhs studie syner at det var fleire bondesøner i teneste ved vigselen i Skåne på 1700-talet enn stoda var for bondedøtre med høvesvis 93 % og 88 %.²⁷¹ Ein hypotese som kan framsettes er derfor at det var vanlegare for bondesøner å vera i teneste enn tilfelle var for deiras systre på 1700-talet, og i Elverum var det i tillegg ekstra mange bondesøner i høve til bondedøtre, avdi tømmerhogsten var ei viktig næring. Årsaka til at det var relativt få gutar i høve til jenter frå husmanns- og innerstklassa var at gutane hadde anna arbeid i

sannsynleg at det var noko fleir plassar i høve til gardar i 1730- og 1740-åra enn i 1762. Derimot syner Lintoft at talet på innerstar truleg var svært lite på denne tida og auka ganske mykje fram til 1762 (sst., s. 124f). Alt i alt er det derfor grunn til å tru at dette kan ha vegd opp for færre husmenn slik at høvet mellom bønder og husmenn kan ha vori omlag det same i desse periodane.

eller utanfor soknet. Samanlikna med det Harnesk og Lundh har komi fram til i Sverige på 1700-talet må desse resultatane seiest å framvise både likskap og avvik. Som nemnt går det fram at tenarane i syndre Norrland i Sverige var noko meir representert frå dei lågare samfunnssklassane.²⁷² Dette var dei også i følgje Kussmaul i England.²⁷³ I Skåne synast det med visse atterhald å vera motsett; der kom tenarane i høgare grad frå bondestand enn dei lågare samfunnssklassane.²⁷⁴

3.5. Den sosiale mobiliteten

Problemstillinga i dette kapitlet er den sosiale mobiliteten blant tenarane. Med andre ord hossen var den sosiale mobiliteten blant dei 276 tenarane som er nemnt i ES? Var han uendra eller gjekk han opp eller ned? Av dei i alt 276 tenarane er det 176 (64 %) eg så å seie har identifisert frå vogge til grav, og som dekkjer dei krava til identifisering eg har nemnt kapittel 3.3. Av desse er 69 tenestedrengar og 107 tenestejenter. Altså eit kjønnsstilhøve omlag som for alle tenarane totalt (sjå kapittel 2.3). For alle tenarane og dei i sosialgruppe 1 er det

Frå sosialgruppe:	Til sosialgruppe:	Tal:	Prosent:
Gruppe 1:.....	Gruppe 1:.....	41	(48 %)
.....	Gruppe 2:.....	9	(10 %)
.....	Gruppe 3:.....	23	(27 %)
.....	Gruppe 4:.....	13	(15 %)
Tilsaman: _____		86	(100 %)
Gruppe 2:.....	Gruppe 1:.....	9	(26 %)
.....	Gruppe 2:.....	6	(17 %)
.....	Gruppe 3:.....	16	(46 %)
.....	Gruppe 4:.....	4	(11 %)
Tilsaman: _____		35	(100 %)
Gruppe 3:.....	Gruppe 1:.....	10	(18 %)
.....	Gruppe 2:.....	8	(14 %)
.....	Gruppe 3:.....	30	(55 %)
.....	Gruppe 4:.....	7	(13 %)
Tilsaman: _____		55	(100 %)
Tilsaman totalt: _____		176	(100 %)

Tabell 3. Sosial mobilitet hos dei ulike sosialgruppene av tenarar.

²⁷¹ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 67.

²⁷² Harnesk (1990), s. 29.

²⁷³ Kussmaul (1981), s. 77.

²⁷⁴ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 67ff.

mest riktig å sjå på dei med oppgåande mobilitet og uendra mobilitet saman, ettersom dei i sosialgruppe 1 sjølvsagt ikkje hadde oppgåande mobilitet. Som det framgår av tabell 3 hadde 104 eller 59 % ein oppgåande- eller uendra sosial mobilitet, mens 72 (41 %) hadde nedgåande sosial mobilitet. Jamnt over kan ein derfor seie at tenarane hadde ein oppgåande eller uendra sosial mobilitet. Ser ein på dei ulike sosialgruppene var det i gruppe 1 omlag halvparten som hadde uendra sosial mobilitet, mens den andre halvparten hadde nedgåande sosial mobilitet.

I gruppe 2 hadde 26 % oppgåande mobilitet, 17 % hadde uendra mobilitet, mens 57 % hadde nedgåande mobilitet. I gruppe 3 hadde 32 % oppgåande mobilitet, litt over halvparten hadde uendra, mens 13 % hadde nedgåande mobilitet. Talet på tenarar i gruppe 2 og 3, og spesielt i gruppe 2 med kun 35 tenarar er eit lite statistisk materiale, og ein bør derfor vera varsam med ei tolkning her. Som det framgår av tabell 4, og som før nemnt, er det 69 tenestegutar der den sosiale mobiliteten er kjent. Av desse hadde 51 eller 74 %

Frå sosialgruppe:	Til sosialgruppe:	Tal:	Prosent:
Gruppe 1:.....	Gruppe 1:.....	27	(71 %)
.....	Gruppe 2:.....	2	(5 %)
.....	Gruppe 3:.....	6	(16 %)
.....	Gruppe 4:.....	3	(8 %)
Tilsaman: _____		38	(100 %)
Gruppe 2:.....	Gruppe 1:.....	3	(25 %)
.....	Gruppe 2:.....	2	(17 %)
.....	Gruppe 3:.....	7	(58 %)
.....	Gruppe 4:.....	0	(0 %)
Tilsaman: _____		12	(100 %)
Gruppe 3:.....	Gruppe 1:.....	6	(32 %)
.....	Gruppe 2:.....	4	(21 %)
.....	Gruppe 3:.....	9	(47 %)
.....	Gruppe 4:.....	0	(0 %)
Tilsaman: _____		19	(100 %)
Tilsaman totalt: _____		69	(100 %)

Tabell 4. Sosial mobilitet hos dei ulike sosialgruppene av tenestedregane.

inga eller oppgåande sosial mobilitet, mens 26 % hadde nedgåande sosial mobilitet. Ser ein på sosialgruppene kvar for seg, var det i gruppe 1 71 % av drengane som vart verande i same gruppe, mens dei resterande 29 % hadde nedgåande mobilitet. I gruppe 2 var det 42 % som hadde oppgåande eller

uendra mobilitet og 58 % som hadde nedgåande. I gruppe 3 hadde alle oppgåande eller uendra mobilitet. Tala for gutane er svært små, og det er derfor grunn til å vera varsam med tolkninga, men iallfall i gruppe 1 blant bondesønene, er det grunn til å tru at fleirtalet sjølve vart bønder. Ser ein på tala for jentene framgår det av tabell 5 at den eine halvparten hadde oppgåande sosial mobilitet eller vart verande i same gruppe, og den andre halvparten hadde nedgåande sosial mobilitet. I gruppe 1 var det omlag 30 % som vart verande og 70 % som hadde nedgåande mobilitet. I gruppe 2 var det 43 % som hadde uendra eller oppgåande sosial mobilitet, mens 57 % hadde nedgåande mobilitet. I gruppe 3 hadde 80 % uendra eller oppgåande mobilitet, mot kun 20 % som hadde nedgåande.

Også for jentene er tala relativt små og ein bør også her vera varsam med tolkning. Det er grunn til å tru at tenarar frå sosial gruppe 2 og 3, og da spesielt frå gruppe 3 er dårlegare representert i dette materiale. Dette avdi, som nemnt ovanfor, dei er vanskelegare å fange opp i kjeldematerialet når ein ikkje har kyrkjeboka til hjelp. Ettersom dei fleste i gruppe 3 hadde ein oppgåande eller uendra mobilitet, tyder det på at det var nokon fleire med denne mobiliteten enn det mine tal gjer uttrykk for. Det er derfor ikkje urimeleg å tru at over 60 % av alle tenarane har hatt ein uendra eller oppgåande sosial mobilitet. For drengane vil den oppgåande mobiliteten også vera noko høgare ettersom det her kun var oppgåande eller uendra mobilitet.

Frå sosialgruppe:	Til sosialgruppe:	Tal:	Prosent:
Gruppe 1:.....	Gruppe 1:.....	14	(29 %)
.....	Gruppe 2:.....	7	(15 %)
.....	Gruppe 3:.....	17	(35 %)
.....	Gruppe 4:.....	10	(21 %)
Tilsaman:.....		48	(100 %)
Gruppe 2:.....	Gruppe 1:.....	6	(26 %)
.....	Gruppe 2:.....	4	(17 %)
.....	Gruppe 3:.....	9	(40 %)
.....	Gruppe 4:.....	4	(17 %)
Tilsaman:.....		23	(100 %)
Gruppe 3:.....	Gruppe 1:.....	4	(11 %)
.....	Gruppe 2:.....	4	(11 %)
.....	Gruppe 3:.....	21	(58 %)
.....	Gruppe 4:.....	7	(20 %)
Tilsaman:.....		36	(100 %)
Tilsaman totalt:.....		107	(100 %)

Tabell 5. Sosial mobilitet hos dei ulike sosialgruppene av tenestejentene.

Også for jentene er det grunn til å tru at mobiliteten har vori noko meir oppgåande eller uendra. Til trass for at det er all grunn til å vera varsam med ei tolkning avdi talmaterialet, spesielt for tenestedrengane, er lite meiner eg det er grunn til å seie at gutane ser ut til å ha hatt ein oppgåande eller uendra mobilitet, mens jentene ser ut til å ha hatt ein meir nedgåande mobilitet. Den sosiale mobiliteten er med andre ord heilt motsett for dei to kjønna. Spesielt stor er skilnaden i sosialgruppe 1 blant bondesønene og bondedøtrene. Her vart omlag 70 % av drengane sjølve bønder, mens kun omlag 30 % av jentene vart bondekoner.

Eg har også freista å fjerne dei ugifte bondedøtrene som i alt talte 14 personar og tala blir da 41 % uendra, 21 % åt gruppe 2 og 38 % åt gruppe 3. Sjølv nå er skilnaden mellom gutane og jentene ganske stor, og det kan derfor ikkje vera jentenes høgare del av ugifte som er årsaka til dette mønstret. Alt i alt meiner eg det derfor er grunn til å seie at det var omlag 70 % sannsynleg at ein dreng sjølv ville bli bonde, 5 % ville havne både på gard og plass, 16 % ville havne på ein plass og 8 % ville vera i teneste livet ut. For ei jente var det omlag 30 % sannsynleg for at ho vart gift til ein gard, 15 % for at ho vart gift i sosialgruppe 2, 35 % sannsynleg for at ho vart gift til ein plass og 21 % sannsynleg at ho ville vera i teneste livet ut.

Den sosiale mobiliteten i Elverum er noko avvikande frå den Harnesk kjem fram til for sitt Hassela sokn i Helsingland. Som nemnt påviser han her at bondesønene som hadde vori i teneste, hadde ein klart nedgåande mobilitet mot dei som ikkje hadde vori i teneste.²⁷⁵ Jamnført med mitt materiale var det i hans ein klart nedgåande sosial mobilitet for bondesøner som hadde vori i teneste. I hans materiale var det omlag 70 % av bondesønene som hadde nedgåande sosial mobilitet, mens det i mitt materiale er omlag det motsette. I hans materiale var det blant bondesønene som ikkje hadde vori i teneste over tre fjerdedelar som sjølve vart bønder.

Dette sambandet var derimot ikkje tilstades blant bondedøtrene. Etersom eg ikkje har noko tal på hossen mobiliteten var for bondesønene i Elverum som ikkje hadde vori i teneste kan eg ikkje samanlikne dette, men sjølv om denne

²⁷⁵ Harnesk (1990), s. 28ff.

var høgare enn 70 % med uendra sosial mobilitet, kan ikkje skilnaden mellom bondesøner som hadde vori i teneste og ikkje haddde vori vera så stor som den var i Hassela i Helsingland. Bondedøtrene i hans materiale hadde mindre sosial nedgåande mobilitet med 55 % mot mine med 70 %. I følgje Lundh var den sosiale mobiliteten i Skåne svært liten på slutten av 1700-talet med kun mellom 11 og 15 % nedgåande mobilitet i bondestanden.²⁷⁶ Den var med andre ord mindre enn det den er i mitt materiale, der omlag halvparten i bondestand hadde nedgåande sosial mobilitet.

Børje Harnesk argumenterer, som nemnt, for at det var ein samanheng mellom det å ta teneste og sosial nedgåande mobilitet. Han meiner at dette sambandet fans i dei områda som hadde odel, og der altså kun ein av sonene tok over garden. Sjølv om Harnesk finn ein slik samanheng, har eg nå nærmast komi fram til eit motsett resultat for bondesønene i Elverum. Også Lundhs materiale frå Skåne syner nærmast eit motsett resultat av Harnesk. Inntil fleire studiar føreligg, bør ein derfor vera varsam med å trekkje slutningar for eit større område, da det verkar som det har vori store skilnader på den sosiale mobiliteten.

Det er vanskeleg å gje noko godt svar på den sosiale mobiliteten i Elverum, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan ha vori ein viss samanheng mellom den nedgåande mobiliteten for bondedøtrene og kvinnenens generelt svakare økonomiske stilling på 1700-talet. Det er kjent at kvinnene på 1700-talet var meir representert i fattiglistar og fattighus enn menn.²⁷⁷ Ei innvending mot denne forklaringa er at det i samtida fans eit kvinneoverskot, og at mange kvinner dermed ikkje vart gift. Det er grunn til å tru at det er mange av dei ugifte kvinnene som gjenfinnes i fattiglistene på 1700-talet.

3.7. Samandrag

Det ser ut til at ein klar overvekt av tenarane i Elverum har vori rekruttert frå husmanns- og innerststanden. Men det var store kjønnskilnader ettersom relativt fleire av tenestedrengane var rekruttert frå bondehushalda. Blant jentene ser det ut til å ha vori motsett, i og med at relativt fleire her var rekruttert frå

²⁷⁶ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 73f.

husmanns- og innersthushalda. Eg meiner at følgjande hypotese kan forklare skilnadene mellom kjønna: Det var vanlegare for bondesøner å vera i teneste enn tilfelle var for deiras systre på 1700-talet. Noko som delvis kan forklare dette, er at tømmerhogsten i Elverum var ei viktigare næring enn i landet elles. Årsaka til at det var relativt få gutar i høve til jenter frå husmanns- og innerstklassa, var at gutane hadde anna arbeid i eller utanfor soknet. Også eit studie av den sosiale mobiliteten i Skåne til omlag same tid syner den same tendensen.²⁷⁸

Tenarane i Elverum og tenarane jamnt over i Nordvest Europa ser ut til å ha vori rekruttert frå dei lågare samfunnssklassene. Sett under eit ser tenarane i Elverum ut til å ha hatt ein oppgåande- eller uendra sosial mobilitet. Dette var tilfelle for omlag 60 % av tenarane. Det som må seiast å vera noko overraskanda er at gutane i grove trekk ser ut til å ha hatt ein oppgåande sosial mobilitet, mens jentene ser ut til å ha hatt det motsette. Spesielt stor var skilnaden blant bondesønene og bondedøtrene. Mens det for ein tenestedreng var omlag 70 % sannsynleg for at han ville bli bonde, var det kun 30 % sannsynleg at ei tenestejente ville bli gardkjerring.

Mine resultat må seiast å stå i kontrast til det Harnesk har komi fram til for eit sokn syndre Norrland der tenestedrengane hadde ein klart nedgåande sosial mobilitet.²⁷⁹ Bondedøtrene hadde heller ikkje så stor nedgåande mobilitet som dei i Elverum. I Skåne var den nedgåande mobiliteten hos bøndene på ikkje meir enn 11 og 15 %, og dermed ein del mindre enn i Elverum på 1700-talet. Det er vanskeleg å gje noko godt svar på den sosiale mobiliteten i Elverum, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan ha vori ein viss samanheng mellom den nedgåande mobiliteten for bondedøtrene og kvinnenens generelt svakare økonomiske stilling på 1700-talet.²⁸⁰

Det er kjent at kvinnene på 1700-talet var meir representert i fattiglistar og fattighus enn menn.²⁸¹ Ei innvending mot denne forklaringa er at det i samtida fans eit kvinneoverskot, og at mange kvinner dermed ikkje vart gift. Det er grunn til å tru at det er mange av dei ugifte kvinnene som gjenfinnes i fattiglistene på

²⁷⁷ Sjå t.d. Dørum i *Heimen* (1995), s. 77-83.

²⁷⁸ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 67.

²⁷⁹ Harnesk (1990), s. 25-31.

²⁸⁰ Knut Dørum muntleg fråsegn.

²⁸¹ Sjå t.d. Dørum i *Heimen* (1995), s. 77-83.

1700-talet. Det er grunn til å tru at dei fleste tenestejente også vart gift, og dei må i det store og heile ha følgd den sosiale gangen åt mannen. Forklaringa må derfor seiast å stå heller svakt.

4. Den geografiske mobiliteten

4.1. Innleiing

Det overordna målet i dette kapitlet vil vera å finne ut kor stor mobiliteten var blant tenarane i Elverum i 6-års perioden 1758-63. Ei anna problemstilling er makromobilitetens omfang i kapittel 4.3.6. I kapittel 4.3.7 er spørsmålet kor vanleg årsteneste og tenesteavbrot var. Med tenesteavbrot er her meint mellombelse opphald i tenesten. I kapittel 4.4 er det mobilitetens avstand som er problemstilling, og her vil Sivert Langholms hypotese om sambandet mellom nærflytting og høg mobilitet bli drøfta på bakgrunn av mitt materiale. Endeleg vil eg i kapittel 4.5 sjå nærmare på når på året tenarane flytta, og spørsmålet her er kvifor flyttemønstret var slik det var. Som nemnt i innleiinga vil eg freiste å samanlikne dei resultatane eg kjem fram til med den forskinga som allereie føreligg på området i Nordvest Europa, og spesielt Norden på 1700-talet. Kjeldene som ligg til grunn er tidlegare generelt omhandla i kapittel 1.4 og dei vil bli nærmare drøfta under kvar problemstilling, der dette er naturleg.

4.2. Forskningsstoda

Som tidlegare nemnt er det nesten ikkje skrivi noko om den geografiske mobiliteten blant tenarane på 1700-talet i Norden, og heller ikkje i Nordvest Europa elles. Den einaste som har skrivi om dette emnet i Norden er Børje Harnesk.²⁸² Hans studie er i det store og heile avgrensa åt syndre Norrland i Sverige. Her framgår det at mobiliteten i Bollnes sokn i Helsingland i 1760-åra var relativt høg, i og med at 34 % av tenarane byte teneste etter eit år, 28 % etter to år og 38 % etter tre år eller meire. Gutane hadde her ein del høgare mobilitet enn jentene med høvesvis 38 % mot 30 % som var i teneste i eit år.

²⁸² Harnesk (1990), s. 161-178.

Og for dei som var i teneste på same stad i tre år eller meir, var tala høvesvis 32 % og 44 %. Harnesk har ikkje noko eigne rater for makromobiliteten, men det går fram at mellom 0,4 % og 39 % av tenarane i Gestrikland, Helsingland og Medelpad i 1760-åra flytta utor soknet i løpet av eit år. Harnesk meiner desse tala er relativt høge, men at dei er låge samanlikna med dei tala Kussmaul har frå England der omlag 75 % av tenarane på 1700-talet og tidleg 1800-tal flytta etter eit år i teneste.²⁸³ Også Mitterauer har døme frå Østerrike i perioden 1816-34 som syner ein relativ høg mobilitet med 45 % av tenarane i teneste i eit år.²⁸⁴ Her i landet fins det ikkje noko undersøking av mobiliteten på 1700-talet, og det nærmaste ein kjem er Ståle Dyrviks studie av Etne i Hordaland i perioden 1825-60.²⁸⁵ Her flytta tenarane i gjennomsnitt kvart andre eller tredje år, og jentene hadde ein tanke høgare mobilitet enn gutane.²⁸⁶

Kring 1825 tente gutane to år ute or bygda og to år heime i bygda i tida mellom konfirmasjon og giftarmål. Jentene hadde derimot fire år heime og kun eit år ute.²⁸⁷ Omlag frå same tid har Dribe & Lundh ein studie frå Vestre Skåne der mobilitetsratene for gutane og jentene var på høvesvis 0,4 og 0,32.²⁸⁸ Når det gjeld makromobiliteten syner deiras studie at nesten halvparten av all flytting gjekk mellom prestegjeld, og det meste av denne flyttinga var innanfor ein radius på 15 km, mens noko over 40 % var flytting innanfor prestegjeldet.²⁸⁹ Ein anna studie frå svensk 1800-tal er Sture Martinius sin frå Skåning.²⁹⁰ Her var 15 % av flyttinga i 1860-åra flytting over soknegrenser, og resten var flytting innanfor ein radius på 17 km.²⁹¹ Christer Lundh nemner ei inn- og utflyttingsrate på 0,10 for Sverige i 1800-talets fyrste del, men han påpeikar samtidig at det ikkje er råd å samanlikne makromobiliteten, ettersom den til ein viss grad er avhengig av soknets geografiske storleik og busetnad.²⁹² På 1800-talet synast

²⁸³ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 223f.

²⁸⁴ Harnesk (1990), s. 167f. Note 28, ref. Mitterauer (1986), s. 282ff.

²⁸⁵ Dyrvik i *Heimen* (1983).

²⁸⁶ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 231.

²⁸⁷ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 234.

²⁸⁸ Dribe og Lundh (2002), s. 6. Dei har her rekna ut den totale migrasjonsraten (TMR), mens eg brukar den generelle migrasjonsraten (GMR). Dette har i praksis ikkje noko å seie. Jf. kapittel 4.3.1 for definisjon av GMR.

²⁸⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 7.

²⁹⁰ Martinius (1977).

²⁹¹ Det er dette han kallar *local job-mobility*. Martinius (1977), s. 97.

²⁹² Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56. Sjå note 17.

det som om det var høg makromobilitet i Sverige, i følgje Lundh.²⁹³ Men netto makromobiliteten synast å ha vori svært liten. Ein årsak til dette meiner han er at tenarane i høg grad flytta fram og tilbake. Også Ståle Dyrvik påpeikar dette for Etne i Hordaland i perioden 1740-1800.²⁹⁴ Det synast å vera semje om at tenarane i det store og heile var i årsteneste.²⁹⁵ Med andre ord at dei gjekk på årlege kontraktar. Men unntak er nemnt som t.d. Ødegaard som i si hovudoppgåve for Midt- og Nord-Noreg nemner tenarar med ½, ⅓ og ¼ tjeneste.²⁹⁶ Det går derimot ikkje fram om dette var i full teneste eller bare delvis teneste.

Noko gransking av aspektet fins derimot ikkje. Tenaranes avbrot frå teneste er heller ikkje eit aspekt ved den geografiske mobiliteten det fins noko gransking på, iallfall ikkje for Norden. Den einaste eg kan sjå som har noko om dette aspektet er Ann Kussmaul som seier at tenarane i England kunne flytte heim for eit år eller to, og at årsaka som regel var meir trong for arbeidskraft i heimen, ofte på grunn av dødsfall.²⁹⁷ Som nemnt i kapittel 1.2 er truleg noko av årsaka til det, at det kjem an på hossen ein i utgangspunktet har definert mobilitet. Vel ein den definisjonen Börje Harnesk²⁹⁸ har gjort med kun flytting mellom tenestestadar, vil ein jo heller ikkje kunne fange opp mellombelse opphald frå teneste. Vel ein derimot all flytting av tenarar som Dribe & Lundh²⁹⁹ har gjort, vil ein kunne fange opp denne ovringa. Det føreligg så vidt eg kan sjå kun ein studie som har medeltal for kor langt tenarane flytta, og det er Ann Kussmauls studie over England. Her var fråstandane på 1700-talet i gjennomsnitt mellom 5 km og 11 km. I eit døme frå Lincolnshire hadde gutane lengre avstandar enn jentene.³⁰⁰ Heilt sidan Torsten Hägerstrands klassiske studie av ut- og innflyttinga i Asby sokn i Østergötland i perioden 1840-1944 har det vori gjort ein del komparative undersøkinger på bakgrunn av denne studien. Hägerstrand kom her fram til at det meste av både inn- og utflyttinga var nærflytting.³⁰¹ Her til

²⁹³ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

²⁹⁴ Dyrvik (1971), s. 39.

²⁹⁵ Harnesk (1990), s. 167 og Dribe og Lundh (2002), s. 6. Sjå også Østberg (1918), s. 34f.

²⁹⁶ Ødegaard (1975), s. 3.

²⁹⁷ Kussmaul (1981), s. 73.

²⁹⁸ Harnesk (1990), s. 173.

²⁹⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 36.

³⁰⁰ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 228f.

³⁰¹ Hägerstrand sjølv brukte fyrste klasse om denne type flytting (Hägerstrand i *Svensk geografisk årbok* (1947), s. 126, note 22), men ho er av andre forskarar i ettertid som t.d.

lands føreligg det inga studier av tenarane som sådan frå 1700-talet, men frå ein del studier, som t.d. Sølvi Sogners av Rendalen,³⁰² Ståle Dyrviks av Etne,³⁰³ Alf Steinar Kneppens av Ullensaker,³⁰⁴ Sivert Langholms³⁰⁵ og Brynjulv Gjerdåkers³⁰⁶, begge av Ullensaker på 1800-talet, går det fram at nærflytting også her i landet var dominerande på 1700- og 1800-talet. Sjølv om dette er studier av all flytting, ser det ut til at tenarane var den gruppa som utan jamnføring var mest mobile på 1700- og 1800-talet. Fleire som t.d. Sogner³⁰⁷, Harnesk³⁰⁸ og Lundh³⁰⁹ har påpeikt dette. Samtidig er det heller ikkje grunn til å tru at flyttinga åt tenarane skilde seg vesentleg frå den allmenne flyttinga. Sivert

Langholm set i det nyss nemnte studie fram ein hypotese om samanhengen mellom nærflytting og høg mobilitet som eg vil kome nærmare inn på i kapittel 4.4.2. For 1800-talet fins det ein del forskning frå Sverige, og i følgje Lundh var det meste av flyttinga i det førindustrielle Sverige nærflytting.³¹⁰ Fleire studier er med å underbygge dette. Eit døme i så måte er Dribe & Lundhs studie av Skåne i perioden 1829-67 der over 80 % av all flytting og 44 % av makromobiliteten var innanfor ein radius på 15 km.³¹¹ Når det gjeld flyttemønster, altså til kva tid på året tenarane flytta er denne sida ved tenesteinstitusjonen lite omhandla tidlegare. Sogners studie av mobiliteten på Austlandet på 1700-talet syner eit mønster i Nannestad sokn i perioden 1729-54 med klart mest flytting i oktober og med april som ein god nummer to.³¹² Minst flytting var det om sommaren og i februar. Flyttemønstret er også kjent frå Sverige. Dribe & Lundh seier i sin studie av Skåne at dei fleste flyttingene gjekk

Langholm og Lundh kalt høvesvis *short-distance migration* og *short-range migration*. Sjå t.d. Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 38 og Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

³⁰² Sogner (1979).

³⁰³ Dyrvik (1971).

³⁰⁴ Kneppen (1976).

³⁰⁵ Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975).

³⁰⁶ Gjerdåker (1974).

³⁰⁷ I eit døme med utflytting frå Nannestad i perioden 1729-54 viser ho at den vanlegaste årsaka til flytting var teneste. Sogner (1979), s. 101.

³⁰⁸ Opptil halvparten av all flytting i Melardalen i Sverige på 1800-talet var av tenestefolk.

Harnesk (1990), s. 173. Note 57, ref. Eriksson og Rogers (1978), s. 202ff.

³⁰⁹ 70 % av dei som flytta inn i fire skånske sokn i perioden 1831-35 var tenarar. Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 57.

³¹⁰ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

³¹¹ Det er uklart kvifor dei bruker 15 km og ikkje 17 km i tråd med Hägerstrands studie. Dribe og Lundh (2002), s. 6f. Sjå også Martinius (1977), s. 97.

³¹² Sogner (1979), s. 99ff.

føre seg i oktober og november.³¹³ Dei fleste tenestekontraktane gjekk her ut den 24. oktober og dei nye tok til 1. november.³¹⁴ Christer Lundh syner i sin studie frå det same valdet i perioden 1825-44 at 78 % av all flytting skjedde i oktober, 12 % i november og at kun ein liten prosentdel flytta i april.³¹⁵ Også ei anna studie av Martinius frå sentrale delar av Sverige i perioden 1861-70 viser at meir enn 75 % av tenarane flytta i oktober og november.³¹⁶ Også i England ser det ut til at flyttinga for det meste fann stad om hausten. Kussmaul nemner at det i Sør- og Aust-England var mest vanleg å flytte ved mikkelsmess (29. september) og at det i Nord-England var vanleg om lag ein månad seinare, den 11. november (Martinmas).³¹⁷ Enkelte stadar der grasproduksjon og husdyrhald var viktig var det 1. mai (May Day) som var flyttedag. Så vidt eg kan sjå er det kun Christer Lundh som i det heile har noko forklaring på dette mønstret. Han seier at det var sterke institusjonelle grunnar til eit slikt mønster. Lundh nemner at flyttedagen i Skåne vart flytta frå mikkelsmess og om lag ein månad fram i tid til 24. oktober, for at flyttetida ikkje skulle kome i vegen for potetoptakinga. Kussmaul forklarar flyttetida i England på ein liknande måte, der flyttetida var lagt til eit litt rolegare leite etter at det meste av kornhausten var unnagjort.³¹⁸ Både Lundh og Kussmaul meiner altså at det var ein samanheng mellom flyttetida og arbeidsintensivitet.

4.3. Mobilitetens omfang

4.3.1. Innleiing

Det er dei tre kjeldene, ES, NB og ATL som ligg til grunn for utrekninga av mobiliteten. Det fyrste måten eg har rekna ut mobiliteten på er å kombinere ES og NB. Eg har her teki utgangspunkt i dei 276 tenarane som er nemnt i ES, og fulgt dei gjennom 5-års perioden 1758-62 i NB. Av dei 276 tenarane er det 105, 77 jenter og 28 drengar, som eg har funni att minst ein gong kvart år i NB.

³¹³ Dribe og Lundh (2002).

³¹⁴ Dribe og Lundh (2002), s. 5.

³¹⁵ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 60.

³¹⁶ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 60. Note 38, ref. Martinius (1967), s. 63.

³¹⁷ Kussmaul (1981), s. 50f.

Målinga er altså gjort på ein kohort tenarar som har det til felles at dei var tenarar i ES. For denne perioden har eg i alt registrert 189 flyttinger der 152 var av jenter og 37 av drengar. Gjennomsnittet for kvar tenar er da omlag 1,8 flytting for femårsperioden 1758-62 eller 0,36 pr. år i same periode. 36 % av tenarane ville altså flytte kvart år. Ser ein på kjønna, var tala 0,39 flytting pr. år for jentene og 0,26 for gutane. Eg vil om litt kome tilbake til kor røynelege desse tala kan vera i kapittel 4.3.2 og 4.3.3. Den andre måten eg har rekna ut mobiliteten på er ved formelen for den såkalla generelle mobilitetsraten (GMR)³¹⁹ som er definert på følgjande sett:

$$\text{GMR} = \frac{\text{flyttinger gjennom eit år}}{\text{talet på tenarar midt i perioden}}$$

Ettersom eg har lagt talet på flyttinger i ATL for perioden frå november 1762 åt desember 1763 til grunn, har eg vori nøydd til å dele på 14 og gonge med 12 for å få raten over eit år. Alt i alt var det 116 flyttinger gjennom denne perioden, 33 av drengar og 83 av jenter. Ved byrjinga av denne perioden i oktober 1762 var det 276 tenarar og ved utgangen var det omlag 299 tenarar³²⁰. Med andre ord var det omlag 288 tenarar midt i perioden. Som ein ser av tabell 7 var raten for alle tenarane på 0,35, mens den for jentene var ein del høgare enn for gutane med høvesvis 0,39 mot 0,25. Sagt på ein annan måte flytta tenarane etter nærmare tre år i teneste i denne perioden. Jentene flytta etter omlag to og eithalvt års teneste, mens gutane flytta fyrst etter fire års teneste.

GMR (Generell mobilitetsrate):	
Totalt:	0,35
Tenestedrengar:	0,25
Tenestejenter:	0,39
Makromobilitet:	0,04

Tabell 7. GMR (Generell mobilitetsrate) 1762-63.

³¹⁸ Kussmaul (1981), s. 50.

³¹⁹ Dette er det same som GFR (Generell fertilitets rate) bare med den skilnad at det her er tale om flyttinger og ikkje om fødsjar.

³²⁰ Talet kan ikkje seias heilt nøyaktig avdi det er usikkert om ti av tenarane (tre gutar og sju jenter) var i Elverum ved dette leitet. I utrekninga har eg gått ut frå at fem (to drengar og tre jenter) av dei ikkje var her.

4.3.2. Kjeldene og metodane som ligg til grunn for mobilitetsratene

Som eg har nemnt tidlegare er ES kun ført over dei som var 12 år og eldre. På bakgrunn av det eg kom fram til i kapittel 2.5, er det rimeleg å tru at dei tenarane som var under 12 år utgjorde ein stad mellom 2 og 5 % av tenarane. Ettersom dei var så få er det inga grunn til å tru at desse ville hatt noko innverknad på ratene, sjølv om mobiliteten deiras hadde vori annleis. Når det gjeld sjølve innføringa i NB er dei fleste personar ført med fullt namn. Med andre ord både for-, fars- og bustadnamn (tredje namn). Sosio-økonomisk status som yrkesnemning er svært sjeldan nemnt. Til dømes er det svært sjeldan at det står som det gjør om Ola Persson og Mari Hallvordsdotter da dei gjekk til nattverds høvesvis den 20. mai 1759 og den 1. juni 1762:

... *Ole Pedersen Bonerud tjenested: ... Marthe Halvorsdatter Tiener i Grindahlen*³²¹

Det er derfor sjølv sagt ei vanske for mitt formål, at NB svært sjeldan seier noko direkte om hokken som var i teneste. Eg kan derfor ikkje vera heilt sikker på at dei eg har identifisert som tenarar i ES også var i teneste i NB. Det er derimot rimeleg å tru at dei fleste var det, og eg har derfor forutsatt at dei er det. Eg har kun rekna med dei tenarane som eg har notert med minst ein nattverdsgang i året i denne femårsperioden. Med andre ord er dei som har fråvær i NB på meir enn eit år ikkje medrekna.³²² Når det gjeld identifiseringa av dei som var i teneste har eg i ES og ATL stort sett gått ut frå dei som er oppført som tenarar. I ES er det fire ord som brukas og det er *tenestepike*, *tenestedreng*, *dreng* og *tenestekar*. Identifiseringa av tenarane i ES og ATL har derfor ikkje vori særleg vanskeleg sjølv om det fins unntak i ATL der det kan vera tvil. Metodane eg har brukt er *lenkjingsmetoden* og *identifiseringsmetoden*. Den fyrste metoden, har eg brukt for å lenkje dei frittståande innførslane i nattverdsboka saman til ei kronologisk liste over nattverdsgangen for den enkelte tenar. I utgangspunktet var det kun tenarane eg lenkja, men det viste seg at det var naudsynt å lenkje alle einslege for å kunne identifisere så mange som mogleg av tenarane. Som

³²¹ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

³²² Ståle Dyrvik tolkar fråver på to halvår eller meir som fråver frå bygda. Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 228.

eit døme på dette kan eg ta tenestejenta Jørøn Hallvordsdotter³²³. Hennar nattverdsgang var som følgjande:

07.05.1758: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³²⁴

12.11.1758: *Giørand Jndseth*³²⁵

20.05.1759: *Giørand Halvorsd: Jndset*³²⁶

11.11.1759: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³²⁷

11.05.1760: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³²⁸

26.10.1760: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³²⁹

26.04.1761: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³³⁰

15.11.1761: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³³¹

24.06.1762: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³³²

07.11.1762: *Giørand Halvorsd: Skulstad*³³³

Ein ser her at ho har gått to gonger i året til nattverd, omlag vår og haust. Månadene mai og november var særleg vanlege nattverdsmånader. Jørøn kan stå som ei døme på nattverdssgjerdia i Elverum på denne tida. Ettersom ho var den einaste nattverdsgjesten med denne namnekombinasjonen i heile perioden er det liten tvil om at Jørøn Hallvordsdotter Skurstad, Jørøn Innset og Jørøn Hallvordsdotter Innset er den same personen. I tillegg til den uvanlege namnekombinasjonen, er det ein anna ting som gjør det nokså klart at det er den same Jørøn vi står ovanfor. Ettersom nattverdsgjerdia i Elverum på denne tida var å gå vår og haust til nattverd, fell jo også dei to datoane da ho var på Innset seg pent inn i rekka av nattverdsgangar i denne perioden. Det er dette eg har kalt *lenkjingsmetoden*. Der eg har vori i tvil om det er den same tenaren eg har føre meg i NB, har eg valt å ikkje gjøre noko lenkijng. Den andre metoden, identifiseringsmetoden, er før omtalt i kapittel 1.5. Ei anna vanske med NB er knytta åt bustadnamnet eller rettare tredje namnet (eg skal kome

³²³ Jørøn Hallvordsdotter (o. 1727-73). Tenar nr. 178 i KFT.

³²⁴ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

³²⁵ sst.

³²⁶ sst.

³²⁷ sst.

³²⁸ sst.

³²⁹ sst.

³³⁰ sst.

³³¹ sst.

³³² sst.

³³³ sst.

tilbake til dette om litt) som saman med fornarnet nesten alltid er nemnt. Som regel vil bustadnamnet vera namnet på garden (namnegarden) og ikkje namnet på gardsbruket. Eit døme på det er Hovi, Skjøfstad, Løkja, Øver-Skjøfstad og Ner-Løkja og ikkje Bjørnsstua, Jensstua, Nilsstua, Nordstua eller Olsstua. Dei tre fyrste er gardsnamn, mens Øver-Skjøfstad og Ner-Løkja er døme på delar eller einingar av gardar, og dei fem siste var gardsbruk under garden Hovi. Hovi var med andre ord ikkje noko gardsbruk, men ei fellesnemning på dei fem gardsbruka som utgjorde denne garden ved dette leitet. Dei fleste gardane i Elverum var på denne tida delt i fleire bruk, men inga kom i nærleiken av Skjøfstad³³⁴ der det i alt var elleve gardsbruk³³⁵.

Desse var fordelt med seks gardsbruk på Ner-Skjøfstad og fem på Øver-Skjøfstad. Nærmast Skjøfstad i bruksdeling kom Løkja³³⁶ der det i alt var åtte gardsbruk³³⁷. Her var det fem bruk på Øver-Løkja og tre på Ner-Løkja. Husmannsplassane er også sjeldan ført med namn. Som regel er dei ført med gardenes namn. Metodisk har eg derfor kun registrert flytting viss eg er sikker på at det er ei flytting mellom hushald. Til dømes vil ei endring frå Løkja åt Ner-Løkja ikkje vera registrert som flytting da eg her ikkje kan vera sikker på om dette er ei røyneleg flytting som ligg bak, eller bare ein variasjon av namnebruken.

Ettersom dei fleste gardane i Elverum på denne tida var delt i fleire bruk og ofte med fleire husmannsplassar under seg, vil ikkje den mobiliteten som var mellom dei ulike gardsbruka/husmannsplassane under den same garden kome fram. Det vil med andre ord stort sett vera mobiliteten mellom gardar med ulikt namn som eg vil få tak i. Det er få gardar i Elverum med like namn, men nokon namn kan vera vanskeleg å skilje i materialet som gardane og plassane ved namn Moen, plassane ved namn Svea, dei to Berge gardane, Østre-Berge i Skogbygdene og Nørdre-Berge i Heradsbygda, dei to Hagan gardane, Hagan i Heradsbygda og Grindhagan i Leiret, Sætre-gardane i Synnerskogbygda og Sætern i Strandbygda. Gardsbruket Trosvika og dei to husmannsplassane Skjøfstadvika og Innsetvika som oftast berre vart kalt Vika. NB er som eg

³³⁴ Dette var ein av dei sentrale gardane i Heradsbygda med ei samla skyld på 10 hudar. Finne-Grønn (1909), s. 99, 104, 111, 114, 117, Stener (1988b), s. 386 og Stener (1988a), s. 172.

³³⁵ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³³⁶ Dette var ein av dei sentrale gardane i Heradsbygda med ei samla skyld på 9 hudar, 10 skinn og 12 settingar. Finne-Grønn (1909), s. 138, 147, 149, 157-162, 166 og 168.

tidlegare har nemnt kun ei fortekning over dei som var konfirmert, ettersom kravet for å gå til nattverd var at ein var konfirmert. Avdi ganske mange tenarar ikkje var konfirmert, vil dei jo heller ikkje stå i NB. Til trass for dette har eg klart å gjenfinne 105 tenarar (38 %) frå ES i NB.

4.3.3. Nattverdsboka, ei vanskeleg kjelde for å seie noko om mobilitet

Ei anna og større vanske med nattverdsboka, er det påfallande høge talet av tenarar som er nemnt med ein anna bustad i nattverdslista enn den dei hadde i ES. Mot dette kan ein jo innvende, at dei kan ha flytta frå den bustaden dei hadde da dei gjekk åt nattverd våren 1762 til den bustaden dei hadde ved ES. Etter dette har dei så flytta tilbake til den fyrste bustaden som dei hadde da dei gjekk til nattverd om hausten. Det er også mogleg, at dei kan vera ført med heimlassen som bustad da dei gjekk frå foreldreheimen åt nattverd og ikkje med tenestestaden som bustad. Inga av dei to siste forklaringane synast rimelege.

Av i alt 159 tenarar der eg kan samanlikna bustadnamn i NB rett føre og rett etter ES var dei to kjeldene i 48 døme motsigande, altså nesten ein tredjedel. La meg ta to døme på denne ovinga. Det fyrste er Ola Eriksson³³⁸ som i NB i heile perioden 1758-62 ført med Oppsal som bustad, bortsett frå i ES der han er ført i teneste på Nørdre-Berge.³³⁹ Det er jo mogleg at han mellom den 16. mai og 14. november flytta to gonger, altså fram og tilbake, men det er lite rimeleg. Det er i dette dømet meir sannsynleg å tru at han var i teneste på Nørdre-Berge ved ES, men at presten valte å føre han under Oppsal, fordi det var der han var frå. Presten synast å ha ført mange frå den staden der dei opphaveleg var frå til trass for at dei i røynda budde ein anna stad. Det andre dømet på denne gjerda er den før nemnte tenestejenta Jørøn Hallvordsdotter³⁴⁰. Som ein ser ovanfor var ho i følgje NB på Skurstad føre og etter ES, mens ho i følgje ES var i teneste i Prestgarn. Det unike namnet gjør det utvilsamt at det var ho. At så mange som omlag ein tredje del av tenarane skulle ha flytta to gonger innanfor

³³⁷ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³³⁸ Ola Eriksson (o. 1738-1821). Tenar nr. 19 i KFT.

³³⁹ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH samt ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁴⁰ Jørøn Hallvordsdotter (o. 1727-73). Tenar nr. 178 i KFT.

det same året er lite truleg. Dette avdi det i perioden november 1762-desember 1763, kun var omlag 5 % av tenarane som flytta meir enn ein gong i året.³⁴¹ Så store skilnader frå år til år kan det neppe ha vori. Også det at fem av tenarane i ES er ført med utanbygds namn er ein peikepinn på at tredjenamnet ikkje kan ha vori noko røyneleg bustad ettersom ein ville forvente at tenarane søkte kyrkjelyden i det soknet dei budde. Eit døme på det er tenestejenta Dorte Eriksdotter³⁴². Følgjande er innført i NB:

07.05.1758 på Hummeldalen/Holset³⁴³, 19.11.1758 på Holset³⁴⁴, 24.05.1759 på Holset³⁴⁵, 02.12.1759 på Holset³⁴⁶, 01.06.1760 på Holset³⁴⁷, 17.05.1761 på Prestgarn³⁴⁸, 06.12.1761 på Prestgarn³⁴⁹, 24.06.1762 på Holset³⁵⁰ samt 14.11.1762 på Holset³⁵¹.

Den fyrste innføringa kan tolkast på ulike sett, men den mest rimelege tolkninga, meiner eg, er at ho var busatt i Hummeldalen og var frå Holset i Åmot eller at ho tidlegare hadde budd på Holset. Dei neste fire innføringane syner at ho er ført med Holset som tredje namn. Her vil det kanskje vera mest sannsynleg å tolke det som at skrivaren nå kun har ført ho med opphavsstad og ikkje bustad, men eg vil ikkje utelukke at ho også kan ha budd på Holset i Åmot og gått til nattverd i Elverum, sjølv om eg meiner at denne tolkninga ikkje er like sannsynleg. Dei to innføringane frå 1761 med Prestgarn som innføring skulle det vel ikkje vera vanskeleg å tolke, da ho nå må ha vori i (teneste?) i Prestgarn. Dei to innføringane i 1762 må kunne lesast på same måte som dei tidlegare innføringane med Holset som tredje namn. Hadde eg kun hatt denne kjelda å halde meg til, hadde det ikkje vori så godt å seie kva som hadde vori rett. Nå viser det seg at Dorte fins nemnt som kreditor i eit skifte som vart heldt på Hummeldalen i perioden 15. desember 1757-8 februar 1759.³⁵² Det går her

³⁴¹ Det er fem tenarar som flytta ein gong eller meir i denne perioden.

³⁴² Dorte Eriksdotter (o. 1726-1807). Tenar nr. 171 i KFT.

³⁴³ Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

³⁴⁴ sst.

³⁴⁵ sst.

³⁴⁶ sst.

³⁴⁷ sst.

³⁴⁸ sst.

³⁴⁹ sst.

³⁵⁰ sst.


³⁵¹ sst.

³⁵² Det er ikkje nemnt kor lenge ho hadde vori i teneste. SØS skifteprotokoll 12a 1757-61, s. 299a-300b.

fram at ho hadde vori i teneste her. Sjølv om det ikkje går fram at ho var i teneste da skiftet vart heldt, er det rimeleg å tru det med bakgrunn i det eg veit om innføringane i NB, som eg nyss har gått gjennom. I ES er ho nemnt å vera i teneste i Hummeldalen.³⁵³ Ut frå det eg nå har vist meiner eg at det er rimeleg å tru at Dorte aldri budde på Holset i Åmot i denne perioden. Innføringane er kun meint som ein peikepinn på opphavstad eller fødestad frå skrivaren si side. I 1761 er det all grunn til å tru at Dorte var i teneste i Prestgarn. Konklusjonen av dette må bli at Dorte hadde vori i teneste i Hummeldalen hos lensmannen frå seinast hausten 1757, og at ho flytta åt Prestgarn mellom juni 1760 og mai 1761 og tilbake at ein gong mellom desember 1761 og juni 1762. På kart 2 er flyttingene hennar i perioden 1758-63 framstilt. Nå veit eg at Dorte var frå Holset i Åmot og det er vel også truleg grunnen til at ho er innført med dette namnet ved fleire høve. Det er derfor sikkert at Dorte ein eller anna gong føre hausten 1757, da ho er nemnt i skiftet i Hummeldalen, må ha flytta åt Hummeldalen. Denne gjerda at tenarane budde på ein anna plass enn den dei står oppført med i NB gjeld ikkje berre for denne kjelda, men også kyrkjebøkene. Eit døme frå kyrkjeboka på det er den gamle Gunner Toresson³⁵⁴ som ved ES budde hos

³⁵³ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁵⁴ Gunner Toresson (o. 1687-1762), busatt hos sin son på Bruk 1-Hemersætre i KFT.



Kart 2. Tenestejenta (171) Dorte Eriksdotters tre flyttinger i perioden 1758-63. Referanse: Statens kartverk Hedmark avtalenr: LKS82004-HE2000/100.

sonen, Tore³⁵⁵, på Bruk 1-Hemersætre, der han truleg hadde føderåd. Blant gravlagte i kyrkjeboka er han ført som Gunner Toresson Mo³⁵⁶, mens han i ATL for 1763 er nemnt å bu hos sonen Tore.³⁵⁷ Årsaka til at han er ført med namnet Mo er nok den at han tidlegare hadde vori husmann under Sø-Mo.³⁵⁸ Det er altså ein klar tendens i kjeldematerialet, som presten har ført, til at folk er ført med ein anna bustad enn den dei i røynda hadde. Ofte er bustaden dei er ført med ein gard eller plass som dei var født på eller hadde budd på i lang tid. For å ta høgde for dette har eg byrja å innføre nemnet *tredje namn* om det som i mange, men langt i frå i alle, høve kan tolkast som bustadnamn fordi det er eit meir nøytralt og ofte meir korrekt nemne enn bustadnamn. Kva årsaka er til at presten har valt å føre det slik, er usikkert, men det er ikkje urimeleg å tru at det kan vera for å halde bedre styr på hokken som var hokken. Med eit relativt snevert utvalg av personnamn og mange berarar av kvart enkelt namn, var det om å gjøre å finne måtar som gjorde at ein best kunne hukse hokken det var tale om.

Ein må her koma i hug at datidas kyrkjebøker stort sett ikkje hadde register, og at det derfor ville vera mykje leiting å finne att folk i kyrkjeboka når presten hadde trong for det.³⁵⁹ Det er all grunn til å tru at kjeldene her er motsigande og at den røynglege bustaden må vera den dei hadde i ES. Det er også påfallande at 40 % av all flytting i nattverdslistene gjekk tilbake åt ein tidlegare tenestestad (bustad). Rett nok kan ein del av flyttinga ha vori fram og tilbake mellom nokon tenestestadar, men eg meiner at det ikkje er rimeleg å tru at så mykje som nesten halvparten av all flytting skulle vera tilbakeflytting til ein tidlegare tenestestad. Årsaka til dette mønstret er derfor mest sannynleg varierende bruk av tredje namn (bustadnamn) og ikkje røynglege flytting. Sjølv om dei tala eg kom fram til ovanfor for mobiliteten i NB er i samsvar med GMR i ATL er det all grunn til å seie at NB er svært vanskeleg å bruke til å seie noko om mobiliteten. Det er og grunnen til at eg har valt å sjå bort frå ho.

³⁵⁵ Tore Gunnarsson (o. 1723-93), bonde på Bruk 1-Hemersætre i KFT.

³⁵⁶ Gra. 05.12.1762. Elvk03, s. 177. BD87u.

³⁵⁷ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁵⁸ Han er oppført som husmann under Sø-Mo i BM i 1734. BM 1734-38. SaH.

³⁵⁹ Kyrkjebøkene i Elverum på denne tida var handligsdelt slik at t.d. dåp og gravlegging var ført kvar for seg.

4.3.4. Kor nær røyndomen ligg mobilitetsraten for ATL?

Det neste spørsmålet nå er kor nær røyndomen mobilitetsraten for ATL ligg? Ein ville tru at ved å samanlikna talet på daude i ATL med kyrkjeboka ville ein kunne få eit svar på mogleg underregistrering. Det syner seg da at av 28 gravlagte for året 1763, er det fem som ikkje er ført inn i ATL for dette året. Ettersom dei fleste innføringane er ført månaden etter hendinga, er det grunn til å tru at det einaste dødsfallet i desember ville ha vori ført i lista for januar 1764 om denne hadde vori ført.³⁶⁰ Ein kan derfor seie at fire innføringer truleg er utegløynd i ATL. I 26 av dei 35 innføringane som gjeld dødsfall i ATL for perioden oktober 1762-november 1763, er dødsdato identisk med gravleggingsdato.

Det er derfor all grunn til å tru at det i dei fleste tilfella er sjølve gravleggingsdatoen som er registrert, og ikkje dødsdatoen.³⁶¹ Ut ifrå det kunne ein også tenkje seg at ein kunne få melding på førehand om gravlegginga. Mot dette talar den relativt stutte tida mellom dødsfall og gravlegging på omlag ei veke.³⁶² Ein anna ting som også talar mot dette er mangelen på dobbeltføringer av dødsfall/gravlegginger. Ein ville ha forventa dobbeltføringer, der årsaka var at hendinga fyrst var meldt på førehand og sidan var meldt i ettertid. Konklusjonen her må bli at det er truleg at fire personar ikkje er registrert i ATL som daude. Underregistreringa er dermed på omlag 14 % viss ein legg fire underregistreringer til grunn. Av same årsak som for dei daude har eg også sett på kor stor underregistreringa var blant dei som fylte 12 år. Eg har her samanlikna hokken som var døypt i 1751 og som truleg var i live i 1763, med dei som er nemnt å ha fylt 12 år i ATL. Av dei 70 som er døypt i 1751 er det 53 som kan ha vori i live i oktober 1762. Av desse har to truleg flytta ut og to er usikre. Det er derfor ikkje urimeleg å rekne med, at omlag 50 av dei skulle ha blitt ført som fylt 12 år i løpet av 1763. Det er tilsaman 38 born som er registrert å ha fylt 12 år i ATL for året 1763. Så mange som elleve av dei fins ikkje i ATL for 1763 enda dei budde i Elverum ved dette leitet. Prosenten av

³⁶⁰ Det fins inga ATL for Elverum i 1764.

³⁶¹ Av 27 innføringar av døydde for året 1763 i ATL er 19 av dei truleg gravleggingsdato ettersom den er identisk med datoen som er innført i kyrkjeboka.

³⁶² Av 16 dødsfall i tida 1751-65 var gjennomsnittet på omlag sju dagar mellom dødsfall og gravlegging.

underregistrering blir da så mykje som 22 %. Også i dette materialet er det eit vist etterskott mellom hending og registrering, om ikkje så tydeleg som for dei daude, ettersom sju av dei som fylte 12 år må vera født etter oktober 1750, men før januar 1751. Forutsett vi eit slikt etterskott vil det truleg vera ein del av dei elleve som hadde vori ført for året 1764, og som dermed ikkje kan seiast å vera utegløynd.³⁶³ Det er derfor sannsynleg at talet på underregistreringer kan liggje på omlag fem, men ettersom det også fins fire dobbeltføringer blir talet i røynda nærmare null. Som eg har nemnt er det sannsynleg at dobbeltføringene kan skuldast førehandsmelding av hendinga. Eit døme i så måte er Embret Mortensson Øver-Lindberget³⁶⁴ som både i lista for august og november 1763 er nemnt å ha fylt 12 år.³⁶⁵ Ut i frå det eg nå har komi fram til om underregistreringa ved dødsfall/gravlegging og born som fylte 12 år, ser ein at tala er nokså ulike med høvesvis 14,2 % som prosentdelen for dødsfall og truleg nærmare null for fylte 12 år.

Det neste spørsmålet vil derfor vera om desse tala kan overførast på tenesteflyttinga? Hadde det vori ein som hadde hatt økonomiske fordelar av innførslane kunne ein kanskje forvente at det var dei som fylte 12 år, og som dermed var nye skatteobjekt som var dei mest interessante å få med på lista. Dermed ville dei andre som gjekk ut av listene eller bare flytta på seg vera mindre interessante. Sjølv om det ikkje er grunn til å tru at det har vori nokon økonomiske motiv som har legi til grunn for presten Jens Grüners³⁶⁶ innføringer, kan ein ikkje sjå bort frå at han har vori meir medveten i nye skatteobjekt enn dei som flytta på seg eller som døydde. Som tidlegare nemnt i kapittel 1.4.3 ser det ut til at NB er ført med flid, og det er derfor også grunn til å tru at dette gjeld ATL. Sjølv sagt er det ein eller anna glipp som da Ola Olsson på Vestre-Kvernmoen³⁶⁷ ikkje hadde meldt frå om sin skattepliktige son Embret³⁶⁸. I lista for november 1763 heiter det følgjande:

³⁶³ Som eg har nemnt ovanfor fins inga slike lister.

³⁶⁴ Embret Mortensson (1751-1805). Busatt hos sin morbror på Vestre-Skurstad i KFT.

³⁶⁵ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁶⁶ Jens Petersson Grüner (1724-79). Sokneprest og busatt på Prestgarn i KFT.

³⁶⁷ Ola Olsson (o. 1734-1808). Husmann på Vestre-Kvernmoen i KFT.

³⁶⁸ Embret Olsson (o. 1741-1826). Son på husmannsplassen Vestre-Kvernmoen i KFT.

(Qvernemoen) Ole Olsens Søn ved Nafn Embret er formedelst Folkets Forsømelse hidindtil icke angiven til skat, derfor har Hand at betale Extra skatten for hele Aaret [...] ³⁶⁹

eller som da det viste seg at tenestedrengen Jens Jensson Retenga ³⁷⁰ hadde vorti dobbeltført, og derfor hadde betalt dobbel skatt. I lista for august heiter det følgjande:

(Hagen Nummer 86) Da Tieneste Dreng ved Nafn Jens Jensen Engen har for de 10 Maaneder mattet svare Extra skat paa 2de stæder baade til sin nu værende Huusbonde monsieur Andreas Pettersen, saa ogsaa til hands forrige Huusbonde Ole Jensen Reeten eller KiærEng Nummer 88, fra hvilken han flyttede i forrige Aar ved Extraskattens Begyndelse saa haaber hand i 10 Maaneder herefter at blive udelucket fra Extra skattens svarelse [...] ³⁷¹

Dette er jo døme på underregistrering og dobbelt registrering og viser jo klart at flyttinga Jens gjorde, truleg i oktober 1762, ikkje har vorti registrert. Også når det gjeld flyttinga er det grunn til å tru at det er underregistreringer, feil og dobbeltføringer. I alt har eg her registrert fem døme på innføringer som truleg ikkje fann stad. To av desse var truleg dobbeltføringer som kanskje skuldast melding på førehand. Dette var truleg dømet med Jørøn Taralldotter ³⁷² som i lista for november 1762 er innført å ha flytta frå Holset i Åmot sokn og åt Torestu-Ykset. ³⁷³ Så i mai 1763 er ho innført nok ein gong som flytta frå Åmot sokn og åt Torestu-Ykset. ³⁷⁴ Skilnaden er den at det i det andre dømet ikkje står namnet på fråflytingsstaden. Likeins er det med Gunnill Hallvordsdotter ³⁷⁵ som i desember-lista for 1762 er nemnt å ha flytta mellom Rønningen-Finnstad og Nørdre-Nøtåsen. ³⁷⁶ Fire månader seinare, i lista for april 1763, står det nett det same. ³⁷⁷ I eit døme med tenestejenta Guri Mortensdotter ³⁷⁸ er det sannsynleg at den fyrste innføringa ikkje fann stad, og kanskje vart meldt på førehand. Ho er i lista for november 1762 innført å ha flytta mellom Syndre Øver-Storhov og

³⁶⁹ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁷⁰ Jens Jensson (o. 1731-72). Tenar nr. 161 i KFT.

³⁷¹ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁷² Jørøn Taralldotter (1745-86). Myrheim (uprenta manus), s. 599.

³⁷³ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁷⁴ sst.

³⁷⁵ Gunnill Hallvordsdotter (o. 1737-97). Tenar nr. 223. i KFT.

³⁷⁶ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁷⁷ sst.

³⁷⁸ Guri Mortensdotter (o. 1698-1789). Tenar nr. 80 i KFT.

Bruk 1 Ner-Skjøfstad.³⁷⁹ I lista for mai 1763 er ho igjen ført å ha flytta frå Syndre Øver-Storhov, men nå åt Bruk 2b Øver-Skjøfstad.³⁸⁰ Truleg har ho her flytta kun ein gong, men ho kan ha meldt flytting på førehand og endra flyttemål. Mot dette kan ein sjølv sagt innvende at ho kan ha flytta tilbake åt Syndre Øver-Storhov utan at denne flyttinga har vorti registrert, men eg trur den fyrste forklaringa er mest truleg. Guri hadde også ei flytting i oktober 1763 frå Bruk 2b Øver-Skjøfstad og åt Østerhaug.³⁸¹ Den siste flyttinga styrkjer misstanken om at det var flyttinga i mai 1763 som var den rektige ettersom tilflytningsstaden da var identisk med fråflytningsstaden i oktober. Med dette er ho blant dei tre tenarane som flytta mest i denne perioden.

Sett også på bakgrunn av dette er det lite truleg at ho skulle ha flytta enda ein gong mellom november 1762 og mai 1763. I tillegg til desse døma kan det også vera grunn til å tru at nokon av innføringane som kun er ført ein gong vart førehandsmeldt, men i røynda aldri skjedde. Elles er det i alt seks døme der fråflytningsstad i ATL ikkje er kjent. Det er ikkje sikkert at alle desse var i teneste da dei flytta. På den andre sida har eg fire tenestejenter som truleg er utegløynd som flytta, ettersom dei ikkje fins i ES på den staden dei flytta frå og heller ikkje fins som innflytta dit etterpå. Eit døme på dette er Kerste Olsdotter³⁸². Om ho heiter det i lista for april 1763 at ho flytta frå tenesta hos Ola Ner-Storhov³⁸³ og til teneste på Bruk 2b Øver-Skjøfstad.³⁸⁴ Ser ein etter i ES ser ein at Kerste ikkje er oppført i hushaldet hos Ola, men blant innerstar og husmenn. Mest sannsynleg var ho busatt hos sine foreldre på plassen Volla som låg under Olas gard.³⁸⁵ Skal ein tru på ES, må ho ha flytta frå sine foreldre og inn i teneste hos Ola ein gong mellom oktober og november i 1762 utan at dette har vorti registrert i ATL.

³⁷⁹ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁸⁰ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.


³⁸¹ sst.

³⁸² Kerste Olsdotter (o. 1722-97). Dotter på husmannsplassen Volla under Ner-Storhov i KFT.


³⁸³ Ola Håkkåsson (1729-82). Bonde på Ner-Storhov i KFT.

³⁸⁴ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.


³⁸⁵ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.



Kart 3. Tenestedrengen (38) Ottar Olssons 2 flyttinger i perioden 1758-63. Referanse: Statens kartverk Hedmark avtalenr: LKS82004-HE2000/100.



Kart 4. Tenestejenta (119) Gjertrud Eriksdotters to flyttinger i perioden 1758-63. Referanse: Statens kartverk Hedmark avtalenr: LKS82004-HE2000/100.



Kart 5. Tenestedrengen (174) Hallsten Jenssons flytting i perioden 1758-63. Referanse: Statens kartverk Hedmark avtalenr: LKS82004-HE2000/100.

Alt i alt og sett på bakgrunn av dei underregistreringene som fins i dei to andre hendingene, er det sannsynleg å tru at det kan vera ei viss underregistrering også blant flyttingene, men at dette blir oppvegd av t.d. dobbeltføringer og flyttinger som aldri fann stad. Som det framgår av tabell 7 har eg derfor valt å halde på den GMR eg kom fram til ovanfor, nemleg 0,35. Der drengane hadde 0,25 og jentene 0,39. Det kunne også ha vori av interesse å sjå på mobiliteten etter alder og sosial status, men ettersom talmaterialet er lite og utfallet derfor vil kunne vera prega av slump, har eg valt å la dette vera. Som det framgår av kart 2, 3, 4 og 5 har eg valt fire tenarar, to av kvart kjønn, som døme på flytting i denne perioden.

Deiras flyttinger kan stå som eit døme på tenaranes flyttinger i Elverum i denne perioden, da dei hadde ein mobilitet på 0,33. Altså omlag det same som eg har komi fram til for GMR på 0,35. Den gjennomsnittlege mobiliteten skulle ut i frå dette talet bli på omlag 0,35 flytting pr. år. Eller ein kan seie at omlag 35 % av tenarane flytta i løpet av eit år innanfor perioden 1758-62. Med andre ord gjekk det nesten tre år mellom kvar gong tenarane flytta på seg. Deler ein mobiliteten på kjønn, er den på 0,39 for tenestejentene og 0,25 for tenestedrengane. Jentene flytta med andre ord etter omlag to og eit halvt års teneste, mens gutane flytta etter fire års teneste. Kva kan så årsaka til denne skilnaden vera? Ein årsak til jentenes høgare mobilitet er truleg at dei i mindre grad var skyld husbondfolket enn det høvet var for tenestedrengane. Som eg har vist i kapittel 2.7 var det nesten dobbelt så mange av tenestegutane som var skyld husbondfolket enn det dømet var for jentene. Eg meiner derfor det er grunn til å tru at skyldskap åt husbondfolket kan ha redusert mobiliteten.

Spesielt er det grunn til å tru at det nære skyldskapet som syskenrelasjonane var verka bremsande på mobiliteten. Fleirtalet av skyldskapet (70 %) var syskenrelasjonar, og truleg var dette i høg grad bondesøner som hadde vaksi opp på garden kanskje utan å flytte på seg, eller iallfall hadde dei flytta langt mindre på seg. Ein annan årsak kan ha vori at tenestejentene var utsatt for meir uynskja merksemd i hushalda, eller det ein i dag ville kalle sexpress, og dermed flytta oftare. Dei tala eg kjem fram til i kapittel 5.3.2 byggjer opp om ein slik hypotese, ettersom skilnaden mellom talet på tenarar av motsett kjønn i dei hushalda med to søner og dei med inga søner var på 0,8 tenar, mens den var på 0,6 mellom dei hushalda med to døtre og dei

med inga døtre. Det er all grunn til å vise atterhald når det gjeld desse tala da talmaterialet er lite, men det er ikkje urimeleg å tru at det kan liggje ein slik røyndom bak desse tala. Alt i alt er det grunn til å tru at den viktigste årsaka til tenestegutanes lågare mobilitet, var at det var relativt mange bondesøner i teneste hos sysken, og at desse hadde ein lågare mobilitet enn dei andre tenarane, nettopp avdi dei var i teneste heime.

4.3.5. Samanlikning

Som allereie nemnt føreligg det kun eit studie av den geografiske mobiliteten i Norden på 1700-talet frå tidlegare. Samanlikna med Elverum synast mobiliteten å ha vori omlag den same i Bollnes sokn i Helsingland, der 34 % av tenarane skifta teneste etter eit år, 28 % etter to år og 38 % etter tre år eller meire. Skilnaden mellom kjønna var motsett av det dei var i Elverum, ettersom det her var gutane som hadde ein del høgare mobilitet enn jentene. Som nemnt tidlegare har Harnesk rekna mobiliteten på ein litt anna måte enn det eg har gjort, avdi han kun har flytting mellom tenestestadar, mens eg har rekna med all flytting av tenarar.³⁸⁶ Samanlikna med England på 1700-talet og tidleg 1800-tal, der omlag 75 % av tenarane flytta etter eit år,³⁸⁷ var mobiliteten derimot klart mindre.

Dyrviks studie av Etne i Hordaland i perioden 1825-60 viser ein tanke høgare mobilitet enn i Elverum, ettersom tenarane her flytta kvart andre eller tredje år.³⁸⁸ Tenestejentene hadde også her høgare mobilitet enn gutane, men den var ikkje så stor som i Elverum. Dribe & Lundhs studie frå Skåne i perioden 1829-67 syner at mobiliteten der, med rater på høvesvis 0,4 og 0,32 for høvesvis gutane og jentene, var noko høgare, men ikkje så mykje.³⁸⁹ Også i Østerrike i perioden 1816-34 hadde tenarane noko høgare mobilitet, avdi omlag 45 % av tenarane byte teneste etter eit år. Også her hadde jentene høgare

³⁸⁶ Viss eg også reknar GMR som Harnesk er mitt tal på 0,31. Eg har da sett bort frå ni tenesteavbrot og to som flytta på grunn av giftarmål.

³⁸⁷ Kussmaul (1981b), s. 223f.

³⁸⁸ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 231. Det går ikkje fram av artikkelen om Dyrvik rekna all tenesteflytting eller kun den som gjekk mellom tenestestadar, men ettersom han brukar kommunikantlista som kjelde er det grunn til å tru at han har all tenesteflytting, og ikkje berre den som gjekk mellom tenestestadar.

mobilitet, sjølv om skilnaden ikkje var så stor som i Elverum.³⁹⁰ Det er all grunn til å vera varsam med å trekkje for vide slutningar på bakgrunn av eit såpass lite og spreidd materiale, men skal ein døme ut i frå det einaste haldepunktet her til lands, nemleg studiet av Etne, kan det sjå ut til at mobiliteten heldt seg nokonlunde på omlag det same nivået utover på 1800-talet som det hadde vori på 1700-talet. Sjølv om mobiliteten i Elverum og Bollnes i Sverige var omlag den same på 1700-talet, er det sjølv sagt ikkje mogleg å seie kor stor denne mobiliteten var samanlikna med andre stadar i Norden, all den tid det ikkje fins fleire studier å samanlikne med. Det som derimot trygt kan seiast er at England på 1700-talet hadde ein mykje høgare mobilitet enn Elverum og Bollnes.

4.3.6. Makromobilitetens omfang

Som nemnt i kapittel 1.2 er makromobilitet den mobiliteten som gjekk over soknegrensa, i motsetnad til den mobiliteten som kun gjekk innanfor prestegjeldet. I alt har eg registrert 14 flyttinger over soknegrensa i denne perioden. Ni av desse var innflyttinger og fem av dei utflyttinger. Det er sannsynleg at ei av desse var ei dobbeltføring, men ettersom det kan ha vori like mange inn- og utflyttinger som ikkje har vorti registrert har eg latt dette talet stå. Derimot er det grunn til å tru at det er nokon inn- og utflyttinger som er løynt bak dei 24 flyttingene der anten fråflytnings- eller tilflytningsstad ikkje er kjent. Dermed har talet på inn- og utflyttinger truleg vori noko høgare enn dei 14 eg har registrert utan at det er mogleg å seie kor mange det i røynda var. Sjølv om det er fleir innflyttinger enn utflyttinger er talmaterialet svært lite, og det er derfor grunn til å tru at nettoutflyttinga har vori lita samanlikna med den totale inn- og utflyttinga. Ein av desse tenarane, Iver Olsson³⁹¹, flytta fram og tilbake og om han heiter det høvesvis for januar og desember 1763 følgjande:

³⁸⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 6.

³⁹⁰ Harnesk (1990), s. 168. Note 28, ref. Mitterauer (1986), s. 282ff. Heller ikkje her veit eg kva slags tenesteflytting som ligg til grunn for utrekninga.

³⁹¹ Eg har ikkje klart å identifiser han, men det er rimeleg å tru at han var frå Hof sokn.

*Tølløv Strømmesen faaet i Tieneste en Dreng ved Nafn Jver Olsen fra Hof's Sogn*³⁹²

*Tølløv Strømmesen mistet en Tieneste en Dreng ved Nafn Jver Olsen som er fløttet til Saalør*³⁹³

Inn- og utflyttingene utgjorde med andre ord ikkje meir enn truleg ein stad mellom 12 % og 15 % av alle flyttinger i denne perioden. Men det er grunn til å tru at nettomigrasjonen var heller liten, blant anna ved at ein del av tenarane flytta fram og tilbake over soknegrensa. Av alle tenarane var det truleg ikkje meir enn ein stad mellom 1 % og 2 % som flytta utor bygda i løpet av denne perioden. Som det framgår av tabell 7 var GMR for makromobiliteten kun på 0,04. Som nemnt i kapittel 4.2 er det vanskeleg å samanlikne ratene for makromobilitet, avdi den til ein viss grad er bunden av storleiken på prestegjeldet og busetninga.³⁹⁴ Til trass for det har eg gjort nokon samanlikningar med det som er kjent frå tidlegare. Samanlikna med Harnesk si studie for Gestrikland, Helsingland og Medelpad på slutten av 1700-talet der mellom 0,4 % og 39 % av tenarane flytta utor soknet i løpet av eit år må utflyttinga seiast å ha vori mindre i Elverum.

Også samanlikna med Etne i Hordaland kring 1825 må makromobiliteten seiast å ha vori mindre. Som tidlegare nemnt tente gutane og jentene høvesvis to år ute og to år heime samt eit år ute og fire år heime i tida mellom konfirmasjon og giftarmål.³⁹⁵ Også Dribe & Lundhs studie frå Skåne på omlag same tid syner at ho var langt høgare der. Nesten halvparten av all flytting gjekk der mellom prestegjeld, og det meste av denne flyttinga var innanfor ein radius på 15 km, mens noko over 40 % var flytting innanfor prestegjeldet.³⁹⁶ Også Martinius sin studie frå Skåning i Sverige syner høgare tal for inn- og utflytting. Her var 15 % av flyttinga i 1860-åra flytting over soknegrensar, og resten var flytting innanfor ein radius på 17 km.³⁹⁷ Christer Lundh nemner ei makromobilitets rate på 0,10 for Sverige i 1800-talets fyrste del. Altså ein god del høgare enn den eg kom fram til på 0,04. Eg kjenner ikkje storleiken og busetnaden i dei fleste av desse områda eg nå har samanlikna med, men dei fire prestegjelda Dribe & Lundh ser på i sin studie frå Skåne var mykje mindre i

³⁹² ATL 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

³⁹³ sst.

³⁹⁴ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56. Sjå note 17.

³⁹⁵ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 234.

³⁹⁶ Dribe og Lundh (2002), s. 7.

³⁹⁷ Det er dette han kallar *local job-mobility*. Martinius (1977), s. 97.

omfang enn Elverum. Dei var på omlag 75 km² mot Elverums omlag 1480 km². Eg kjenner ikkje busetnaden innanfor desse sokna, men det er sannsynleg at Elverums storleik forklarar mykje av skilnadene. Det faktum at nettoflyttinga var liten synast ikkje å vera noko særeige for Elverum. Også Dyrvik og Lundh påpeikar dette for høvesvis Etne i Hordaland i perioden 1740-1800³⁹⁸ og Vestre Skåne i perioden 1820-50³⁹⁹. Dyrvik og Lundh meiner at årsaka til dette må vera at tenarane i høg grad flytta fram og tilbake. I mitt materiale er det som nemnt kun ei slik tilbakeflytting, noko som ikkje er meir enn ni prosent av all inn- og utflytting. Talmaterialet er lite og det kan derfor i røynda ha vori langt fleire slike tilbakeflyttinger.

4.3.7. Årsteneste og tenesteavbrot

Ved tukthusforordninga av 2. desember 1741 vart minstetida for teneste auka frå eit halvt- til eit heilt år.⁴⁰⁰ Dette vart gjenteki i forordninga av 1754 der det heiter:

*...Saa Ville Vi end viidere have befalet, at ingen Tieneste maae antages paa mindre, end eet heelt Aar...*⁴⁰¹

Som det framgår av denne forordninga skulle altså ingen feste seg i teneste for mindre enn eit år av gongen. Kva lova seier om gjeldande praksis på denne tida er ikkje godt å seie. I Elverum var det i alt fem tenarar som flytta meir enn ein gong gjennom dei 14 månadene frå november 1762 til desember 1763.⁴⁰² Alle var med mindre enn eit års mellomrom. Det er rimeleg å tru at det var fleire flyttinger med mindre enn eit års mellomrom enn dette, utan at det er råd å seie kor mange det var. Desse fem utgjorde omlag fem prosent av dei tenarane som flytta i denne perioden, og det syner jo at svært vanleg var det ikkje å flytte etter

³⁹⁸ Dyrvik (1971), s. 39.

³⁹⁹ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

⁴⁰⁰ Seip (1984), s. 37. Note 6, ref. Wessel Berg I, 1841. Anordning av 2. des. 1741 for Akershus.

⁴⁰¹ FOR. Kapittel 9.

⁴⁰² Desse er: Kari Andersdotter som flytta i nov. 1762 og des. 1763; Iver Olsson jan. og des. 1763; Jørøn Hansdotter (o. 1737-1818) tenar nr. 43 i KFT, feb., apr., samt nov. 1763; Gjertrud Olsdotter, apr. og okt. 1763 samt Guri Mortensdotter (o. 1698-1789) tenar nr. 80 i KFT, mai og okt. 1763. ATL. Futerekneskap. Østerdalen. RA.

mindre enn eit år i teneste. Det er derfor rimeleg å tru at dei fleste tenarane har vori tilsatt på årlege kontraktar utan at eg kan dokumentere dette nærmare. Eit døme på kor uregelbunden tenesta kunne vera kjem fram på tinget på Nørdre-Hoom den 26.11.1728:

*Sergiant Peter Jacob Timmermann...at han ladet indstefne Goro Kieldsdaatter tiennende hos Gunder Øxsett uthøre bewiisβ...dereftter blev hun eenig med Fijrwerckeren og for det i tieneste til halftt Hoes Ham, og naar Hand behøver arbeide...*⁴⁰³

Det er i samband med at Goro blir stemna til tings for å ha motteki festepengar, men ikkje møtt i teneste at vi får veta at dei kom til semje om at ho skulle ha *tieneste til halftt Hoes Ham, og naar Hand behøver arbeide*. Noko vanleg årsteneste var det ikkje tale om, og truleg var det her tale om at ho skulle tene han når han hadde bruk for ho.⁴⁰⁴ Kor vanleg denne typen teneste var er det sjølv sagt vanskeleg å seie noko om kun ut i frå eit handfast døme. Dei andre kjeldene eg har brukt, som t.d. ES, seier heller ikkje noko om forma for teneste. Eit anna spørsmål som ligg i same lei er kor regelbunden tenestetida for tenarane var. Var dei i teneste frå konfirmasjon til dei gifta seg? Det er ikkje godt å seie kor mange tenarar som hadde avbrot i tenestetida si ettersom eg kun kan følgje dei gjennom ein 14 månaders periode. Men det er grunn til å tru at minst ni av flyttingene i denne perioden var avbrot i tenesten. Dette avdi dei var i ein alder der det er grunn til å tru at dei også kan ha vori i teneste etter denne perioden.

Eit slikt døme er Per Olsson⁴⁰⁵ der det heiter følgjande i listene for november 1762 og mai 1763.

[1762] *d:1 (November) tog Per Olsen Tieneste i Præstegaarden, da Hand tilfore havde været hos sin Moder Berte Lien i den 17de. Plads i Leyret*

[1763] *(Præstegaarden) Herr Grüner mistet en Tieneste-Dreng ved Nafn Per Olsen [...] (Søndre Leire 17 Plads) Ole Ingebretsen faaet sin Stiv-Søn i sit Huus ved Nafn Per Olsen.*⁴⁰⁶

⁴⁰³ SØS tingbok 56 1727-30, s. 150a. SaH.

⁴⁰⁴ Sjå meir om ho i kapittel 5.3.6.

⁴⁰⁵ Per Olsson (o. 1744-1813). Husmannsson og busatt i Lia i Leiret i KFT.

⁴⁰⁶ ATL. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

Per var på denne tida omlag 19 år.⁴⁰⁷ Han hadde vorti konfirmert den 9. november i 1760.⁴⁰⁸ Eg veit ikkje om dette var fyrste gong han var i teneste. Men tilbakeflyttinga åt stefaren litt i overkant av eit halvt år etterpå er sannsynleg eit døme på tenesteavbrot, all den tid det er rimeleg å tru at Per også var i teneste etter dette, da han ikkje vart gift før i 1770⁴⁰⁹. Eit anna døme på eit sannsynleg tenesteavbrot er Gjertrud Vallmarsdotter⁴¹⁰. Det står i lista for november 1763 følgjande:

(Østre Sættre Nommer 23) Valdmar Tøllevsen mistet sin Datter ved Nafn Kirsti [...] Derimod har same Valdmar Tollevsen faaet i sit Huus en anden Datter ved Nafn Giertrud

(Østre Sættre Nommer 23) Chresten Krestensen mistet en Tieneste Pige ved Nafn Giertrud Valdmarsdatter [...] ⁴¹¹

Gjertud var omlag 23 år⁴¹² ved dette leitet og ho var i teneste på eit av dei to gardsbruka på Nersvea-Sætre i oktober 1762. Ho hadde vorti konfirmert i 1757⁴¹³ og ho vart gift fyrst i 1777⁴¹⁴. Det er derfor all grunn til å tru at ho også var meir i teneste fram til ho gifta seg. Det er også mykje som tyder på at nokon av dei som flytta inn i teneste i denne perioden hadde vori i teneste tidlegare, både på grunn av alder og sivilstand. Eit døme i så måte er Anne Arnesdotter⁴¹⁵ der det i ATL for september 1763 heiter:

(Vestre Sættre Nommer 22) Arne Jonsen faaet i Tieneste en Pige ved Nafn Anne Arnesdatter

(Østre Sættre Nommer 23) Hos Tølløv Jørgensen har Ole Jørgensen som bruger en Part av samme Gaard mistet sin Stivdatter av sit Huus ved Nafn Anne Arnesdatter ⁴¹⁶

⁴⁰⁷ Han er nemnt å vera 17 år ved skiftet etter sin avdøde far, Ola Persson, den 18.12.1761 på husmannsplassen Hummeldalen under Garde. SØS skifteprotokoll 12b 1761-1764, s. 1292a-1293a. SaH.

⁴⁰⁸ Han var nemnt å bu på Lia i Leiret ved sin konfirmasjon. Elvk02, s. 164. BD87u.

⁴⁰⁹ Elvk02, s. 24. BD87u.

⁴¹⁰ Gjertrud Vallmarsdotter, f. o. 1740. Tenar nr. 238 i KFT.

⁴¹¹ ATL. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴¹² Ho er nemnt å vera 33 år og heimeverande ved skiftet etter hennar avdøde far, Vallmar Tølløvsson, og gjenlevande mor Guri Olsdotter på Haga-Sætre den 11.10.1773. ØS skifteprotokoll 1 1772-73, s. 260b-261b. SaH.

⁴¹³ Ho var nemnt å bu på Østre-Sætre ved sin konfirmasjon. Elvk02, s. 163. BD87u.

⁴¹⁴ Elvk02, s. 39. BD87u.

⁴¹⁵ Anne Arnesdotter (1734-1813). Busatt på Bruk 2-Nersætre i KFT.

⁴¹⁶ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

Ho var ved dette leitet 28 år.⁴¹⁷ Og sjølv om ein ikkje kan vera sikker, er det ut ifrå alderen sannsynleg at ho hadde vori i teneste tidlegare. Ettersom det i alt er 13 døme der eg ikkje kjenner tilflyttingsstaden, er det grunn til å tru at talet på slike tenesteavbrot har vori noko høgare enn dei ni eg har her. Talet på slike avbrot av alle flyttinger i denne perioden har da vori ein stad mellom 8 % og 10 %. Kva årsakene til slike tenesteavbrot kan ha vori er ikkje godt å seie, men det er vel ikkje urimeleg å tru at det i enkelte døme kan ha vori dødsfall i heimen og/eller meir trong for arbeidskraft slik Kussmaul meiner.⁴¹⁸ I dømet ovanfor med Per Olsson Lia skal ein ikkje sjå bort frå at det var det siste som var årsaka.

Tenestejenta Kari Jonsdotter⁴¹⁹ som hadde vori i teneste frå seinast oktober 1762,⁴²⁰ flytta frå Lia i mars 1763,⁴²¹ og det kan derfor ha vori ein trong for arbeidskraft heime på plassen som gjorde at Per flytta heim. Eit anna døme på tenesteavbrot var dei som kom i teneste att som enkjer. I alt er det døme på to enkjer i ATL som flytta inn i teneste.⁴²² Den eine av desse var enkja Kerste Håkkåsdotter⁴²³ der det i ATL for mai 1763 heiter:

(Grundsæt Nummer 13) Per Amundsen faaet i sit Huus Enken Kirsti Haagensdatter

(Øxet Nummer 37) Gudmund Arnesen mistet af sit Huus Jndersten Kirsti Haagensdatter⁴²⁴

Ho var ved dette leitet omlag 53 år.⁴²⁵ Eg veit ikkje om desse to enkjene hadde vori i teneste før dei vart gift, men det er jo ikkje urimeleg å tru det. I tillegg til desse to fins det fire enkjer i teneste i ES.⁴²⁶ Alt i alt utgjorde desse ikkje meir enn omlag ein prosent av tenarane, og dei må derfor seiast å ha vori ei marginal gruppe som på ingen måte var representativ for tenarane som

⁴¹⁷ Ho var døypt den 10.01.1734 i Åmot kyrkje. Åmok02, s. 1. BD87u.

⁴¹⁸ Kussmaul (1981), s. 73.

⁴¹⁹ Kari Jonsdotter. Tenar nr. 170 i KFT.

⁴²⁰ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴²¹ ATL. Mars lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴²² Den eine er Else Hansdotter (1702-72). Andre hos seg havande i Bakkstua, hmp. under Prestgarn i KFT. Om den andre enkja sjå note 422.

⁴²³ Kerste Håkkåsdotter (1709-). Busatt på Arnstu-Ykset i KFT.

⁴²⁴ ATL for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴²⁵ Føreset ein at ho ikkje er under 20 år ved vigselen i 1740 (Åmotk01, s. 303. BD87u) og ikkje over 45 ved siste fødsel i 1742 (Åmotk01, s. 2. BD87u), noko som ikkje er urimeleg å tru, er ho født i perioden 1697-1720. Og dermed grovt sett omlag 1709.

⁴²⁶ Desse fire var: Kari Persdotter, tenar nr. 53, Magnill Krestensdotter (o. 1719-1809), tenar nr. 77, Kari Persdotter (o. 1719-1809), tenar nr. 148 og Kari Jonsdotter, tenar nr. 170, alle i KFT.

livssyklusgruppe. Som før nemnt er det grunn til å tru at noko av årsaka til at fleire ikkje har sett på dette aspektet av mobiliteten, den at dei ved å sjå kun på flytting mellom tenestestadar ikkje har fått med seg avbrot i tenesta.

4.4. Mobilitetens avstand

4.4.1. Flytteavstand

Eg har til nå teki rede på kor mykje tenarane flytta og hossen type flytting det var, men kor langt flytte dei? Det kan her vera grunn til å dele flyttinga inn i den flyttinga som gjekk innanfor soknegrensa og den flyttinga som gjekk over ho, altså skilnaden mellom mikro- og makromobilitet. Det er dei flyttingene som er nemnt i ATL som ligg til grunn for utrekninga av avstandane. Som kartunderlag og måleutrekning har eg brukt Riksantikvarens database Askeladden.⁴²⁷ Alle avstandane er i luftlinje, og dei er med andre ord minimumsavstandar. I alt er det 92 flyttinger der både frå- og tilflyttingsstad er kjent. 26 og 66 av desse flyttingene var av høvesvis drengar og jenter. I sju døme er frå- eller tilflyttingsstaden kun nemnt med namn på sokn eller landskap, og eg har i desse døma rekna avstand frå hovudkyrkja i vedkommande sokn.

I landskapet Hedmarka har eg brukt Hamar som utgangspunkt ettersom byen ligg omlag midt i landskapet. Sokna er Åmot, Våler, Hof.⁴²⁸ Hovudkyrkja ligg omlag midt i alle dei tre sokna og dei skulle da også kunne gje ein nokså tilnærma avstand. Av dei flyttingene som gjekk innanfor soknet er det 79 der frå- og tilflyttingsstad er kjent, 20 for drengar og 59 for jenter. Det er all grunn til å tru at dei flyttingene der eg ikkje kjenner avstanden ikkje skil seg noko frå dei flyttingene der dette er kjent. Derimot er tala små, spesielt når det gjeld inn- og utflytting der det ikkje er meir enn 13 flyttinger tilsaman, fordelt på seks og sju for høvesvis gutar og jenter. Også for flyttinger blant drengane totalt og innanfor soknet er det kun høvesvis 26 og 20 eg kjenner avstanden på.

⁴²⁷ <http://askeladden.ra.no>

⁴²⁸ I det eine dømet med Hof står det i røynda Solør, men ettersom tenarane, Iver Olsson, før på året haddde komi frå Hof er det grunn til å tru at det var det same soknet i Solør han flytta tilbake åt.

	Tenarar:	Tenestedrengar:	Tenestejenter:
All flytting:	9,5	8,6	9,8
Mikromobilitet:	4,0	2,7	4,5
Makromobilitet:	42,7	28,5	54,8

Tabell 8. Gjennomsnittleg flytteavstand i km.

Som det framgår av tabell 8 var snittet for all flytting på 9,5 km og den var for jentene noko høgare enn for gutane med høvesvis 9,8 mot 8,6 km. Ser ein på kun flyttinga innanfor soknet var denne på 4 km. Jentene hadde også her ein del lengre avstand enn gutane med høvesvis 4,5 mot 2,7 km. Ser ein kun på dei 13 flyttingene som gjekk over soknegrensa var den på 42,7 km. Og jentene hadde her 54,8 km mot gutanes 28,5 km. Tala er som sagt små, spesielt for inn- og utflyttinga, og slump kan derfor ha innverknad på dette talmaterialet. Det at jentene hadde lenger flytteavstand enn gutane totalt og for inn- og utflytting kan tilskrivast to flyttinger av tenestejenter, ei åt Kongsberg⁴²⁹ og ei frå Kristiania⁴³⁰. Men også for innanbygdsflyttingene var ho noko lenger for jentene.

Sjølv om det er kun 20 drengar eg har tal på, er det ikkje urimeleg å tru at det ligg ein viss røyndom bak desse tala. Eg meiner det derfor er grunn til å kunne seie at tenestejenta flytta noko lenger enn gutane iallfall innanfor prestegjeldet. Årsaka til at jentene flytta lenger enn gutane kan ha vori at tilbodet på tenestejenter var jamt større, og at dei dermed måtte flytte noko lengre for å ta teneste.⁴³¹ Som tidlegare nemnt har Ann Kussmaul gjennomsnittss avstandar på mellom 5 km og 11 km frå England på all flytting. Det er som med makromobiliteten vanskeleg å samanlikne flytteavstandar. Det er grunn til å tru at dei engelske sokna var jamnt over mindre enn Elverum, og at avstandane dermed også vart noko mindre. I eit av hennar døme var det motsett av kva det var i Elverum ettersom det her var gutane som flytta lengst.⁴³²

⁴²⁹ Jørøn Hansdotter (o. 1737-1818). Tenar nr. 43 i KFT. Ho flytta i april 1763 frå Bruk 2b Øver-Skjøfstad åt Kongsberg. ATL, April lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴³⁰ Gjertrud Olsdotter. Ho flytta i april 1763 frå Kristiania åt Grindhagan i følge ATL, April lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴³¹ Sjå også Gjerdåker (1974), s. 75f.

⁴³² Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 228f.

4.4.2. Sivert Langholms hypotese

Langholm meiner at graden av nærflytting i Ullensaker i 1865-teljinga ikkje var så ulik den som fans i Asby i Østergötland i Sverige omlag på same tid. Men ettersom tala han kjem fram til er ein del mindre, 52 % mot 77 % innflytting, framset han ein hypotese for å forklare skilnaden. Hypotesen går ut på at det var eit samband mellom *short-distance migration* og *short-term migration*. Langholm seier ikkje direkte kva han meiner med *short-term migration*, men det synast som om det er tenaranes relativt høge mobilitet han har hatt i tankane. I følgje Langholm var nærflyttarane stutt tid i teneste slik at dei ved leitet for teljinga hadde flytta vidare eller tilbake der dei kom frå. Dermed var talet på nærflyttarar mykje mindre enn det det ville ha vori om ein hadde talt all innflytting, slik Hägerstrand gjorde.⁴³³ Derimot finn ikkje Langholm noko støtte for denne hypotesen i sitt materiale da det var mindre nærflytting blant tenarane enn blant andre i same aldersgruppe. Etter mi meining synast hypotesen om sambandet mellom nærflytting og høg mobilitet å vera ein fruktbar hypotese. Eg meiner derimot at denne hypotesen ikkje kan brukas til å forklare skilnaden mellom talet på nærflyttarar i hans og Hägerstrands materiale. Det er vanskeleg å forstå at talet på nærflyttarar i 1865-teljinga skulle vera mindre avdi desse hadde høgare mobilitet enn andre. Sjølv om mange av dei flytta vidare eller tilbake rett før leitet for teljinga, skulle ein tru at det samtidig var like mange som flytta inn. Det kan synast som om Langholm her føreset eit unntak der mange av dei tenarane som skulle ha vori der nå ved ein slump hadde flytta ut. Dette synast, som nyss nemnt, ikkje særleg rimeleg.

4.4.3. Nærflytting og Langholms hypotese i ljøs av mitt materiale

Som allereie nemnt synast det meste av flyttinga på 1700- og 1800-talet å ha vori nærflytting. Ut frå Hägerstrands definisjon av nærflytting var dette flytting mellom grannesokn. Ettersom den lengste fråstanden mellom ei

⁴³³ Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 39f.

nabosoknekyrkje og Asby kyrkje var 17 km satte han dette som den øvre grensa for nærflytting. Denne øvre grensa for nærflytting passar heller dårleg inn for Elverum der avstandane åt grannekyrkjene jamnt over er lengre enn i Asby. Avstandane åt grannekyrkjene er i Elverum som følgjande: Våler kyrkje 21 km, Åmot kyrkje 29 km, Trysil kyrkje 58 km og Løten kyrkje 14 km. Skal ein følgje Hägerstrands modell skulle den øvre grensa for nærflytting vera på 58 km, altså den avstanden det var mellom kyrkja i Elverum og Trysil kyrkje, den av grannesoknets kyrkjer som låg lengst unna. Set ein 58 km som ei øvre grense for nærflytting, vil omlag 86 % av utanbygdsflyttinga vera nærflytting og så mykje som 98 % av all flytting vil vera det. Talmaterialet for utanbygdsflyttinga er som tidlegare nemnt heller lite med kun 13 flyttinger, men det er all grunn til å tru at delen av nærflytting hadde vori omlag den same også ved eit langt større talmateriale.

Samanlikna med det Sogner kom fram til for Nannestad sokn i perioden 1729-54, der noko over halvparten av all utflytting var nærflytting, må talet eg kom fram til for Elverum på 86 % seiast å vera høgt. Rektignok tilsvarar ikkje Sogners nærflytting heilt mi definisjon av nærflytting (sjå kapittel 1.2), ettersom ho reknar det for å vera flytting mellom grannesokn eller prestegjeld innanfor eit og same prosti. Dyrvik kvantifiserar ikkje nærflyttinga, men det går fram at utbytet av flyttarar var særleg stort med nabosokna.⁴³⁴ Graden av nærflytting i mitt område må seiast å vera påfallande lik dei 85 % Alf Steinar Kneppen har komi fram til i sin studie over Ullensaker i perioden 1733-89.⁴³⁵ Rektignok er dette den delen av utanbygdsfødte brudgommar som var frå eit grannesokn, og det er dermed ikkje det same som nærflytting blant tenarar. Men ettersom det er grunn til å tru at fleire av brudgommane hadde flytta inn som tenarar, er det mogleg at dette talet speglar graden av tenesteflytting i Ullensaker ved dette leitet nokså bra. Tala for Elverum er svært like det Brynjulv Gjerdåker kom fram til i sin studie av ungdomstenarar i andre halvdel av 1800-talet, der 97 % ikkje flytta lenger enn 10 km, og 84 % ikkje meir enn mest det halve.⁴³⁶ Rett nok er dette ungdomstenarar i alderen 12 til 19 år, og som Langholm har påpeikt i sitt studie, var tendensen at flyttefråstandane var lågare hos dei i aldersgruppa 16-

⁴³⁴ Dyrvik (1971), s. 39.

⁴³⁵ Kneppen (1976), s. 252-53.

⁴³⁶ Gjerdåker (1974), s. 72f.

20 år enn ho var i aldersgruppa over.⁴³⁷ Det er derfor grunn til å tru at avstandane hadde vori noko lenger om Gjerdåker hadde sett på alle tenarane. Langholm kom fram til at 52 % av innflyttinga var nærflytting på bakgrunn av 1865-teljinga for Ullensaker. Hos både Gjerdåker og Langholm flytta jentene noko lenger enn gutane. Samanlikna med studier frå Sverige på 1800-talet må også delen av nærflytting seiast å ha vori høg. Her kom Hägerstrand fram til at omlag 77 % av all innflytting i Asby i perioden 1860-69 var nærflytting, mens tala for utflytting var noko mindre med 73 %.

Martinius kom for Skåning i Sverige i 1860-åra fram til at 85 % av all flytting var innanfor ein radius på 17 km.⁴³⁸ Og Dribe og Lundh kom for Vestre Skåne i perioden 1829-67 fram til at over 80 % av all flytting og 44 % av all utanbygdsflyttinga var innanfor ein radius på 15 km.⁴³⁹ Alt i alt er det klart at den delen av utanbygdsflyttinga som kan kallast nærflytting var høg i Elverum samanlikna med andre stadar på 1700- og 1800-talet. Noko av årsaka til dette ligg vel i at prestegjeldet var geografisk stort og at dei tilgrensande sokna også var store geografisk. Skulle ein derfor flytte til eit prestegjeld som ikkje grensa til Elverum måtte ein flytte relativt langt. Om ein vel å sjå den mobiliteten eg i kapittel 4.3.4 har komi fram til som høg, må Langholms hypotese seiast å vera styrka ettersom eg da har påvist både høg mobilitetet og høg grad av nærflytting.

4.5. Flyttemønstret i perioden nov. 1762-des. 1763

Spørsmålet i dette kapitlet er til kva tid på året tenarane flytta og kva slags årsaker som låg bak? Ettersom det i dei fleste døma kun er månaden som er nemnt, har eg ikkje sett nærmare etter når i månaden flyttinga fann stad.⁴⁴⁰ Kjelda som ligg til grunn her er ATL for perioden november 1762-desember 1763. Som eg før har nemnt er kommunikantboka mindre egna til å seie noko om kor stor mobiliteten for tenarane var. NB seier heller ikkje noko direkte om flyttinga, og dermed heller ikkje nøyaktig når ho fann stad. Tilsaman var det 111

⁴³⁷ Langholm i *The Scandinavian Economic Review* (1975), s. 43f.

⁴³⁸ Martinus (1977), s. 97.

⁴³⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 6f.

⁴⁴⁰ Det er kun i listene for november og desember 1762 dato for flytting er omtalt. ATL. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

flyttinger av i alt 104 tenarar i denne perioden. Fordelt på kjønn var det 31 flyttinger av 30 drengar og 80 flyttinger av 74 jenter. Som før nemnt var det fem av desse som flytta meir enn ein gong. Før eg ser nærmare etter til kva tid på året tenarane flytta er det grunn til å drøfte ATL noko nærmare. Som eg har vist i kapittel 4.3.4 var det tydeleg ei viss forskyving mellom hending og registrering i ATL for året 1763 blant dei som var daude, og noko mindre tydeleg for dei som fylte 12 år. Det vil seie at registreringa ligg noko på etterskot av hendinga.

Spørsmålet er derfor om det også kan påvisas ei slik forskyving for tenesteflyttinga? Ein del flyttinger må truleg ha vori registrert på førehand og kanskje etter sjølve hendinga, ettersom det truleg fins dobbeltføringer og innføringer som i røynda aldri fann stad. Hossen fordelinga mellom melding på førehand og melding i ettertid fordeler seg er det vanskeleg å seie noko sikkert om, og om det i såfall har vori noko forskyving er det grunn til å tru at ho har vori heller lita. Eg veit ikkje hossen ES vart krevd inn i Elverum, men ettersom det er ført egne lister for kvar månad, bortsett frå november og desember 1762, som er ført på ei felles liste, er det grunn til å tru at Grüner⁴⁴¹ førte listene kvar månad, kanskje i samband med gudsteneste. Sjølve utgreiinga av pengane, som var futens oppgåve, har vel truleg gått føre seg på dei ulike skattetinga. I

Elverum var det tre skatteting i året.⁴⁴² Dette var vårtinget som i 1762 vart heldt 15.03.1762 med framhald den 17. mars;⁴⁴³ sommartinget den 15. juli med framhald den 20. september⁴⁴⁴ og endeleg haustinget som byrja den 27. november 1762 med framhald 14. januar 1763.⁴⁴⁵ Ståle Dyrvik seier i bind 8 av Cappelens Norges Historie⁴⁴⁶ at ekstraskatt vart krevd inn månadsvis i byane, men bare ein gong i kvartalet eller så ofte det vart heldt ting på landet. Men sjølv om det vart krevd inn ekstraskatt kvar månad er det jo ikkje sikkert at det vart meldt frå like mange opplysningar kvar månad. Ein kunne derfor tenkje seg at viss det er ein tendens i materialet til opphoping i særlege månader (månader med skatteting?) ville ein vente at ikkje bare tenesteflyttinga, men også fylte 12 år og dødsfall ville hope seg opp i enkelte månader. Som det framgår av figur 3

⁴⁴¹ Jens Petersson Grüner (1724-79). Sokneprest og busatt på Prestgarn i KFT.

⁴⁴² I NL er dette også tilfelle, men datoane er her 04.03., 04.07 samt 16.11. Norske Lov (1982).


⁴⁴³ SØS tingbok 69b 1761-63, s. 700a og 729a. SaH.

⁴⁴⁴ SØS tingbok 69b 1761-63, s. 749b og 772a. SaH.

⁴⁴⁵ SØS tingbok 69b 1761-63, s. 828b-833b. SaH.

⁴⁴⁶ Dyrvik (1978, 1992), s. 414.

kan ikkje dette seiast å vera tilfelle da talet på daude og fylte 12 år fordelt på perioden ikkje liknar den for flytting (sjå figur 4).




Figur 3. Fylte 12 år og dødsfall nov.1762-des.1763 fordelt på månader.

Etter denne kjeldekritiske gjennomgangen av ATL har eg valt å la tala på flyttinger for dei enkelte månaden stå. Dobbeltføringene og dei flyttingene eg trur ikkje røyndeg fann stad er også teki med i figurane, ettersom desse veg opp for trulege underregistreringer. Som det framgår av figur 4 var oktober og november 1763 dei utan samanlikning største flyttemånadene i perioden, mens november månaden året før, i 1762, må seiast å ha overraskanda lite flytting til samanlikning. Kva årsaka til denne skilnaden er er ikkje godt å seie. Eg skal nedanfor kome tilbake til dette. Elles må april seiast å ha uventa lite flytting samanlikna med oktober og november 1763. Skilnadene mellom april og dei to haust månaden er også påfallande på bakgrunn av NL, der det heiter:

*Alle Tienestekarle og Dreng, som til Bonde-Arbejd ere antagne, hos hvem det og vera kand, med mindre de fæste Gaarde, eller Gaardsparter, hvorpaa de sig kunde nære, skulle vera forpligtede deris Tieniste otte Uger for Fardag, som er Sommer-Natten den 14 April, og Vinter-Natten den 14 Octobris til deris Husbond lovligen at opsiges...*⁴⁴⁷

Også desember 1763 hadde høgare mobilitet enn april. Derimot er skilnaden mellom april og november året før langt mindre. Alle månadene har flytting bortsett frå august. Dei månadene med lågast mobilitet er februar, juni, juli og september.




Figur 4. Tenesteflytting i Elverum hovudsokn nov.1762-des.1763.

Ei mogleg forklaring på at november og desember 1762 har så mykje mindre flytting enn dei same månadene året etterpå, er at dei to haustmånadene i 1762 har ei stor underregistrering. Ei anna forklaring kan vera at det var relativt store årlege variasjonar i talet på flyttinger. Har den fyrste forklaringa noko for seg, skulle ein også tru at det var stor underregistrering for dei daude. Ei etterrøking i dødsfallslistene for november og desember 1762 syner at av 13 gravlagte i kyrkjeboka i denne perioden er det kun ei som ikkje er registrert i ATL. Den fyrste forklaringa på underregistrering synast derfor å falle bort, og vi står dermed at med den siste forklaringa, nemleg årleg variasjon. Eg skal kome tilbake til årsakene til dette mønstret om litt, men fyrst litt om skilnadene mellom kjønna.

Som eg nemnte ovanfor har eg ikkje meir enn 31 flyttinger for tenestedrengar. Talet er for lite til å kunne trekkje noko sikre slutningar, men det er vel ikkje urimeleg å tru at ein kan sjå tendensar. Som det framgår av figur 5 er også oktober og november 1763 dei store flyttemånadene for gutane. April kjem derimot ikkje særleg fram. Januar har faktisk meir flytting. Elles er det dei tre månadene desember 1762 og august og september 1763 som ikkje har flytting. Også her er skilnaden stor mellom november 1762 og 1763. Juni og juli må seiast å ha relativt mykje flytting. Det er derimot grunn til å vera varsam med noko tolkning her ettersom talmaterialet er heller lite, men som sagt noko av den same tendensen syner seg også her som for alle tenarane sett under ett.

⁴⁴⁷ NL 3-21-9. Norske Lov (1982).




Figur 5. Tenesteflytting blant drengar i Elverum hovudsokn nov.1762-des.1763.

Som det framgår av figur 6 er flyttemønstret for jentene nokså lik den for alle tenarane sett under ett. Skilnadene er at januar har relativt mindre flytting samt at juli ikkje har flytting i det heile. Det som er felles for alle tre figurane er på den eine sida den påfallande skilnaden mellom november 1762 og oktober og november 1763 og på den andre den store skilnaden mellom april og oktober/november 1763. Felles er også at august ikkje har flytting. Kva kan årsakene til eit slikt mønster vera? Det er grunn til å tru det var ein viss samanheng mellom påbodet i NL og det at april og oktober hadde høvesvis nest og fjerde mest flytting i 1763. Men sjølv om desse hovudtrekka hadde samanheng med NL, var ikkje meir enn ein tredjedel av all flytting i tråd med lova.

Hadde så vori tilfelle skulle ein ha rekna med at all flytting gjekk føre seg i april og oktober. Eg skal kome tilbake til spørsmålet om litt. Sogners studie av mobiliteten på Austlandet på 1700-talet syner eit mønster med dei same hovudlinjene i Nannestad sokn i perioden 1729-54.⁴⁴⁸ Men mønstret er ikkje bare kjent her i landet, som nemnt i kapittel 4.2, fans det også i Sverige på 1800-talet og i England på 1700- og 1800-talet⁴⁴⁹. I alt tre studier frå sørlege og sentrale delar av Sverige syner at det meste av flyttinga skjedde i oktober og

⁴⁴⁸ Sogner (1979), s. 99ff.

⁴⁴⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 5; Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 59f., s. 60. Note 38, ref. Martinius (1967), s. 63 samt Kussmaul (1981), s. 50f.



Figur 6. Tenesteflytting blant jenter i Elverum hovudsokn nov.1762-des.1763.

ikkje i april.⁴⁵⁰ Mot dette mønstret står visse område av England og Sunnhordaland der flyttinga for det meste gjekk føre seg om våren.⁴⁵¹ Som nemnt i kapittel 4.2 meiner Lundh at det var institusjonelle grunnar til eit slikt mønster. Tolkar eg han rett, var det altså tradisjonelle og hevdvunne årsaker til dette mønstret. Eg trur også at dette må vera hovudforklaringa på det mønstret som fins i Elverum. Elverum var på denne tida eit samfunn med ein blandingsøkonomi av jordbruk, fehald og skogbruk (sjå kapittel 1.6). Det er grunn til å tru at hausten har vori ein meir arbeidsintensiv periode enn våren. I tillegg var våren ein mykje bedre månad å flytte på, i og med at snøen ofte låg djup på denne tida.

Det er derfor vanskeleg å finne ein praktisk årsak til den høgare mobiliteten i oktober og november. Frå seinare tid er det kjent at vinteren var ei tid da mange gjekk utan teneste, avdi det var mindre å gjøere i jordbruket⁴⁵², men dette kan ikkje ha vori noko årsak i Elverum, ettersom kun 4 av dei i alt 62 flyttingene i oktober og november var avbrot i teneste. Elles er det grunn til å tru at den låge mobiliteten om sommaren og i september hadde samanheng med sætringa som på 1900-talet var frå 9. juni til mikkelsmess (29 september)⁴⁵³, og at det dermed ikkje høvde for dei fleste tenestejentene å flytte. Ser ein på tilhøvet mellom flytting i denne perioden og total flytting i året 1763, var det kun

⁴⁵⁰ Dribe og Lundh (2002), s. 5; Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 59f. samt s. 60. Note 38, ref. Martinius (1967), s. 63.

⁴⁵¹ Kussmaul (1981), s. 50f og Dyrvik (1978, 1992), s. 132.

⁴⁵² Knut Dørum har gjort meg merksam på dette tilhøvet for 1800- og 1900-talet, m.a. for Ås i Akershus, muntleg fråsegn.

⁴⁵³ Kjøsberg i *Elverum IV* (1958), s. 186.

omlag seks prosent av jentene som flytta mot omlag 13 % av gutane. Til trass for eit lite talmateriale er det grunn til å tru at denne tendensen er eit uttrykk for jentenes arbeidssituasjon i denne perioden. I allfall frå desember må tømmerhogging ha vori eit viktig arbeid for tenestedrengane. Det heiter da også frå Trysil i ein nesten samtidig kjelde følgjande:

*...plejer Drengen faae Tilladelse i Husbondens Skov at hugge og med Husbondens Heste at fremdrive et Par Tylter Tømmer til sin egen Fordeel.*⁴⁵⁴

Smith seier i si skildring av Trysil frå 1785 at det var vanleg å hogge tømmeret på sommaren, lunne det på hausten og kjøre det fram til vassdraga på vinteren når det var føre til det. Tømmerkjøringa på snøføret byrja fyrst i november ein månads tid, byrja opp igjen i januar og varte fram til slutten av februar. Som regel var det vanleg å ta den siste kjøringa i mars måned etter Grunnsetmartn.⁴⁵⁵ Det går altså fram at dei ikkje arbeida heile vinteren gjennom, men at dei hadde noko kvile frå tømmerhogsten. Det er all grunn til å tru at tilhøva i Elverum omlag 20 år tidlegare ikkje var særleg annleis.

Vinterhalvåret må derfor kunne seiast å ha vori ein relativt arbeidsintensiv periode for tenestedrengane i motsetning til sommaren. Samanliknar ein mobiliteten mellom gutane og jentene i perioden januar-april og desember 1763 er alikevel resultatet motsett av det ein ville forvente. Omlag 34 % av flyttingane blant drengane fann stad i denne perioden mot bare omlag 26 % for jentene. Det er som før nemnt grunn til å vera varsam med ei tolkning ettersom talmaterialet, spesielt for gutane er lite, men det er heller ikkje sikkert at drenganes meir arbeidsintensive periode hadde så mykje å seie for flytting som jentenes sæteropphald hadde.

Ei forklaring på det kan vera at dei, som tidlegare nemnt, ikkje låg heile vinteren borte, men at dei rett som det var kom heim at.⁴⁵⁶ Eg meiner derfor at hovudforklaringa på flyttemønstret i Elverum må ha vori tradisjon og hevdvunne reglar framfor lovpåbod og praktiske grunnar. Elles er det grunn til å tru at det

⁴⁵⁴ Smith (1784, 1964), s. 240.

⁴⁵⁵ Smith (1784, 1964), s. 226f.

⁴⁵⁶ Dette med at karane låg på tømmerhogst i lengre perioder på vinteren er kjent frå nyare tid iallfall fram til siste krig.

kan ha vori ein del årleg variasjon i talet på flyttinger noko skilnaden mellom november 1762 og 1763 truleg er eit døme på.

4.6. Samandrag

I dette kapitlet har eg vist at NB er svært vanskeleg å bruke til å seie noko om den geografiske mobiliteten fyrst og fremst avdi det er vanskeleg å seie kor tenarane budde. Eg har derfor valt å ikkje bruke ho i utrekninga av mobilitetesraten. I staden har eg kun brukt ATL. Den generelle mobilitetsraten (GMR) var på 0,35. For tenestedrengane på 0,25 og for tenestejentene på 0,39. Med andre ord flytta tenarane etter nærmare tre år i teneste i denne perioden. Jentene flytta etter omlag to og eit halvt års teneste, mens gutane flytta fyrst etter fire års teneste. Det er grunn til å tru at ein årsak til denne skilnaden er at jentene i langt mindre grad var skyld husbondfolket enn det høvet var for tenestedrengane. Som eg har vist i kapittel 2.7 var det nesten dobbelt så mange av tenestegutane som var skyld husbondsfolket enn det dømet var for jentene.

Det er derfor grunn til å tru at skyldskap åt husbondfolket kan ha redusert mobiliteten. Spesielt er det grunn til å tru at det nære skyldskapet som syskenrelasjonane hadde ein negativ verknad på flyttinga. 70 % av skyldskapet var syskenrelasjonar, og truleg var dette i høg grad bondesøner som hadde vaksi opp på garden kanskje utan å flytte på seg eller flytta langt mindre, enn dei elles ville ha gjort. Ein annan årsak kan ha vori at tenestejentene var utsatt for det ein kan kalle sexpress, og dermed flytta oftare. Dei tala eg kjem fram til i kapittel 5.3.2 byggjer opp om ein slik hypotese, ettersom skilnaden mellom talet på tenarar av motsett kjønn i dei hushalda med to søner og dei med inga søner var på 0,8 tenar, mens den var på 0,6 mellom dei hushalda med to døtre og dei med inga døtre. Skilnaden var med andre ord større mellom dei hushalda med og utan søner enn han var i dei hushalda med og utan døtre. Det er all grunn til å vise atterhald når det gjeld desse tala da talmaterialet er lite, men det er ikkje urimeleg å tru at det kan liggje ein slik røyndom bak desse tala. Alt i alt er det grunn til å tru at den viktigste årsaka til tenestegutanes lågare mobilitet, var at det var relativt mange bondesøner i teneste hos sysken, og at desse hadde ein lågare mobilitet enn dei andre

tenarane, nettopp avdi dei var i teneste heime. Samanlikningsgrunnlaget for 1700-talet er lite, og det er kun eit studie frå Bollnes sokn i Helsingland i Sverige.⁴⁵⁷ Mobiliteten der må seiast å ha vori omlag som i Elverum. Derimot var tilhøvet mellom kjønna motsett, da det var drengane som hadde høgast mobilitet i Bollnes. Også frå engelsk 1700-tal fins det ein studie, og mobiliteten var her mykje høgare enn han var i Elverum og Bollnes.⁴⁵⁸ Den einaste studien av tenestemobilitet som føreligg her i landet, nemleg frå Etne i Hordaland på 1800-talet, syner ein tanke høgare mobilitet enn han var i Elverum, og jentene hadde som i Elverum høgare mobilitet enn gutane, men skilnaden i Etne var ikkje så stor.⁴⁵⁹

Også studier frå Vestre Skåne⁴⁶⁰ og Østerrike⁴⁶¹ på 1800-talet viser noko høgare rater enn i Elverum. I Skåne hadde gutane noko høgare mobilitet, mens det i Østerrike var jentene som hadde den høgaste mobiliteten, men skilnaden mellom kjønna var ikkje så stor som i Elverum. Det er vanskeleg å trekkje vide slutningar ut i frå eit så lite materiale i tid og rom, men skal ein våge seg på ein slutning kan det sjå ut som om mobiliteten på 1700-talet ikkje var ulik den som fans på 1800-talet. Avdi det kun fins to studier frå nordisk 1700-tal, er det sjølvstøtt heller ikkje råd å seie noko meir generelt om hossen mobiliteten i Elverum og Bollnes var samanlikna med resten av Norden. Det som derimot kan seiast sikkert er at mobiliteten i England på 1700-talet var langt høgare enn dei to studia frå Norden syner.

Det er grunn til å tru at den viktigste årsaka til tenestegutanenes lågare mobilitet, var at det var relativt mange bondesøner i teneste hos sysken, og at desse hadde ein lågare mobilitet enn dei andre tenarane, nettopp avdi dei var i teneste heime. Ein stad mellom 12 % og 15 % av alle flyttingar var i perioden nov. 1762-des. 1763 inn- og utflyttingar av prestegjeldet. Truleg var det ikkje meir enn ein stad mellom 1 % og 2 % av tenarane som flytta utor Elverum i denne perioden. Makromobilitetsraten var på 0,04. Til trass for at det er svært vanskeleg å samanlikne makromobilitet ser det ut til at han var noko mindre i Elverum enn han var i syndre Norrland i Sverige til omlag same tid. Også

⁴⁵⁷ Harnesk (1990), s. 166ff.

⁴⁵⁸ Kussmaul (1981b), s. 223f.

⁴⁵⁹ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 231.

⁴⁶⁰ Dribe og Lundh (2002), s. 6.

⁴⁶¹ Harnesk (1990), s. 168. Note 28, ref. Mitterauer (1986), s. 282ff.

samanlikna med studier både her i landet og i Vestre Skåne og Skåning i Sverige på 1800-talet var inn- og utflyttinga klart lågare i Elverum. Det er ikkje urimeleg å tru at noko av årsaka til skilnaden kan vera at Elverum var eit relativt svært prestegjeld med ein nokså spredt busetnad i motsetnad til ein del av sokna i Sverige. Også i Elverum ser nettoflyttinga ut til å ha vori relativt lita samanlikna med den totale makromobiliteten. Årsteneste ser ut til å ha vori den dominerande forma for teneste, men andre former som halv teneste er kjent. Mellom 6 % og 9 % av all flytting i min periode skuldast avbrot i tenesten.

Når det gjeld flytteavstand var denne i gjennomsnitt på 9,5 km. Jentene noko lenger enn gutane med høvesvis 9,8 km mot 8,6 km. I snitt var innanbygdsflyttinga på 4 km. Jentene flytta også her noko lengre enn gutane med høvesvis 4,5 km mot 2,7 km. For utanbygdsflyttingene var desse tala høvesvis 42,7 km, 54,8 km og 28,5 km. 85 % av utanbygdsflyttinga i Elverum var nærflytting. Dette må seiast å vera høgt samanlikna med andre stadar her i landet på 1700- og 1800-talet og i Sverige på 1800-talet. Føresett eg at mobiliteten på 0,35 var høg, må Langholms hypotese om det nære sambandet mellom nærflytting og høg mobilitet seiast å vera styrka. Det synast som om flyttinga blant tenarane i all hovudsak fann stad i oktober og november og det er påfallande at kun snaue ein tredje del av all flytting i perioden november 1762-desember 1763 gjekk føre seg til lovleg tid.

Sommarmånadene med september hadde minst flytting, noko som truleg skuldast sætringa på denne tida av året. Mønstret er i hovudtrekk også kjent frå Nannestad tidlegare på 1700-talet, frå Sverige på 1800-talet og frå England på 1700- og 1800-talet. Det er vanskeleg å sjå noko praktisk årsak til kvifor det meste av flyttinga gjekk føre seg på hausten, og eg meiner derfor at årsaka til dette mønstret fyrst og fremst var tradisjon og hevdvunne regel framfor praktiske grunnar og lovpåbod. Det ser også ut til at det kan ha vori ein del skilnad på mobiliteten frå eit år til eit anna.

5. Drøfting av årsaker til mobilitet

5.1. Innleiing

Per Amundsson⁴⁶² og Kari Håkkåsdotter⁴⁶³ var husbondsfolk på Nørdre-Grunnset ved opptakinga av ES i oktober 1762.⁴⁶⁴ Dei var begge omlag 60 år ved dette leitet.⁴⁶⁵ Forutan dei sjølve var dei tre borna deiras, Inger, Amund og Kari på høvesvis 17, 12 og 6 år, buande her.⁴⁶⁶ I tillegg kom dei fem tenarane ved namn: Nils Nilsson⁴⁶⁷, Inger Jensdotter⁴⁶⁸, Gjertrud Eriksdotter⁴⁶⁹, Maren Larsdotter⁴⁷⁰ samt Maren Nilsson⁴⁷¹. I det året som fulgte skulle alle tenarane bortsett frå ein skiftas ut. Flyttinga som fann stad var som følgjande: I november kom drengen Per Jensson⁴⁷² i teneste og same månad flytta Gjertrud. I april flytta Inger og i mai kom Kerste Håkkåsdotter⁴⁷³ i teneste. I oktober kom tenarane Ola Johannesson⁴⁷⁴, Maren Hansdotter⁴⁷⁵ og Anne Katrine Eriksdotter⁴⁷⁶ i teneste. Samtidig flytta Nils Nilsson, Maren Nilsson og Kerste Håkkåsdotter, som hadde komi i mai. Eit år etter ES vart oppteken var det framleis like mange tenarar som tidlegare, men det var kun Maren Larsdotter som var tilbake frå det førre året. Det er ATL som her gjer oss eit framifrå innsyn i mobiliteten blant tenarane i byrjinga av 1760-åra. Dessverre er den same kjelda så å seie heilt taus, når det gjeld kva årsaker som låg bak alle dei 116 flyttingene i dei 14 månadene frå og med november 1762 til og med desember 1763. Tenarane må seiast å vera ei taus gruppe som ikkje har etterlatt seg skriftlege ytringar om si eiga tenestetid, og dermed heller ikkje om motiva som låg bak flyttingene.⁴⁷⁷ Men om eg ikkje kjenner motivet eller årsakene bak dei fleste av dei i alt 116 flyttingene er det nokon som er kjent.

⁴⁶² Per Amundsson (o. 1703-73).

⁴⁶³ Kari Håkkåsdotter (o. 1723-70).

⁴⁶⁴ ES. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁴⁶⁵ Han er nemnt å vera 70 år og 8 månader ved sin daude. Gra. 25.01.1773. Elvk03, s. 180.

BD87u. Ho er nemnt å vera 47 år, 5 månader og 9 dagar ved sin daude. Gra. 09.07.1770.

Elvk03, s. 187. BD87u.

⁴⁶⁶ Inger var 61 år ved sin daude. Gra. 12.07.1806. Elvk05, s. 348. BD87u. Amund var 33 år, 9

månader og 10 dagar ved sin daude. Gra. 10.10.1783. Elvk03, s. 220. BD87u. Kari var 21 år ved sin daude. Gra. 12.05.1777. Elvk03, s. 233. BD87u.

⁴⁶⁷ Nils Nilsson, f. o. 1738. Tenar nr. 117 i KFT.

⁴⁶⁸ Inger Jensdotter (o. 1731-1808). Tenar nr. 118 i KFT.

⁴⁶⁹ Gjertrud Eriksdotter, f. o. 1736. Tenar nr. 119 i KFT.

⁴⁷⁰ Maren Larsdotter, f. 1735. Tenar nr. 120 i KFT.

⁴⁷¹ Maren Nilsson, f. o. 1736. Tenar nr. 121 i KFT.

⁴⁷² Per Jensson (o. 1742-1824). Tenar nr. 214 i KFT.

⁴⁷³ Kerste Håkkåsdotter, f. o. 1709. Busatt på Arnstu-Ykset i KFT.

⁴⁷⁴ Ola Johannesson, f. 1738. Tenar nr. 219 i KFT.

⁴⁷⁵ Maren Hansdotter (o. 1736-76). Tenar nr. 110 i KFT.

⁴⁷⁶ Anne Katrine Eriksdotter (o. 1745-1816). Tenar nr. 111 i KFT.

⁴⁷⁷ Sjå også Bulls mel. av Harnesk i *Heimen* (1991), s. 126.

Tenarane Maren Hallvordsdotter⁴⁷⁸, Dorte Eriksdotter⁴⁷⁹, Gjertrud Larsdotter⁴⁸⁰ samt Håkkå Jonsson⁴⁸¹ har det til felles at årsaka til deiras flytting er kjent. Maren og Håkkå flytta saman med hushaldet sitt og dei to siste forlot livssyklustenesta til fordel for ekteskap. Som eg allereie har vist i kapittel 4.3.4 var mobilitetsraten for tenarane på 0,35, der gutane hadde 0,25 og jentene 0,39. Det vil seie at gjennom ei tenestetid frå 15 til 30 års alder ville ein gjennomsnittstenar i Elverum flytte fem gonger. Tenestedrengen ville flytte nesten fire gonger og jenta ville flytte nesten seks gonger. Spørsmålet i dette kapitlet er derfor kva slags årsaker som låg bak tenestemobiliteten. Eg har som Sture Martinius freista å dele årsakene inn i strukturelle og personlege årsaker.⁴⁸² Med strukturelle årsaker meiner årsaker som hadde sin bakgrunn i samfunnsstrukturen meir enn i personlege val som kjenneteikner dei individuelle årsakene. Det er ikkje råd å skilje klart mellom desse to årsakstypene ettersom individuelle avgjersler også vil liggje til grunn for dei strukturelle årsakene.⁴⁸³ For oversiktens skuld har eg og freista å samle drøftinga av årsakene i årsakskomplekser, da fleire av årsakene naturleg heng saman.

5.2. Forskningsstoda

Det er ei allmenn utbreidd oppfatning blant historikarar som Martinius⁴⁸⁴, Kussmaul⁴⁸⁵, Hajnal⁴⁸⁶, Dyrvik⁴⁸⁷, Harnesk⁴⁸⁸ og Dribe & Lundh⁴⁸⁹ at flytting blant tenarane var vanleg og at mobilteten til dels var høg. Svært få har freista å forklare fenomenet. Forskarar som Martinius⁴⁹⁰, Kussmaul⁴⁹¹, Harnesk⁴⁹² samt

⁴⁷⁸ Maren Hallvordsdotter. Tenar nr. 5 i KFT.

⁴⁷⁹ Dorte Eriksdotter (o. 1726-1807). Tenar nr. 171 i KFT.

⁴⁸⁰ Gjertrud Larsdotter (o. 1733-1825). Tenar nr. 169 i KFT.

⁴⁸¹ Håkkå Jonsson. Tenar nr. 183 i KFT.

⁴⁸² Martinius (1977), s. 106ff.

⁴⁸³ Sjå også Martinius (1977), s. 106.

⁴⁸⁴ Martinius (1977), s. 96.

⁴⁸⁵ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 222.

⁴⁸⁶ Hajnal i *Family forms in historic Europe* (1983), s. 98.

⁴⁸⁷ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 230ff.

⁴⁸⁸ Harnesk (1990), s. 161ff.

⁴⁸⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 2.

⁴⁹⁰ Martinius (1977), s. 106ff.

⁴⁹¹ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 225f.

⁴⁹² Harnesk (1990), s. 162ff.

Dribe & Lundh⁴⁹³ har i varierende grad freista å gjøre det. Av desse er det dei sistnemnte, som i ein artikkel frå 2002, må seiast å gjevi den mest systematiske og inngåande forklaringa på tenaranes relativt høge mobilitet.⁴⁹⁴ Fleire av Dribe & Lundhs og dei andres teoriar har det til felles at dei er gangbare for heile Nordvest Europa, og ikkje kun for eit mindre område. Ettersom Dribe & Lundhs artikkel er sentral i mi drøfting av årsaksteoriane, er det naudsynt å sjå nærmare på deiras studie. Artikkelen deiras er bygd opp kring ein kvantitativ og ein kvalitativ analyse av mobiliteten i nokon sokn i Vestre Skåne i Sverige i perioden 1829-67. Ved ein såkalla multivariasjons analyse (multivariate analysis) der dei ved hjelp av ei rekkje faktorar både i og utanfor hushaldet samt *Cox proportional hazards model* har lagd ein risikomodell for tenesteflytting som dei meiner kan fange opp følgjande driv (push) mekanismar:

1. Trongen for arbeidskraft i hushaldet.
2. Evne til utveksling mellom tenarar og vaksne ungar av same kjønn.
3. Tilhøvet mellom tenarar og vaksne ungar av ulikt kjønn.

Tanken bak den fyrste mekanismen er at vekslande trong for arbeidskraft i hushaldet vil variere risikoen for ein tenar til å flytte. Døme på driv-faktorar er varierende avlinger, skiftande storleik på gardsbruka samt talet på born under 15 år. Den fyrste faktoren ga seg utslag i auka risiko for mannlege tenarar til å flytte. Dette avdi arbeidet å tenestedrengane var meir utsatt for variasjonar i avlinga enn jentenes arbeid var. Når det gjeld storleiken på gardane, meiner dei at tilgangen på arbeid var meir jamn på dei større gardsbruka, og dermed var heller ikkje risikoen for å flytte så stor her som på dei mindre bruka. At talet på born under 15 år auka risikoen for tenarane til å flytte meiner dei er noko overraskanda avdi ein skulle tru at born under denne alderen kravde meir arbeidskraft, og dermed førte til mindre risiko for flytting. Grunnen må vera, meiner dei, at iallfall nokon av borna kunne utføre arbeid som elles hadde vori tenestearbeid, og dermed tiltok risikoen for at nokon av tenarane ville flytte. Tanken bak den andre mekanismen er at vaksne husbondsborn av same kjønn

⁴⁹³ Dribe og Lundh (2002).

vil auke risikoen for tenarane til å flytte. Dei seier ikkje her noko om føresetnaden for mekanismen, men den må jo vera at husbondsborn og tenarar utgjorde den same arbeidskrafta, og dermed var konkurrentar. Dribe & Lundh finn derimot ikkje at denne mekanismen var verksam i deiras materiale. Også Jan Oldervolls studie av tenarane med bakgrunn i 1801-teljinga for heile landet må til ein viss grad seiast å byggje opp om det siste resultatet. Oldervoll skriv her at det ikkje synast som om eigne born og tenarane var likestilte med omsyn til arbeidskraft.⁴⁹⁵ Han viser i sin artikkel at husstandar utan vaksne jenter heime hadde i medel 0,8 tenestejenter mot 0,2 der dei hadde to jenter. Og for gutane var desse tala høvesvis 0,5 og 0,1. Også Hans Henrik Bulls avhandling om gifarmålsavgjersler i Rendalen i perioden 1750-1900 byggjer opp om eit slikt syn. Han påpeikar her at dei fleste av bondeborna gjekk i teneste fyrst etter at garden var overdregi åt eldste son, og at det derfor ikkje tyder på at dei var heime for å sikre eit minstemål av arbeidskraft.⁴⁹⁶ Sjølv om det tyder på at husbondsborn og tenarar ikkje utgjorde den same arbeidskrafta er det grunn til å understreke at historikarar som Berkner⁴⁹⁷, Sogner⁴⁹⁸ og Oldervoll⁴⁹⁹ har peikt på samanhengen mellom talet på vaksne born og talet på tenarar. Jo færre vaksne born jo fleire tenarar og omvendt. Generelt synast det derfor som om det var eit klart samband mellom trongen etter arbeidskraft og talet på tenarar. Oldervoll meiner at ettersom tre av fire hushald med tenar hadde ein kvinnleg tenar tyder det på at det var trongen for arbeidskraft som var den viktigaste årsaka til å halde tenarar.⁵⁰⁰ Både Harnesk⁵⁰¹ samt Dribe og Lundh⁵⁰² har peikt på at ettersom trongen for arbeidskraft heile tida var i endring på grunn av hushaldsyklusen, ville dette også føre til at tenarane før eller seinare ville flytte. Det er dette grunnleggande faktum Harnesk kallar *tjänstefolkssystemets väsen*.⁵⁰³ Dribe & Lundhs tredje mekanisme er motsett av mekanisme to avdi tanken her er at fleire hushaldsborn av motsett kjønn førte til auka risiko for

⁴⁹⁴ Dribe og Lundh (2002), s. 10-36.

⁴⁹⁵ Oldervoll i *Vandringar* (1980), s. 105.

⁴⁹⁶ Bull (2006), s. 14f.

⁴⁹⁷ Berkner i *The American historical review* (1972), s. 413.

⁴⁹⁸ Sogner (1979), s. 298.

⁴⁹⁹ Oldervoll i *Vandringar* (1980), s. 105.

⁵⁰⁰ Oldervoll i *Vandringar* (1980), s. 104.

⁵⁰¹ Harnesk (1990), s. 165.

⁵⁰² Dribe og Lundh (2002), s. 11.

⁵⁰³ Harnesk (1990), s. 165.

flytting. Og i motsetnad til førre mekansime er denne verksam i deiras materiale. For dei mannlege tenarane var det merkbart uavhengig av alder, mens det for tenestejentene kun var synleg i alderen 20-24 år. Dei tolkar dette som husbondsfolkets frykt for kjærleiksrelasjonar mellom tenestefolka og egne born. I dømet med ei tenestejente kunne det også vera hennar eige ynskje å flytte, viss sonen på garden viste for mykje merksemd. I tillegg til den før omtalte risikomodellen gjør dei også bruk av eit stort etnologisk materiale frå siste del av 1800-talet der mange grunnar til flytting er nemnt som skilnader på materielle tilhøve.⁵⁰⁴ Dette var t.d. kost, varer, fridagar og løn. Sjølv om løn er nemnt i dette materiale meiner Dribe & Lundh at løn neppe har vori noko vanleg årsak. Dei meiner at grunnen til at løna truleg spilte mindre rolle for mobiliteten var at ho hadde lite å seie samanlikna med varer, tenester samt hus og kost.⁵⁰⁵ Også Martinius⁵⁰⁶ og Harnesk⁵⁰⁷ har eit liknande synspunkt når det gjeld løn som årsak. Harnesk argumenterer mot løn som årsak, ved å hevde at hadde løn vori eit motiv skulle ein vente mindre mobilitet ettersom tenarane da hadde vorti lenge på den same staden.⁵⁰⁸ Martinius meiner at tenestedrengane tenkte meir på tenestejenter, leilendingsbruk og husmannsplassar enn på løn.⁵⁰⁹ Den einaste som meiner at løn kan ha vori ein framtrudande årsak til mobilitet er Kvalvåg. Han påviser her i si oppgåve frå Sør-Noreg i 1711 at tenesteløna var høgast i dei område med flest tenarar.⁵¹⁰ I følgje Dribe & Lundh var dårleg kost den viktigaste årsaka til å byte arbeidsgjevar i dette materialet.⁵¹¹ Fleire historikarar som Gjerdåker og Kussmaul nemner også denne faktoren som årsak til flytting.⁵¹² Dribe & Lundh er også inne på dei personlege årsakene, som tilhøvet mellom tenarane og t.d. husbondsfolka, som grunn til flytting.⁵¹³ Også andre forskarar har vori inne på dette som Kussmaul⁵¹⁴ og Harnesk⁵¹⁵. I same lei ligg også ynskje om eit større sosialt nettverk og med det moglege

⁵⁰⁴ Dribe og Lundh (2002), s. 12-22.

⁵⁰⁵ Dribe og Lundh reknar her varer utanom løn, noko som nok ikkje var vanleg her i landet på 1700-talet i følgje Dyrvik m. fl. (1979, 1990), s. 193.

⁵⁰⁶ Martinius (1977), s. 109.

⁵⁰⁷ Harnesk (1990), s. 163.

⁵⁰⁸ sst.

⁵⁰⁹ Martinius (1977), s. 109.

⁵¹⁰ Kvalvåg (1974), s. 112.

⁵¹¹ Dribe og Lundh (2002), s. 16.

⁵¹² Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 476f og Kussmaul i *Economic History Review* (1981), 225.

⁵¹³ Dribe og Lundh (2002), s. 16.

⁵¹⁴ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), 225.

ektemakar som dei nemner.⁵¹⁶ Ståle Dyrvik er også inne på dette.⁵¹⁷ Dyrvik og Mitterauer meiner også at den sosiale løsrivinga frå foreldre og autoriteter kan ha vori årsaker til flytting.⁵¹⁸ Det framgår også av det etnologiske materialet åt Dribe & Lundh at det fans eit tenestehierarki i Skåne. På dei større gardane kunne det vera opp til fire og tre kategoriar av tenarar for høvesvis gutar og jenter. Ettersom tenarane heile tida klatra innanfor dette hierarkiet ville det føre til ein del flytting. Mitterauer⁵¹⁹ er også inne på denne årsaka, og Kussmaul⁵²⁰ nemner at det må ha vori ein vanleg årsak i England, der eit liknande system fans. Konklusjonen Dribe & Lundh⁵²¹ trekkjer av sin studie er at halvparten av tenesteflyttinga i Skåne skuldast sosial klatring i det tenestehierarkiet som fans her samt flyttinga for å gifte seg. Den andre halvparten skuldast faktorar som dårleg avling (mekanisme 1), vaksne born av motsett kjønn (mekanisme 3) og tilhøve ved hushaldet som dårleg bustad og kost. Også årsaker som konflikhtar mellom tenarane og husbondsfolk eller andre tenarar, ynskje om å lære å drive ein eigen gard samt å utvide det sosiale nettverket slik at ein t.d. kunne finne seg ein ektemake blir trekt fram. Børje Harnesk, har som nemnt, ein del samanfallande synspunkt med Dribe & Lundh, men det særeigne ved hans forklaring er at han meiner det fans ein flyttekultur blant tenarane i syndre Norrland i Sverige på 1700-talet. Denne ovra seg ved at tenarane flytta sjølv om dei ikkje hadde noko eigenleg grunn til det. Utgangspunktet for denne kulturen, meiner Harnesk, låg i at det truleg fans ein mangel på tenarar i dette området, og at tenarane medvetet brukte dette mot bøndene for å forbetre sin posisjon i form av auka løn og meir fritid.⁵²² Kussmaul⁵²³ er også inne på årsaker som Dribe & Lundh framset, men det er fyrst og fremst tenestemobilitetens føresetnader ho framhever. Kussmaul⁵²⁴ påpeikar at tenarane flytta avdi det var så lite som hindra dei i å flytte. Dei hadde, seier ho, få egedelar, var ugifte og

⁵¹⁵ Harnesk (1990), s. 163.

⁵¹⁶ Dribe og Lundh (2002), s. 12 og 21.

⁵¹⁷ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 237.

⁵¹⁸ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 237 og Harnesk (1990), s. 164. Note 16, ref. Mitterauer (1985), s. 199.

⁵¹⁹ Harnesk (1990), s. 164. Note 15, ref. Mitterauer (1985), s. 190.

⁵²⁰ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 226.

⁵²¹ Dribe og Lundh (2002), s. 34ff.

⁵²² Harnesk (1990), s. 165f og 189.

⁵²³ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 225.

⁵²⁴ Kussmaul (1981), s. 55.

tenesteoppgåvane var like over store område. Kostnadane ved å flytte var dermed små. Også Dribe & Lundh har vektlagt denne føresetnaden.⁵²⁵

5.3. Drøfting av årsaksteoriane i ljos av mitt materiale

5.3.1. Trongen for arbeidskraft

Som allereie nemnt i førre kapittel synast det som om det var eit klart samband mellom trongen etter arbeidskraft og talet på tenarar. Avdi hushaldet heile tida var i endring, det ein kan kalle ein hushaldsyklus, ville denne trongen heller ikkje vera konstant. Ein kan seie at dette var eit grunnleggande faktum ved tenesteskippnaden, slik Harnesk⁵²⁶ har påpeikt. Dette grunnleggande faktum er det same som Dribe & Lundhs fyrste mekanisme. Dei fann som nemnt fleire faktorar som hadde verknad på denne mekanismen som storleiken på gardsbruka, avling, og talet på born under 15 år. Dessverre har ikkje eg noko materiale som kan syne tilhøvet mellom avlinger og mobilitet. Men det er jo ikkje urimeleg å tru at det også i Elverum var eit samband mellom sviktande avlinger og auka mobilitet, spesielt for dei mannlege tenarane ettersom dei jo var meir utsatt for endringar enn jentene. Det er heller ikkje råd for meg å sjå om mobiliteten var mindre på gardane enn på husmannsplassane og rydningsplassane, avdi det nesten ikkje fans tenarar på dei sistnemnte stadane. Eg har derimot sett på tilhøvet mellom talet på tenarar og storleiken på skylda.⁵²⁷ Opplysningar om skyld er i det store og heile teki frå bygdebøkene⁵²⁸, men odels- og rosstenesteskatten frå 1762⁵²⁹ er også brukt der skylda ikkje går fram av bygdebøkene. I eit døme har eg også brukt ei langt eldre kjelde, nemleg odelsjordeboka frå 1624.⁵³⁰ Som det framgår av tabell 9 har eg delt gardane inn i tre skyldklasser. Den fyrste på dei bruka under ein hud, den andre for dei som var større enn og lik ein hud og mindre enn og lik to hudar. Den

⁵²⁵ Dribe og Lundh (2002), s. 11.

⁵²⁶ Harnesk (1990), s. 165.

⁵²⁷ For å lette utrekninga er hudar og andre skyldeiningar rekna om til skinn i exel-tabellen (vedlegg 22).

⁵²⁸ Finne-Grønn (1909 og 1914), Skirbekk (1983 og 1984), Stener (1985 samt 1988a-b) og Lintoft (1990) og (2002a-b).

⁵²⁹ Odels- og rosstenesteskatten 1762. Futerekneskap. Solør, Odalen og Østerdalen. RA.

tredje gruppa var dei gardane som var over to hudar. I den fyrste gruppa var det 109 bruk, i den andre 71 bruk og i den tredje var det ni bruk. Som det framgår av tabell 9 fans det i gjennomsnitt omlag ein tenar i den fyrste gruppa, omlag to i den andre og noko i underkant av tre i den tredje.

Skyldklasse:	Tal på hushald:	Medeltal på tenarar:
Skyldklasse 3 (> 2 hudar):	9	2,78
Skyldklasse 2 (≥ 1 hud – ≤ 2 hudar):	71	1,89
Skyldklasse 1 (<1 hud):	109	0,96


Tabell 9. Tilhøvet mellom talet på tenarar og skyld.

Talmaterialet er lite for skyldklasse tre med kun ni bruk, men til trass for det meiner eg at det var eit klart samband mellom storleiken på garden og talet på tenarar. Sagt på ein anna måte er det rimeleg å tru at trongen etter arbeid, og dermed tilgangen på arbeid har vori større på dei større gardane, slik at moglege svingningar i t.d. kornavling ikkje har hatt så store verknadar her som på dei mindre gardane. På den andre sida kan ein også seie at dei jo også hadde fleire tenarar, og dermed hadde nok tilgang på arbeidskraft. Kom det eit uår, var tenestedrengane kanskje også her nøyde til å flytte frå garden. Sjølv om eg ikkje kan påvise skilnad i mobiliteten mellom gardar med ulik storleik, har eg påvist eit klart samband mellom storleik og tenarhald. Men fans det også eit samband mellom hushaldstrukturen i form av tilhøvet mellom tærande og nærande og talet på tenarar? Med tærande meiner eg her dei som var under 12 år og over 54 år. Med andre ord dei som meir eller mindre var uproductive. Mens dei nærande var dei produktive. Desse har eg rekna frå og med 12 år til og med 54 år. Eg har valt 54 år avdi Dribe & Lundh⁵³¹ har brukt ho og fordi ho synast å vera ei rimeleg skiljelinje i datidas samfunn mellom produktiv og uproductiv. Mens Dribe & Lundh har 15 år som nedre grense har eg valt 12 år m.a. avdi denne grensa var i bruk i ES. 12 år kan synast som ei noko låg grense for dei som kan reknas som produktive i datidas samfunn, men ettersom

⁵³⁰ Statthaldararkivet, Jordebøker 1624-26 D IX. 8 XXII B 3-4. RA.


⁵³¹ Dribe og Lundh (2002), s. 26-33. Ståle Dyrvik har ein anna alder på dei produktive, nemleg 15-60 år. Dyrvik (1971), s. 117.

dei var skattlagte i ES, er det grunn til å tru at dei med datidas auge vart sett på som meir eller mindre produktive. I figur 7 har eg framstilt det gjennomsnittlege




Figur 7. Tilhøvet mellom tærande og nærande i alle bondehushald i 1762.

tilhøvet mellom nærande og tærande i ES. Alle tenarane er her blant dei nærande trass i alder. Tilhøvet kan seiast å vera *normalen* for høvet mellom nærande og tærande i alle hushald. Så har eg undersøkt tilhøvet mellom dei tærande og nærande i dei bondehushalda som hadde tenar og dei som ikkje hadde det. For at tilhøvet skal bli rett er tenarane ikkje rekna med. Som det framgår av figur 8 og 9 var det, ikkje overraskande, fleire tærande i dei hushalda som hadde tenar. Talmaterialet skulle vera stort nok da det fans 79 hushald utan tenar mot 110 med tenar. Eg meiner at ei rimeleg tolkning av dette må vera at trongen for arbeidskraft har vori avgjørande for om ein hadde tenestefolk eller ikkje. I tillegg har eg også sett på samanhengen mellom det ein kan kalle ugifte husbondsborn i alderen 12 til 30 år og talet på tenarar. Eg har og teki med alle ugifte i aldersgruppa ettersom dei jo og må seiast å ha vori arbeidskraft. Aldersgruppa 12-30 år er valt avdi dei fleste tenarane fans her (sjå kapittel 2.5), og 12 er valt som ei nedre grense avdi ho er brukt i ES. I dei bondehushalda



Figur 8. Tilhøvet mellom tærande og nærande i bondehushald utan tenarar i 1762.

som hadde tenar var det i snitt omlag 0,8 husbondsborn i alderen 12 til 30 år. I dei hushalda som ikkje hadde tenar var dette talet det dobbelte med omlag 1,6. Talmaterialet skulle også her vera stort nok med 79 hushald utan tenar og 110 med tenar. Som eg har vori inne på i kapittel 1.7.2 og 2.4 er det grunn til å tru at det har vori nokon fleire hushald enn det eg har registrert, ettersom det sannsynleg fans ein del føderådshushald. I 1801-teljinga utgjorde føderådsfolk i eigne hushald omlag fire prosent av folketalet. Tek ein utgangspunkt i dette talet, ville det ganske sikkert ikkje ha noko innverknad på tilhøvet mellom talet på tenarar og skyldstorleik, ettersom det truleg nesten ikkje var tenarar i føderådshushalda. Når det gjeld tilhøvet mellom tærande og nærande i hushald med og utan tenarar, er det grunn til å tru at det kan ha vori nokon færre tærande i hushalda med tenarar avdi det kanskje fans fleire føderådshushald her enn der det ikkje var tenarar. Men truleg er desse tala så små at dei ikkje



Figur 9. Tilhøvet mellom tærande og nærande i bondehushald med tenarar i 1762.

har noko å seie for dei tala eg har komi fram til ovanfor. Når det gjeld kor mange personar det fans i aldersguppa 12-30 år i hushald med og utan tenar, er det ikkje grunn til å tru at føderådshushalda vil ha noko å seie for dei tala eg kom fram til ovanfor. Dette avdi få i denne aldersgruppa truleg fans i føderådshushalda. Eit anna argument i mitt materiale for at arbeidskraft må ha vori eit avgjørande motiv for tenestehaldet er at av dei 52 bondehushalda som kun hadde ein tenar hadde i overkant av 80 % av dei ei tenestejente. Oldervoll har, som nemnt i førre kapittel, også påpeikt dette tilhøvet i 1801-teljinga, og han meiner at årsaka kan ha vori at jentene var meir etterspord som tenarar.⁵³² Oldervoll seier ikkje noko direkte om kvifor jentene var meir etterspord som tenarar. Men det er all grunn til å tru at det var avdi dei var billegare og ikkje minst avdi dei jamnt over var meir brukandes både inne og ute. Ettersom det er all grunn til å tru at drengane hadde høgare status enn jentene kunne t.d. drengane ikkje gå i fjøset å mjølke.⁵³³ Desse tre døma frå Elverum må etter mi meining seiast å vise at Dribe & Lundhs fyrste mekanisme også har vori verksam i Elverum. Det er derfor grunn til å tru at ein stadig vekslende trong for arbeidskraft førte til stendig mobilitet blant tenarane i Elverum.

5.3.2. Utvekslinga mellom tenarar og vaksne unger av same kjønn og ulikt kjønn

Som nemnt tidlegare er Dribe & Lundhs tanke bak denne mekanismen at ei endring i tilgangen på arbeidskraft er kjønns spesifikk slik at fleire husbondsborn og tenarar av same kjønn vil øke risikoen for tenaren til å flytte. Også Jan Oldervolls artikkel frå 1980 må, som nemnt i førre kapittel, til ein viss grad seiast å byggje opp under dei resultatane dei kjem fram til. Eg har her teki

⁵³² Oldervoll i *Vandringar* (1980), s. 104.

⁵³³ Sjå t.d. Avdem og Melby (1985), s. 21.

utgangspunkt i den same utrekningsmetoden som Oldervoll har brukt med utgangspunkt i 1801-teljinga for heile landet.⁵³⁴ Utgangspunktet hans er å samanlikne kor mange tenarar av same kjønn det fans i hushald med og utan to heimeverande søner eller døtre. Eg har også teki med versøner og -døtre når desse ikkje er ført som overhovud i hushaldet. Mens Oldervoll her hadde heile 1801-teljinga som utgangspunkt for sin statistikk har eg eit heller lite materiale. I alt er det for dei heimeverande sønene 16 hushald med to søner og 133 hushald utan søner. For jentene er desse tala høvesvis 13 og 141. Det er derfor all grunn til atterhald, spesielt i dei hushalda med to søner eller to døtre. For å ta drengane fyrst viser det seg at i dei 16 hushalda der det fans to søner var det inga tenarar i det heile. I dei hushalda der det ikkje var vaksne søner var medeltalet på omlag 0,7. For døtrene var desse tala på høvesvis null og omlag ein. Sjølv om det fans fleire tenarar av same kjønn der ein ikkje hadde vaksne husbondsborn er ikkje skilnaden så stor som ein skulle ha venta. Ettersom materialet er lite, er det grunn til å vise atterhald. Men eg meiner det er grunn til å seie at mitt materiale byggjer opp om Jan Oldervolls teori om at eigne born og tenarar ikkje var likestilte som arbeidskraft. På bakgrunn av det eg har komi fram til tidlegare, meiner eg at vaksne husbondsborn av same kjønn har vori ein årsak til flytting, men at den ikkje har vori så vanleg som ein kanskje skulle tru. Det er derfor grunn til å tru at denne mekanismen har hatt noko å seie i Elverum, i motsetnad til det Dribe & Lundh kom fram til for Skåne, der dei, som nemnt, meiner at den ikkje hadde verknad i det heile. Den tredje drivmekanismen åt Dribe & Lundh, er som nemnt den motsette av den førre, og her er det altså husbondsborn av same kjønn som fører til at tenarane har større risiko for å flytte.⁵³⁵ Eg har freista å sjå etter om denne samanhengen også kan påvisas i mitt materiale. Også her har eg brukt Oldervolls metode som utgangspunkt.⁵³⁶ Talet på hushald er det same som nemnt ovanfor. Ettersom talmaterialet er lite, er det også her grunn til å vera varsam med tolkninga. For å ta sønene fyrst viser det seg at i dei 16 hushalda der det fans to søner, var medeltalet for tenestejenter på omlag 0,2. I dei 131 hushalda der det ikkje var vaksne søner var medeltalet på omlag 1. For døtrene var det i dei 13 hushalda

⁵³⁴ Oldervoll i *Vandringar* (1980), s. 105.

⁵³⁵ Dribe og Lundh (2002), s. 32.

⁵³⁶ Oldervoll i *Vandringar* (1980), s. 105.


med to døtre omlag 0,1 tenestedreng og i dei 141 hushalda der det ikkje fans døtre var det omlag 0,7 drengar. Till trass for eit lite talmateriale, er skilnadene mellom der dei hadde to vaksne husbondsborn og ikkje så store, at det er grunnlag for å seie at det truleg må ha vori ein årsak til flytting i Elverum. På bakgrunn av dette meiner eg det her er grunnlag for å seie at mitt materiale støtter opp om Dribe & Lundhs tredje mekanisme.

5.3.3. Lønsskilnader

Som eg har vori inne på tidlegare er det få forskarar som trur at lønsskilnader har hatt noko særleg å seie for mobiliteten. Det er tydeleg at lønsskilnader med bakgrunn i alder og kjønn fans, slik Kvalvåg og Ødegaard har påvist i sine oppgåver for høvesvis Sør-Noreg og Midt- og Nord-Noreg, med grunnlag i skoskatten 1711.⁵³⁷ Brynjulv Gjerdåker peikar også på at det truleg har vori lønsskilnader tenarane i mellom med bakgrunn i dugleik.⁵³⁸ Eit nærliggjande spørsmål er derfor om det fans lønsskilnader som gjekk utover alder, kjønn og dugleik i Elverum i perioden 1758-63. Og om dei fans kva hadde dei i såfall å seie for mobiliteten? Eg har funni det naudsynt å utvide tidsramma noko når det gjeld løn og lønsskilnader da kjeldene i utgangspunktet er nokså tause. Kjeldene eg har brukt er i kronologisk rekkjefølgje følgjande: folkelønsskatten 1711, skifteprotokollane for perioden 1740-75, forordninga frå 1754, Smiths topografiske skildring frå 1785 samt ei dagbok frå perioden 1759-1830 (sjå også kapittel 1.4). Den eldste av desse kjeldene er folkelønsskatten frå 1711. Som nemnt i kapittel 1.4.6 skulle her alle tenarane svara ein sjettedel av løna si i skatt. I alt er det i denne skattelista nemnt 161 tenarar av begge kjønn, fordelt på 51 gutar og 110 jenter. Både Kvalvåg og Ødegaard reknar, som eg har nemnt i kapittel 1.4.6, desse skattelistene for å vera nokså

⁵³⁷ Kvalvåg (1974), s 164 og Ødegaard (1975), s. 201.

⁵³⁸ Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 474f.



Tabell 10. Lønnsgrupper for tenarane i folkelønsskatten 1711.

pålitelege.⁵³⁹ Som det framgår av tabell 10 er det i alt brukt 14 lønssatsar. Av gutane tente 47 %, seks rd. og omlag 16 %, tre rd. Tilsaman utgjør dette omlag 63 % av alle tenestegutane. Av jentene tente omlag 65 %, fire rd. og omlag 12 %, tre rd. Dette utgjør så mykje som 77 % av alle tenestejentene. Spennvidda i løn var relativt stor med i alt elleve lønsgrupper for drengane og 10 for jentene. Men som ein ser av tabell 10, grupperte dei fleste gutane og jentene seg om høvesvis seks og tre rd. samt fire og tre rd. Det synast derfor som om det fans ei gjengs løn i Elverum på denne tida, men med ein del avvik åt begge sider. Det er grunn til å tru at det meste av skilnaden i 1711 skuldast aldersskilnader slik Kvalvåg⁵⁴⁰ og Ødegaard⁵⁴¹ har påvist og/eller dugleik slik Gjerdåker⁵⁴² er inne på. Den neste kjelda eg har gått gjennom er skifteprotokollane for perioden 1740-75 med tanke på tenarar som kan vera nemnt med tenesteløn. Det er her tale om 269 skifte. Kun i 35 (13 %) av desse er tenestefolk som hadde tilgode

⁵³⁹ Kvalvåg (1974), s. 38 og Ødegaard (1975), s. 27.

⁵⁴⁰ Kvalvåg (1974), s. 164.

⁵⁴¹ Ødegaard (1975), s. 201.

⁵⁴² Gjerdåker (1977), s. 474f.

heile eller delar av løna nemnt. Til saman er det tale om 64 tenarar. Dessverre er det kun i tolv døme at tenestetida er nemnt, og kun i eit døme går det klart fram kva årsløna hadde vori. Det er med andre ord vanskeleg å seie noko om årsløna, ettersom det i dei fleste døma kun er nemnt summen tenarane hadde tilgode i løn. Ettersom materialet er sparsomt, skal eg ta for meg dei tolv døma der tidsrommet for tilgodehavande løn er nemnt. Løna i kvart enkelt høve vil bli drøfta ut ifrå dei tre faktorane: alder, kjønn samt løna i 1711. Eg har her føresett at løna var nokså uendra utover på 1700-talet i tråd med det Dyrvik meiner.⁵⁴³ Eg tek fyrst drengeløna: Ingvoll Eriksson⁵⁴⁴ hadde ved eit skifte i 1740 5 rd. i løn tilgode for to år.⁵⁴⁵ Føresett ein at det var heile løna, skulle den ha vori på 2 ½ rd. Han var ved dette leitet 25 år⁵⁴⁶ og sett på bakgrunn av vanleg løn for manlege tenarar i 1711 på 6 rd. er det mindre sannsynleg at dette var heile løna. Det andre dømet er Gunner Gunnarsson Mo⁵⁴⁷ som i eit skifte i 1742 er sagt å ha tilgode løna for 1741 på 2 rd.⁵⁴⁸ Sett på bakgrunn av at han kun var 19 år⁵⁴⁹ ved dette leitet kan det ha vori heile løna. I det tredje dømet er det drengen Kresten Krestensson⁵⁵⁰ som hadde tilgode 3 rd. for eit halvt års teneste i 1747.⁵⁵¹ Fyrste gong det er nemnt i skiftet kunne ein tolke det som om det var tale om heile løna hans, da det heiter:

*Tieneste Drengen Christen Christenssen krævede udi tieniste Løn for ½ Aar som Encken tilstod at være hannem skyldig 3 -*⁵⁵²

Men litt seinare i same skifte kan det like godt tolkast som om det kun var ein del av løna, da det nå heiter:

⁵⁴³ Dyrvik (1978, 1992), s. 133.

⁵⁴⁴ Ingvoll Eriksson (o. 1715-92), husmann under Bruk 2-Nersætre i KFT.

⁵⁴⁵ Skifte den 30.06.1740 etter avdøde Ola Eriksson på Østre-Uthus. SØS skifteprotokoll 6 1738-1741, s. 281a-283b. SaH.

⁵⁴⁶ Han er nemnt å vera 77 år ved sin daude. Gra. 06.03.1792. Elvk03, s. 223. BD87u.

⁵⁴⁷ Gunner Gunnarsson Mo (o. 1723-99), bonde på Vestre-Mo i KFT.

⁵⁴⁸ Skifte den 16.11.1742 etter avdøde Ola Embretsson på Østre-Finnstad. SØS skifteprotokoll 8a 1742-43, s. 1a-2b. SaH.

⁵⁴⁹ Han er nemnt å vera 76 år ved sin daude. Gra. 21.07.1799. Elvk04, s. 330. BD87u.

⁵⁵⁰ Kresten Krestensson (o. 1719-89), bonde på Bruk 1 Nersvea-Sætre i KFT.

⁵⁵¹ Skifte den 07.04.1747 på Bruk 2 Vestre-Finnstad etter avdøde Ola Amundsson. SØS skifteprotokoll 9a 1747-48, s. 30b-33a. SaH.

⁵⁵² Skifte etter avdøde Ola Amundsson den 07.04.1747 på Bruk 2 Vestre-Finnstad. SØS skifteprotokoll 9a 1747-48, s. 31b. SaH.

Går ein også her ut frå at det var heile løna, skulle årsløna ha vori på 6 rd. Med bakgrunn i hans alder på 28 år⁵⁵⁴ og at denne summen var den mest vanlege i 1711, er det ikkje urimeleg å tru at dette kan ha vori heile årsløna hans. I det fjerde dømet er det Gudmund Knutsson⁵⁵⁵ som i 1748 er nemnt å ha tilgode 3 rd., 3 ort og 12 sk for eit halvt års teneste.⁵⁵⁶ Går vi også her ut ifrå at det var heile løna, ville han ha hatt ei årsløn på 7 rd. og 3 ort. Han var om lag 30 år⁵⁵⁷ ved dette leitet og sett på bakgrunn av alder og lønsnivået i 1711, er det ikkje urimeleg å tru at det kan ha vori heile årsløna hans. I det femte dømet er det Hallvord Eriksson⁵⁵⁸ som er nemnt i eit skifte frå 1750, der han hadde tilgode 12 rd. for tre års teneste.⁵⁵⁹ Føresett ein at dette var heile løna skulle den ha vori på 4 rd. På bakgrunn av at han truleg var 27 år⁵⁶⁰ på denne tida og lønsnivået frå 1711, er det grunn til å tru at dette kun var ein del av årsløna.⁵⁶¹ I det sjette dømet er det drengen Ola Andersson Koppang⁵⁶² som i eit skifte i 1761 seiast å ha 3 rd. til gode i tenesteløn, for perioden frå heilage tre kongarsdag (6. januar) til over Grunnsetmartn.⁵⁶³ Går ein ut frå at det var heile løna, og ettersom det her var tale om teneste i omlag to månader,⁵⁶⁴ må årsløna ha vori på omlag 18 rd. Samanlikna med dei to førre lønene på 6 rd. og 7 rd. og 3 ort kan denne

⁵⁵³ Skifte etter avdøde Ola Amundsson den 07.04.1747 på Bruk 2 Vestre-Finnstad. SØS skifteprotokoll 9a 1747-48, s. 32a. SaH.

⁵⁵⁴ Ved skiftet etter hans avdøde far, Kresten Embretsson, den 25.10.1740 på Bruk 1 Vestre-Finnstad er han nemnt å vera 21 år. SØS skifteprotokoll 6 1738-41, s. 308b-311b. SaH.

⁵⁵⁵ Gudmund Knutsson (o. 1718-56). Myrheim (uprenta manus), s. 407.

⁵⁵⁶ Skifte 22.04.1748 etter avdøde Jørn Eriksson på Syndre-Grunnset. SØS skifteprotokoll 9a 1747-48, s. 261a-268b. SaH.

⁵⁵⁷ Han er nemnt å vera 38 år og 2 månader ved sin daude. Gra. 05.04.1756. Elvk02, s. 187. BD87u.

⁵⁵⁸ Hallvord Eriksson (o. 1723-1803), bonde på Østre-Skurstad i KFT.

⁵⁵⁹ Skifte 16.06.1750 etter ekteparet Erik Olsson og Eli Olsdotter i levande live på Østre-Skurstad. ØS skifteprotokoll 2 1773-76, s. 290b-297a. SaH.

⁵⁶⁰ I tillegg til at han var i teneste var han og nemnt å vera son og 27 år i skiftet etter sin foreldre i levande live på Østre-Skurstad. SØS skifteprotokoll 10a 1750-51, s. 23b-25a. SaH.

⁵⁶¹ Det er to med dette namnet det kan vera i ES. Mest sannsynleg er det Hallvord Eriksson (o. 1723-1803)

⁵⁶² Det er noko usikkert hokken han er, men han er truleg identisk med Ola Andersson Sundet-Koppang (o. 1729-83) frå Sundet-Koppang i Stor-Elvdalen sokn. Fosvold (1936, 1984), s. 299. Det at versonen åt enkja han tente hos, Ola Olsson Øvergaard, også var frå ein av Koppang gardane i Stor-Elvdalen styrkjer denne påstanden.

⁵⁶³ Skifte 03.07.1761 på Garde etter den avdøde enkja Anne Tølløvsdotter. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1467a-1487b. SaH.

⁵⁶⁴ Ved eit reskript av 20. august 1756 vart det bestemt at Grunnsetmart skulle byrja den fyrste tydsdagen i mars og vare til vekas slutt. Finne-Grønn (1921), s. 270. Grunnsetmartn var med andre ord i 1761 i perioden 3-8. mars.

løna synast veldig høg. Men ser ein nærmare etter, hadde Ola vori i teneste hos enkja Anne Tølløvsdotter på Garde. Anne er i skiftet kalt madam Aamodt, noko som syner at ho tilhørte dei kondisjonerte.⁵⁶⁵ Det er derfor grunn til å tru at Ola kan ha hatt spesielle arbeidsoppgåver på garden, noko som forklarar den høge løna. Det sjuande dømet er det einaste der det i klar tekst går fram at summen gjaldt heile løna. Det var her drengen Hallsten Jensson Nøtåsen⁵⁶⁶ som hadde tent 5 rd. i teneste frå jula 1760 til mai 1761, altså i 5 månader.⁵⁶⁷ Årsløna skulle her ha vori på 12 rd. i 1761. I det åttande og siste dømet av tenestedrengane er det Morten Mortensson⁵⁶⁸ som er nemnt i eit skifte frå 1774.⁵⁶⁹ Han hadde tilgode 14 rd for 1 ½ års teneste.⁵⁷⁰ Føresett ein at det var heile løna var den på 9 rd., 1 ort og 8 sk. Mortens alder er ikkje kjent, men på bakgrunn av løna i 1711 er det grunn til å tru at det her kan vera tale om den røynelege årsløna. Dei to fyrste døma av tenestejenter er Maggrete Persdotter⁵⁷¹ og Maggrete Jensdotter⁵⁷² som er nemnt i eit skifte i 1748. Dei hadde begge tilgode 1 rd, 2 ort og 2 sk. for eit halvt års teneste.⁵⁷³ Føresett vi at dette var heile løna ville dei da ha ei årsløn på 3 rd. og 4 sk. Ser ein denne løna på bakgrunn av at omlag 77 % av tenestejentene i 1711 hadde 3 eller 4 rd. i løn og at dei to tenestejentene høvesvis var i midten av 30-åra⁵⁷⁴ og 21 år⁵⁷⁵, er det ikkje urimeleg å tru at det kan ha vori heile tenesteløna. Det tredje dømet er Maren Isaksdotter⁵⁷⁶ som ved eit skifte i 1750 hadde tilgode 2 ort i pengar og 2 ort i klede for eit halvt års teneste.⁵⁷⁷ Føresett ein også her at det var heile løna skulle årsløna ha vori på 2 rd. Sett på bakgrunn av løna i 1711 og ein alder på

⁵⁶⁵ Skifte 03.07.1761 på Garde etter den avdøde enkja Anne Tølløvsdotter. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1467a. SaH.

⁵⁶⁶ Hallsten Jensson (o. 1732-1802). Tenar nr. 174 i KFT.

⁵⁶⁷ Skifte på Møsstad 06.04.1761 etter avdøde kaptein Hans Iver Dop. SØS skifteprotokoll 12b 1761-64, s. 1616a-1645a. SaH.

⁵⁶⁸ Eg har ikkje klart å identifisere han.

⁵⁶⁹ Skifte på Ner-Skavhaugen 06.04.1774 etter avdøde Morten Bertelsson. ØS skifteprotokoll 2a 1773-76, s. 290b-297a. SaH.

⁵⁷⁰ ØS skifteprotokoll 2 1773-76, s. 290b-297a. SaH.

⁵⁷¹ Anten er ho identisk med Maggrete Persdotter (o. 1710-82), tenar nr. 162 i KFT eller Maggrete Persdotter (o. 1716-84), husmannskone på Langenga i KFT.

⁵⁷² Maggrete Jensdotter (o. 1727-95), husmannskone på Grindalsstøa 1 i KFT.

⁵⁷³ Skifte 22.04.1748 på Syndre-Grunnset etter avdøde Jørn Eriksson. SØS skifteprotokoll 9a 1747-48, s. 261b-268b. SaH.

⁵⁷⁴ Anten er det ho som er nemnt å vera 72 år ved sin daude og gra. 06.01.1782 eller så er det ho som er 68 år ved sin daude og gra. 28.04.1784. Høvesvis s. 235 og s. 236 i Elvk03. BD87u.

⁵⁷⁵ Ho er nemnt å vera 68 år ved sin daude. Gra. 27.10.1795. Elvk05, s. 343. BD87u.

⁵⁷⁶ Maren Isaksdotter (o. 1716-74). Husmannskone på Nordstøpen i KFT.

34 år⁵⁷⁸ er det mest sannsynleg at det kun var ein del av årsløna. Det fjerde dømet er tenestejenta Ingeborg Olsdotter⁵⁷⁹ som er nemnt i eit skifte i 1762. Ho var her nemnt å ha tilgode 2 rd. for teneste i eit år.⁵⁸⁰ Ettersom alderen her ikkje er sikker, kan ein ikkje sjå bort frå at ho kan ha vori ung og at tilgodehavande kan ha utgjort heile årsløna. Som nyss nemnt er materialet svært lite, og det er dermed vanskeleg å seie noko om lønsnivået på bakgrunn av det. Andre kjelder der eg har funni døme på løn er tingboka. I ei tingsak mot Ola Hansson Støpen⁵⁸¹ i 1757 går det fram at han i perioden 1755-56 hadde arbeida etter ei løn på 14 rd. årleg.⁵⁸² Løna synast rimeleg med bakgrunn i at han på denne tida var 31 til 32 år⁵⁸³ og med bakgrunn i lønsnivået i 1711. Også i ei dagbok frå Mellom-Strand frå perioden 1759-1830 fins det ein opplysning om tenesteløn. Det står her omlag 1810:

*den halve drænge Lønd [...]6[rd.]*⁵⁸⁴

Det er rimeleg å tolke dette som om årsløna låg på 12 rd. ved dette leitet. Anna Tranberg nemner også løner frå Samsal i Ringsaker prestegjeld frå omkring 1800 som låg i nærleiken av dette.⁵⁸⁵ Som eg tidlegare har nemnt ber folkelønsskatten frå 1711 bud om at det var eit nokolunde gjengs lønsnivå i Elverum da, men med ein god del avvik åt begge sider. Døma frå skifteprotokollane er for få til å kunne seie noko sikkert om det fans eit gjengs lønsnivå. Men det fins andre haldepunkt for ein slik teori. Det fyrste er frå tingboka. I ei rettsak mot tenestejenta Berte Tørgjersdotter på bygdetinget i 1728 står følgjande innført:

⁵⁷⁷ Skifte 24.03.1750 på husmannsplassen Nordstøpen etter avdøde Hans Øensson. SØS skifteprotokoll 9b 1748-50, s. 781b-783b. SaH.

⁵⁷⁸ Ho er nemnt å vera 58 år ved sin daude. Gra. 02.01.1774. Elvk03, s. 189. BD87u.

⁵⁷⁹ Eg har ikkje klart å identifisere ho.

⁵⁸⁰ Skifte på Ner-Storhov etter avdøde Jo Eriksson den 07.01.1762. SØS skifteprotokoll 13 1764-68, s. 435b-439b. SaH.

⁵⁸¹ Ola Hansson, f. o. 1724. Lintoft (1990), s. 155.

⁵⁸² Tinget på Garde. 26.09.1757. SØS tingbok 68 1757-59, s. 131a-b. SaH.

⁵⁸³ Lintoft (1990), s. 155.

⁵⁸⁴ Noko nøyaktig datering for denne innføringa fins ikkje, men det er grunn til å tru at det må ha vori omlag 1810. Dagbok frå Mellom-Strand i Elverum som dekkjer perioden 1759-1830. I privat eige på Mellom-Strand i Elverum hos Per Kristoffer Dahl.

⁵⁸⁵ Anna Tranberg (1993), s. 242.

2 ort 12 ß: samt Halwe kleder, som ett qvindfolcked her i engnien nijder aarlig⁵⁸⁶

Sjølv om løna synast lita, er det grunn til å feste seg ved orda *her i engnien*. Ei rimeleg tolkning av dette er at det på denne tida fans eit fast lønsnivå, i det minste, for kvinner. Også forordninga frå 1754 kan seiast å styrkje ein slik teori (sjå kapittel 1.4.5). Også trysilpresten Axel Christian Smiths topografiske skildring frå 1784 må seiast å underbyggje påstanden om eit sams lønsnivå. Det heiter her følgjande:

*I de ældre Tider gav Bonden sin Dreng i aarlig Løn: Klæder, Sko og 3 til 4 Rd. i Penge. Men nu i vore Dage faaes ikke en Karl saa let. Han fordrer 10 Rd. foruden de omskrevne Klæder, og endnu oven i Kjøbet plejer Drengen faae Tilladelse i Husbondens Skov at hugge og med Husbondens Heste at fremdrive et Par Tylter Tømmer til sin egen Fordeel.*⁵⁸⁷

Det er ikkje urimeleg å tru at lønstilhøva i Trysil og Elverum på denne tida var nokså like ettersom skogbruket sto sterkt begge stadar. Sjølv om ein skal vera varsam med etnologisk materiale frå tida omkring 1900, er det grunn til å notere seg at det som regel var same løn for same arbeid på denne tida.⁵⁸⁸ Det er vel og kanskje grunn til å tru, som Harnesk⁵⁸⁹, at mobiliteten hadde vorti mindre viss lønsskilnader hadde vori eit viktig motiv, ettersom tenarane da hadde vorti lenge på den same staden. Som det framgår av tabell 11 er løna langt frå eintydig i perioden 1711-1810. Dette til trass meiner eg at det er grunn til å seie at den gjengse drengeløna i perioden 1758-63 truleg har vori ein stad mellom 8 og 12 rd. Ettersom eg har mindre materiale på jenteløner er det vanskelegare å gje noko tal her, men legg ein tilhøvet mellom gute- og jenteløn frå 1711 til grunn er det grunn til å tru at ho kan ha vori ein stad mellom 5 og 7 rd. På bakgrunn av det eg har komi fram til, meiner eg at det er grunn til å tru at det fans eit gjengs lønsnivå i Elverum i perioden 1758-63. Dei lønsskilnadene som fans gjekk truleg på alder og dugleik. Avdi det dermed heller ikkje var særlege lønsskilnader for tenarar av nokonlunde same alder, kjønn og dugleik, har det dermed truleg heller ikkje vori noko vanleg årsak til å flytte.

⁵⁸⁶ Tinget på Hoom tingstue. 13.09.1728, SØS tingbok 56 1727-30, s. 166a-167a.

⁵⁸⁷ Smith (1784, 1964), s. 240.

⁵⁸⁸ Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 19.

⁵⁸⁹ Harnesk (1990), s. 163.

	Drengar:	Jenter:
1711:	8-1 rd. (6 rd. 46 %)	1,5-6 rd. (4 rd. 64 %)
1741:	2 rd.? (19 år)	
1747:	6 rd.?	
1748:	7 rd. og 3 ort	3 rd. og 4 sk. (x2)?
1755-1756:	14 rd.	
1760-1761:	12 rd.	
1761:	18 rd.?	
1762:		2 rd.?
1774:	9 rd., 1 ort og 8 sk.?	
Før 1784:	3-4 rd. + klede og sko (Trysil)	
1784:	10 rd. + klede, sko og 2 tylfter tømmer (Trysil)	
Omlag 1810:	12 rd.	

Tabell 11. Årsløner i perioden 1711-1810 fordelt på drengar og jenter.

5.3.4. Festepengar

Festepengane må seiast å ha vori eit tillegg til tenesteløna som tenarane hadde rett på i forskot før dei kom i teneste. Da dei hadde motteki dette hadde dei festa seg i teneste, og dei var dermed forplikta til å kome i teneste.⁵⁹⁰ Kor mykje tenarane i Elverum på denne tida fekk, er ukjent. Kristian Østberg seier i bind 2 av Norsk bondret at tenarane i Elverum på midten av 1800-talet fekk to dalar i løn og ein i *sta-peng*.⁵⁹¹ Sjølv om tala ikkje var dei same nesten hundre år tidlegare er det sannsynleg at tilhøvet mellom løn og festepengar kan ha vori det same. Så vidt eg kan sjå er det inga som har drøfta festepengar som mogleg årsak til flytting tidlegare. Føresetnaden for ein slik tanke må jo vera at tenarane kun fekk festepengar når dei festa seg i ny teneste. Dei fekk med andre ord ikkje festepengar for å feste seg for eit nytt år der dei allereie var i teneste. Som nemnt i kapittel 1.4.5. var forordninga av 1754 klar på dette punktet da det her het at tenarane kun skulle ha festepengar ein gong, og ikkje

⁵⁹⁰ Østberg (1918), s. 34.

⁵⁹¹ Østberg (1918), s. 54.

utover det viss dei vart verande i teneste.⁵⁹² Skal ein tru at gjerda var lik lova i Elverum ved dette leitet, kan det dermed ha vori ein grunn til å flytte på seg. Derimot er det ein del ting som tyder på at det ikkje har vori slik. Østberg meiner at denne lova aldri fekk noko å seie.⁵⁹³ Og eg meiner at hadde dette vori eit viktig motiv skulle ein forventa tilstandar der det hadde vori svært vanskeleg å halde på tenarane lenger enn det lovpålagte tenesteåret. Ein ville derfor ha venta ein mobilitet som hadde vori mykje høgare enn den eg har komi fram til i kapittel 4.3.4. På den andre sida er det heller ikkje sikkert at gjerda i Elverum på denne tida var i tråd med loven. Tranberg seier i Ringsakboka at dei på garden Samsal i Ringsaker fekk festepengar kvart år i tida kring 1800.⁵⁹⁴ Også etnologisk materiale frå tida kring 1910 syner at dette var skikk og bruk i Elverum.⁵⁹⁵ Østberg nemner også denne gjerda utan at han seier noko om kor utbreidd ho var. Han refererer her også Hans Strøm si skildring av Sunnmøre frå 1762 der det var ei utbreidd gjerd.⁵⁹⁶ På bakgrunn av dette er det jo ikkje urimeleg å tru at dette og kan ha vori vanleg i Elverum på mi tid. Føresett eg at så var tilfelle i Elverum ved dette leitet, fell jo også festepengane som grunn til flytting bort.

5.3.5. Materielle tilhøve ved tenestestaden som t.d. kost

Påfallande mange har, som eg før har nemnt, trekt fram kost som ein avgjørande faktor for om tenarane vart verande eller flytta vidare. Det synast å vera ein del etnologisk materiale frå siste del av 1800-talet som underbyggjer kor viktig kosten var for tenarane slik t.d. Dribe & Lundh, som før nemnt, har vist for Skåne.⁵⁹⁷ Også frå Elverum fins det materiale frå siste del av 1800-talet og tidleg 1900-tal som framhever at det på dei gardane der det var dårleg kost var vanskeleg å få folk.⁵⁹⁸ Det er sjølvsagt all grunn til å vera varsam med eit materiale som er relativt langt i frå min periode i tid (sjå også kapittel 1.5), men

⁵⁹² FOR. Kapittel 9. Sjå også Østberg (1918), s. 34.

⁵⁹³ Østberg (1918), s. 56f.

⁵⁹⁴ Tranberg (1993), s. 242.

⁵⁹⁵ Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 9.

⁵⁹⁶ Østberg (1918), s. 56f. Sjå også note 21.

⁵⁹⁷ Dribe og Lundh (2002), s. 18.

⁵⁹⁸ Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 20.

det er samtidig grunn til å tru at kosten i teneste alltid har vori viktig. Det er rimeleg å tru, som Dribe & Lundh⁵⁹⁹, at kosten var langt viktigare enn løn ettersom kosten var noko tenarane følte på kroppen kvar dag, i motsetnad til løna som dei kanskje kun fekk ein gong i året. Det er også grunn til å tru at tenarane hadde svært lange arbeidsdagar der dei var oppe i otta og i seng på kvelden.⁶⁰⁰ Det var derfor truleg ikkje noko å seie på matlysta. God og næringsrik mat var da som nå sjølv sagt grunnleggande for hardt arbeid og lange arbeidsdagar. Like fullt er det sannsynleg å tru at det fans skilnader på tilhøva ved dei enkelte hushalda i Elverum på denne tida. Sjølv om det er grunn til å tru at matgjerdar var nokonlunde lik i heile prestegjeldet, er det sannsynleg at kvaliteten og kvantiteten på maten kunne skifte frå hushald til hushald. I nokon hushald var det truleg dårlegare matstell enn i andre. Årsakene til dette kunne vera mange frå trong økonomi, sparsomme husbondsfolk og ikkje minst dugleiken på kjerringa sjølv. Også andre tilhøve ved tenestestaden som bustaden kan det ha vori skilnader på, og det kan dermed ha vori eit motiv for å flytte. Truleg var det på 1700-talet vanleg gjerd for både jentene og drengane å liggje i fjøs og stall, iallfall i den kalde årstida. I den varme årstida låg iallfall jentene for det meste på sætra, mens gutane truleg låg på loft og utlør.⁶⁰¹ Også andre som Dribe & Lundh, har vori inne på bustaden som årsak til mobilitet.⁶⁰² I deiras etnologiske materiale går det, som allereie nemnt, fram at tenesteromma mangla ildstad før 1900 og at bustadtilhøva ofte var dårlege, men ifølgje dei er det ikkje noko som tyder på at det var noko særleg skilnad på bustadane. Ettersom tenarane i Elverum truleg låg i fjøs og stall, er det grunn til å tru at det heller ikkje der var særlege skilnader, avdi opphaldstadane og sengeleiet i utgangspunktet var enkelt. Dribe & Lundh har også i sitt materiale andre skilnader mellom gardane som t.d. klede og sko samt fritid. Klede og sko var, som før nemnt, ein del av løna og som eg kom fram til i kapittel 5.3.3 meiner eg det ikkje var nemneverdig skilnad her. Hossen fritida var hos tenarane på denne tida veit eg ikkje noko om, men ein skal ikkje sjå bort frå at dei kan ha hatt fri til å kome seg på Grunnsetmartn, da som dei hadde i 1920-

⁵⁹⁹ Dribe og Lundh (2002), s. 16.

⁶⁰⁰ I 1920-åra var det vanleg med ti timars arbeidsdag. Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 17.

⁶⁰¹ I Østerdalen var det vanleg med soveplass i fjøset i 1857. Sundt (1862, 1976), s. 159f.

Drengestuer ser ikkje ut til å ha komi i bruk før omlag 1800. Stigum i *Norske bygder* (1942), s. 218 og Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 11.

åra.⁶⁰³ Litt fri i samband med gudsteneste og kyrkjegang må dei truleg også ha hatt. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at dei kan ha hatt friveker slik det er døme på frå Skåne og England, der dette var vanleg. I Skåne var dette mellom 24. okotber og 1. november.⁶⁰⁴ Tenarane brukte denne veka til å flytte mellom den gamle og nye arbeidsgjevaren. Om det fans særleg med fritid, er det truleg ikkje grunn til å tru at det har vori særlege skilnader innanfor Elverum på dette området. Truleg var fritida på lik linje med andre goder tenarane hadde krav på som t.d. løn styrt av hevdvunni reglar innanfor eit større område. Eg meiner det alt i alt er grunn til å tru at kosten som andre stadar har vori ein vanleg årsak til flytting, mens hus og andre materielle ting ved tenestestaden truleg har spela mindre rolle avdi det var lite skilnad mellom hushalda på dette området.

5.3.6. Tilhøvet mellom tenarar og husbondsfolk

Fleire har som nemnt påpeikt personlege relasjonar, spesielt mellom tenar og husbonde som årsak til mobilitet. Som nemnt i kapittel 1.4.6 har eg ikkje hatt tid til å gå gjennom tingbøkene systematisk på jakt etter relasjonar mellom bonde og tenar, som har endt i retten. Men eg har gjort nokon dykk og funni fire saker der tenarar hadde gått frå tenesta si utan lov og rett. I eit av desse døma går det klart fram at personlege motsetningsforhold mellom husbonde og tenar var årsak til flytting. Det fyrste dømet er henta frå tinget på Nørdre-Hoom den 26.11.1728:

*Sergiant Peter Jacob Timmermann loed ved Lucas [Bratholt?] forklare til dette ts. at han ladet indstefne Goro Kielsdaatter tiennende hos Gunder Øxsett uthøre bewiisß og vere del ijkendelse undergifne til lidelse eftter loven og nermere gjørende paastand, fordj Hun twennde gange have taged Feste penge af Citanten og tilsagte ham tjenste, dog iche i de foresadte tiider ind funden sig den udlofwende tienneste at antrede...*⁶⁰⁵

⁶⁰² Dribe og Lundh (2002), s. 15.

⁶⁰³ Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 17.

⁶⁰⁴ Lundh og Dribe (2002), s. 5.

⁶⁰⁵ SØS tingbok 56 1727-30, s. 150a. SaH.

Det kjem her fram at Goro hadde motteki festepengar to gonger utan å møte til teneste. Goro møtte ikkje fram og ho vart dermed pålagt å møte til neste ting.⁶⁰⁶ Eg har dessverre ikkje klart å finne att saka, og det er dermed uklart kva som låg til grunn for at ho ikkje hadde møtt i teneste. Men det er all grunn til å tru at det var ein årsak til at ho hadde teki festepengar to gonger, utan å møte til teneste.⁶⁰⁷ Det andre dømet er frå tinget på Garde den 16. september 1756. Det heiter her følgjande:

Ole Amundsen Liømoen ved Procurator Monsieur Knud Olsen fremstillede Stevneviidnerne Lænsmanden Gunder Biølset og Joen Erichsen Opsall, som Eedelig afhiemlede: at have for hannem sidstleden 28de Junj til dette Ting, indstevnet Hans Jonsen Westerhoug, tilholdende paa Helset, for de hand ulovlig har gaaet af Tienneste hos Citanten, derom at høre viidner og for samme tid en Dom til undgiældelse, og Processens omkostnings befaling: Saa og samme Tiid til Viidne derom under falsmaals straff hiid kaldet Ole Erichsen og Knud Arnesen fra Liømoen, alle i egne paahør. Olsen begierede det Jndstevnte mødende Viidne Knud Liømoen, saavel som at godvillig mødende Viidne, Sergiant Schiatved, maatte vorde afhørt. Fornævnte tvende Viidner fremstillede sig for Rættten, og blev forelæste Edens Forklaring af Lovbogen med Formaning om sandheds udsigende hvor paa de aflagde Lovens Eed. Derefter 1te. Vidne Povel Schiatved, Sergiant ved Herr Major Felbers skiløber Compagnie, Vandt: at vide det Hans Jonsen Vester-Houg, udi næstleden høst eller Vindter ved Jule Tider kom i Tienneste hos Citanten, og nogen Tiid for Paaske kom hand derfra til Helset, hvor hand endnu er, men paa hvad maade hand er derfra veed Viidnet icke. 2det. Vidne Knud Arnesen Liømoen. Vandt: At have fra sidstleden Hellig 3 konger Tiider af seed Hans Jonsen Vester-Houg i Tienneste hos Citanten, indtil den 22de Martj, da viidnet fornam hand var borte derfra, og Citanten sagde, at hand var gaaet bort af Tiennesten uden hans Forlov, Viidnet har og hørt og seet, at Hans Jonsen siden skal have opholdt sig paa Helset. Olsen begiærede, saavel Jndstevnte paagiældende, som det udeblevne Viidne, pleiet med Lovdag til næste Ting. Jndstevnte paa giældende Hans Jonsen Vester Houg, blev paaraabt, men mødte icke, ligesom icke heller Viidnet Ole Erichsen Liømoen møder: Thi forelægges de paa næstkommende høste Ting at møde Vederparten med Tilsvar i sagen og Viidnet under Falsmaals straf til Viidnesbjuds aflæg efter Loven⁶⁰⁸

Som det går fram av saksreferata, hadde tenestedrengen Hans Jonsson Vesterhaug⁶⁰⁹ komi i teneste hos Ola Amundsson på Nordgarn-Jømne⁶¹⁰ rett

⁶⁰⁶ sst.

⁶⁰⁷ Sjå meir om Goro i kapittel 4.3.7.

⁶⁰⁸ Tinget på Garde 16.09.1756. SØS tingbok 67 1754-57, s. 360b. SaH.

⁶⁰⁹ Hans Jonsson, f. o. 1732. Elverum gard og slekt. Myrheim (uprenta manus), s. 60.

⁶¹⁰ Ola Amundsson (o. 1724-67), andre hos seg havande på Lundsstua-Løkja i KFT.

før jul i 1755 og han hadde rett før påske i 1756 flytta åt Helset utan lov og rett. Dessverre framgår det ikkje av dette tingboksreferatet kva grunnen var til at Hans hadde gått frå tenesta ulovleg. Eg har heller ikkje greid å finne at den vidare saksgangen i tingboka. Men det faktum at Hans hadde flytta mot sin husbondes vilje tyder jo på at dei var usamde om eit eller anna. Det tredje dømet er frå vårtinget på Glomstad i Åmot sokn den 18. mars 1757, der det står følgjande innført i tingboka:

Peder Mogensen Øxset af Elverom Sogn Lod ved Procurator monsieur Olsen fremstille Stevneviidner Otter Nillsen Bjørnstad og Knud Arnesen Nabset, som Eedelig afhienlede at have for hannem med mundtlig Varßel til dette Ting den 2den Martj sidstleden, jndstevnet Marte Nielsdaatter tiennende i Aamodts Præstegaard i egen Person fordi hun i afvigte høst efter hun haver taget fæste Penge af ham og dereffter trædet i Tiænesten, men siden foruden aarsag haver løbet af, og fraviget Tiennesten igjen⁶¹¹...og sagde at ville see sagen afgjort i Mindelighed med Citanten og derfor begjerede stillet i beroe til høste Tinget.⁶¹²...Peder Mogensen Øxset Citerede Marte Nielsdaatter /videre folio 104/ Citanten Lod ved sin Broder Lænsmanden Hans Mogensen Glomstad tilkiendegive at Sagen var forligt og derfor begjærede samme ophævet.⁶¹³

Tenestejenta Marte Nilsdotter hadde altså gått frå tenesta si utan at det var noko rimeleg grunn til det. Marte møtte ikkje til denne tingsesjonen, men saka kom opp at på sommartinget den 18. juli 1757 og her møtte Marte og sa at ho ville kome fram til ein minneleg ordning med Per, noko ho også gjorde.⁶¹⁴ Sjølv om det her seiast at ho ikkje hadde hatt noko grunn til å gå frå tenesta hos Per, og ho heller ikkje sjølv ga nokon grunn, har det jo sjølv sagt vori ein grunn. Om denne grunnen skuldast tilhøvet mellom Marte eller Per eller om det var noko som var meir tiltrekkande ved teneste i Åmot prestegard, er ikkje godt å seie. I det fjerde dømet går det klart fram at tilhøvet mellom tenar og husbonde ikkje hadde vori av dei beste. Dei heiter følgjande frå tinget på Garde den 20. juni 1757:

...Saa sees dog af disße samme framlagde Støcker, først at Jndstevnte icke har fulbyrdet den Tienneste hand havde tilsagdt Citanten og var hannem skyldig, men viget Derfra i utide, og derfor billig burde straffes, effter Loven og Forordningerne om Tienneste Folck i saadanne

⁶¹¹ SØS tingbok 68 1757-59, s. 11a-b. SaH.

⁶¹² 18.07.1757 på Glomstad i Åmot sokn. SØS tingbok 68 1757-59, s. 104b. SaH.

⁶¹³ Glomstad den 01.12.1758. SØS tingbok 68 1757-59, s. 177a. SaH.

*tilfælde; Ja Deserteret til Sverig, hvorfor hand som Soldat har været søgt ved krigs Rættten. Og omend skjønt hand derfor har brugt adskillige undskyldninger, at nemlig Citanten ved enn haard og Tyransk medfart skulle have forvoldet saadant, er dette dog een usandhed som Jndstevnte aldrig har kundet beviise...*⁶¹⁵

Som det framgår av tingbokreferatet ovanfor hadde husbonden Ola Olsson Skjøfstad på Vesterhaug⁶¹⁶ stemna tenestedrengen Ola Hansson Støpen⁶¹⁷ for å ha forlatt tenesten mot hans vilje. I motsetnad til dei tre førre sakene går det her, som nemnt, klart og tydeleg fram at tilhøvet mellom dei to ikkje hadde vori det beste. Som eg har nemnt tidlegare har eg ikkje hatt tid til å gå systematisk gjennom tingbøkene, men nokon dykk i materialet ga fort resultat, og det tyder derfor på at det er relativt mange saker av denne typen. Sett i høve til at mellom 12 % og 13 % av folketalet var i teneste kan ein jo ikkje seie at det var så mange, men ein må her hugse på at dei sakene som eg kjenner til havna i retten avdi tenarane hadde gått frå tenesten eller ikkje møtt til teneste, mot husbondens vilje. Eit anna faktum er at mange av sakene truleg endte med minnelege avgjerder, slik Gjerdåker nemner i sitt materiale frå Lofoten⁶¹⁸, før dei kom for bygdetinget. Tingboka seier jo ikkje noko om kor mange som flytta lovleg etter endt teneste fordi tilhøvet med husbondsfolket ikkje var av det beste. Dei fire døma eg nyss har vist syner to moglege og eit sikkert motsetnadtilhøve mellom tenar og husbonde. Motsetnadstilhøva har vori ein drivande årsak, og har dermed ført til flytting. Fans det motsetnad er det og grunn til å tru at det fans venskap mellom tenarar og husbondsfolk. Slike relasjonar ville da verka dragande på tenarane. Alt i alt meiner eg det derfor det er grunn til å tru at slike relasjonar kan ha luggi bak ganske mykje av flyttinga i Elverum i denne perioden, utan at det er råd å talfeste det.

5.3.7. Tilhøvet mellom tenarane og andre i hushaldet

⁶¹⁴ SØS tingbok 68 1757-59, s. 104a-b. SaH.

⁶¹⁵ 16.10.1758 på Garde. SØS tingbok 68 1757-59, s. 131b. SaH.

⁶¹⁶ Ola Olsson (o. 1714-63), bonde på Melgarn-Haug i KFT.

⁶¹⁷ Ola Hansson, f. o. 1724. Lintoft (1990), s. 155.

⁶¹⁸ Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 477.

Fleire forskarar som t.d. Dyrvik, Martinius og Dribe & Lundh har, som nemnt tidlegare, også vori inne på tenestekipnaden og med den mobiliteten som ein måte å skaffe seg sosiale nettverk på. Som det framgår av tabell 11 var det ikkje mindre enn ti tenarar som er nemnt i ES på same tenestestad, som frå to til fire år etterpå gifta seg. I tillegg fins det og eit døme der den ugifte husbonden Tølløv Amundsson⁶¹⁹ gifta seg, fire år etterpå,⁶²⁰ med tenestejenta Anne

Tenaranes namn:	Tenestestad i ES:	Vigseldato:
Hallsten Jensson:	Prestgarn	21.08.1764
Berte Olsdotter:	Prestgarn	21.08.1764
Ottar Eriksson.....	Skjøfstadmoen	24.04.1764
Marte Hallvordsdotter.....	Skjøfstadmoen	24.04.1764
Anders Nilsson:	Garde	17.06.1764
Siri Nilsdotter:	Garde	17.06.1764
Tølløv Amundsson*:	Bruk 2 Nordgarn-Jømne.....	13.11.1766
Anne Olsdotter	Bruk 2 Nordgarn-Jømne.....	13.11.1766
Nils Nilsson.....	Torestu-Ykset.....	11.01.1767
Dorte Larsdotter	Torestu-Ykset.....	11.01.1767
Hallvord Hansson:	Rostad	20.03.1768
Mari Andersdotter:	Rostad	20.03.1768

*Tølløv var husbonde.

Tabell 12. Tenarar som tente saman i ES (1762) og som fram til og med 1768 gifta seg.

Olsdotter⁶²¹. Det er vel ikkje urimeleg å tru at fleire av desse kan hatt eit godt auge til einannan allereie i ES. Sjølv sagt seier ikkje dette noko direkte om flytting, men det er rimeleg å tru at fleire har søkt seg i teneste dit det var tenarar av det andre kjønn eller der man hadde ein kjæreste frå før. Fann kjæresten så ut at han/ho ville flytte, utløyste dette ei ny flytting, eller kanskje fleire flyttinger ettersom det kan ha vori fleire som ville tene i lag. Som eg har vist i kapittel 2.5 var tenarane i Elverum jamnt over unge av år, og det er ikkje urimeleg å tru at dei var ute etter ein stad å tene der det fans fleire tenarar, og

⁶¹⁹ Tølløv Amundsson (o. 1743-91).

⁶²⁰ Elvk02, s. 18. BD87u.

⁶²¹ Anne Olsdotter (o. 1734-1802). Tenar nr. 47 i KFT.

med det liv og leven. Prestgarn sto derfor i ei særstilling med sine ti tenarar og det er ikkje urimeleg å tru at den kan ha vori ein magnet på tenarane. Men samtidig er det og grunn til å tru at slike stadar kan ha hatt stor gjennomtrekk av tenarar. Desse påstandane styrkas også når ein ser på flyttelistene, da det var tre tenarar som kom i teneste og like mange som flytta vidare.⁶²² Talet på tenarar i Prestgarn hadde dermed ikkje endra seg imellom oktober 1762 og utgangen av 1763. Også andre historikarar som Gjerdåker har peikt på den dragande årsaka tenestestadar med mange tenarar kunne vera.⁶²³ Døme på at relasjonane mellom tenarane kan ha luggi til grunn for flytting er tenestejentene Maren Hansdotter⁶²⁴ og Anne Katrine Eriksdotter⁶²⁵ som begge valte å forlate tenesten på Vestre-Grunnset til fordel for teneste på grannegarden Nørdre-Grunnset i oktober 1763.⁶²⁶ Det andre dømet er tenestejentene Anne Olsdotter og Anne Nilsdotter som på same tid flytta frå Odden til Svanåsen.⁶²⁷ Det siste døme er tenestedrengen Amund Amundsson⁶²⁸ og tenestejenta Berte Eriksdotter⁶²⁹ som i november flytta frå Bruk 2 Nordgarn-Jømne og åt Bruk 1 Nordgarn-Jømne.⁶³⁰ Sjølv sagt er det ikkje råd å seie, om det fyrst og fremst var relasjonane mellom desse tenarane som førte dei til same tenestestad eller om det var rein slump. Men sjølv om det i røynda ikkje var relasjonane som førte desse tenarane til same gard er det all grunn til å tru at slike relasjonar har vori ein medverkande årsak til tenesteflytting. Til nå har eg nemnt det ein kan kalle positive relasjonar mellom tenarane. Men fans det slike, er det vel og grunn til å tru at det fans det motsette, nemleg negative relasjonar. Som eg har nemnt i førre kapittel er det ei rekkje døme i tingbøkene på slike negative relasjonar mellom husbonde og tenar, og det er vel grunn til å tru at det har vori minst like mange mellom tenarane sjølve. Årsaker av denne typen kan også liggje til grunn i tre av dei ovanfor nemnte sakene som havna i retten avdi tenestefolket hadde gått frå tenesta ulovleg, men der grunnen ikkje er kjent. Det er vel derfor ikkje urimeleg å tru at relasjonar mellom tenarane på tenestestadar med mange

⁶²² ATL. Oktober og november listene for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁶²³ Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 473.

⁶²⁴ Maren Hansdotter (o. 1736-76). Tenar nr. 110 i KFT.

⁶²⁵ Anne Katrine Eriksdotter (o. 1745-1816). Tenar nr. 111 i KFT.

⁶²⁶ ATL. Oktober lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

⁶²⁷ sst.

⁶²⁸ Amund Amundsson (o. 1743-1801). Tenar nr. 46 i KFT.

⁶²⁹ Berte Eriksdotter (o. 1742-1813). Tenar nr. 49 i KFT.

⁶³⁰ ATL. November lista for 1763. Futerekneskapa. Østerdalen. RA.

tenarar som t.d. Prestgarn ikkje bare var ei dragande kraft, men kanskje like mykje ei drivande kraft, og dermed førte til gjennomtrekk. Alt i alt meiner eg derfor, det er grunn til å tru at tilhøve mellom tenarar og andre i hushaldet kan ha vori ein vanleg grunn til å flytte.

5.3.8. Tenestehierarki

Som nemnt i kapittel 5.2 meiner Dribe & Lundh at snaut halvparten av alle flyttingene i Skåne i perioden 1829-67 skuldast flytting mellom ulike tenestekategoriar.⁶³¹ Altså det ein kan kalle sosial klatring innanfor eit tenestehierarki. I Skåne fans det i perioden 1829-67 opptil fire kategoriar mannlege tenarar, mens dette talet var noko mindre for jentene.⁶³² Det var store skilnader på Skåne på 1800-talet og Elverum på 1700-talet, og det er derfor grunn til å spørje om det var noko grunnlag for eit slikt tenestehierarki i Elverum. Harnesk meiner at noko tenestehierarki neppe fans i syndre Norrland i Sverige og grunngjer det med at dei fleste bøndene hadde få tenarar.⁶³³ Ei slik grunngjeving må vel også kunne seiast å gjelde for Elverum. Som eg har vist i kapittel 2.4 Som eg har vist i kapittel 2.4 fans det i snitt 2,4 tenarar i dei bondehushalda som hadde tenarar. I 38 % av dei same bondehushalda fans det ein tenar og i 77 % fans det mellom ein og to tenarar. Kun 26 av hushalda hadde fire tenarar eller meir. Viss det har vori noko rangordning blant tenarane, må det i såfall ha vori i desse 26 hushalda. Prestgarn var i ei særklasse med i alt ti tenestefolk. Her låg jo tilhøva meir til rette for ein rangordning blant tenarane. Det framgår ikkje av ES eller dei andre kjeldene eg har nytta om det fans noko slik hierarki i Prestgarn eller i nokon av dei andre hushalda, men i bidragsmanntalet frå omlag 1735⁶³⁴ er det nemnt ei amme i Prestgarn. Sett på bakgrunn av talet på tenarar i Prestgarn er det vel ikkje urimeleg at det kan ha vori ei rangordning blant tenarane her, som det ikkje var grunnlag for i bondehushalda. Eg meiner det derfor ikkje er grunnlag for å seie at sosial

⁶³¹ Dribe og Lundh (2002), s. 34.

⁶³² sst.

⁶³³ Harnesk (1990), s. 164.

⁶³⁴ BM 1734-38, s. 111. SaH.

klatring i noko tenestehierarki kan ha vori noko vanleg årsak til flytting, slik det t.d. var i Skåne⁶³⁵ og England.

5.3.9. Flyttekultur

Som nemnt i kapittel 5.2 meiner Harnesk at det i syndre Norrland i Sverige fans ein flyttekultur blant tenarane på 1700-talet, der dei flytta utan å ha noko grunn til det. Utgangspunktet var truleg ein tenestemangel som tenarane medvetet brukte mot bøndene for å forbetre sin posisjon i form av auka løn og meir fritid.⁶³⁶ Det synast, som eg har nemnt i kapittel 1.4.5 som det har vori ein generell mangel på tenarar også her i landet på 1700-talet, og da spesielt på mannlege tenarar.⁶³⁷ Sjølv om det er vanskeleg å føre prov for mangel på tenestefolk i Elverum, kan det vera grunn til, som eg tidlegare har vori inne på i kapittel 1.4.5, å sjå forordninga av 1754⁶³⁸ der tenestetvungen vart gjenteki og innskjerpa i eit slikt ljøs. Også det at bøndene ikkje skulle ha fleire born over 18 år enn dei hadde trong for og husmennene ikkje skulle ha meir enn ein son og ei dotter over 16 år heime⁶³⁹ samt at minstetida for teneste vart auka frå eit halvt- til eit heilt år, kan sjåast i ljøs av ein røyneleg mangel på tenarar. Frå Grue prestegjeld i Solør fins det ei nesten samtidig ovring om dette. Det er her soknepresten Paul. B. Hammer som i svar på dei 43 spørsmåla frå det danske kanselli i 1743 seier at det var ein mangel på nyttige tenestefolk der i soknet.⁶⁴⁰ Sjølv sagt seier ikkje den trulege tenestemangelen noko direkte om det fans ein slik kultur i Elverum, men den seier at føresetnadene for ein slik kultur truleg også fans her som i syndre Norrland. Dømet, i innleiinga på dette kapitlet, om utskiftinga av nesten alle dei fem tenarane på Nørdre-Grunnset kan vera eit døme på ein slik flyttekultur. Konklusjonen må derfor bli at det ikkje er mogleg å seie noko sikkert om dette, men at det heller ikkje kan utelukkes at ein slik flyttekultur fans som dømet truleg var i syndre Norrland.

⁶³⁵ Dribe og Lundh (2002), s. 34.

⁶³⁶ Harnesk (1990), s. 165f og 189.

⁶³⁷ Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 469, Dyrvik (1978, 1992), s. 133 samt Tranberg (1993), s. 238.

⁶³⁸ FOR. Kapittel 1.

⁶³⁹ FOR. Kapittel 3.

5.3.10. Andre årsaker og føresetnader for mobiliteten

Også andre årsaker til flytting fans. Som nemnt i innleiinga av dette kapitlet hadde eg døme på to tenarar som flytta saman med hushaldet sitt og to døme på tenarar som flytta utor tenesta for å gifte seg. Det er vanskeleg å seie kor utbriedd den fyrste årsaka har vori, men så svært vanleg var ho nok ikkje. Dei to tenarane var heller ikkje representative for tenarane da den fyrste var i teneste i eit husmannshushald og den andre i eit innersthushald. Truleg var mobiliteten langt høgare for desse gruppen enn for bøndene. Som eg har vist i kapittel 2.4 fans over 95 % av tenarane i bondehushald, og ettersom mobiliteten truleg var lågare for bøndene var denne årsaka truleg heller uvanleg. Ekteskapet var den årsaka som truleg gjorde ende på tenestetida for dei fleste tenarane. Av dei 276 tenarane i ES har eg funni at 161 (58 %) av dei som gifte. Tala for gutane og jentene var høvesvis 61 % og 56 %. Sett på bakgrunn av at det er vanleg å rekne med at omlag 95 prosent og 90 prosent av høvesvis alle menn og kvinner vart gift er det all grunn til å tru at mørketala i mitt materiale er relativt store.⁶⁴¹ Dribe & Lundh reknar, som tidlegare nemnt, giftarmål for å ha vori ein svært vanleg årsak til flytting i Skåne på 1800-talet.⁶⁴² Og eg meiner at det også i Elverum er grunn til å tru at dette må ha vori ein relativt vanleg grunn til flytting. Det var i løpet av dei 14 månadene, frå november 1762 åt desember 1763, minst sju døme på tenarar som flytta heimat.⁶⁴³ Kva motivet bak desse flyttingene var er ikkje godt å seie. Men det er ikkje urimeleg å tru, som nemnt i kapittel 4.3.7, at det i nokon døme kan ha vori dødsfall i familien og/eller auka trong på arbeidskraft slik Kussmaul⁶⁴⁴ meiner er tilfelle i England. Som nemnt har forskarar som Dyrvik⁶⁴⁵ og Mitterauer vori inne på sosial løsriving frå autoriteter som ein årsak til den høge mobiliteten.⁶⁴⁶ Det er all grunn til å tru at ho kan ha vori ein medverkande årsak, når tenarane forlot heimen til fordel for teneste, avdi dei da kom unna foreldranes autoritet. Men eg meiner at det er

⁶⁴⁰ Norge i 1743 (2004), s. 89.

⁶⁴¹ Dyrvik m. fl. (1979, 1990), s. 128 og Sogner (1996), s. 213.

⁶⁴² Dribe og Lundh (2002), s. 36.

⁶⁴³ Ei av desse flyttingene, av Marte Torgardsdotter, f. o. 1747, tenar nr. 204 i KFT, var ikkje heim, men ettersom ho flytta inn i eit gardshushald hos ein husbondefamilie saman med mor si har eg rekna dette for heime.

⁶⁴⁴ Kussmaul (1981), s. 73.

⁶⁴⁵ Dyrvik i *Heimen* (1983), s. 237.

vanskeleg å argumentere for dette som noko motiv bak den eigenlege tenestemobiliteten, all den tid dei var underlagt husbondens hustukt hokke som. Rektignok argumenterer Dyrvik med at dei kunne slippe unna ein stri husbond. Og som eg har vori inne på i kapittel 5.3.6 kunne nok ein stri husbond vera årsak til mang ei flytting. Skyldskap er også ein mogleg forklaring bak tenesteflyttinga. Som eg har vori inne på i kapittel 4.3.4 er det grunn til å tru at skyldskap åt husbondsfolk har verka bremsande på mobiliteten. Spesielt er det grunn til å tru at dette gjeld der det var syskenrelasjonar. Som eg har vist i kapittel 4.3.4 var omlag 70 % av skyldskapet mellom tenarar og husbondsfolk av denne typen. Som eg har nemnt i kapittel 2.7 er det ti døme på at tenarane var skyldde kvarandre eller andre i hushaldet utan at nokon var skyld husbondsfamilien. Eit døme i så måte er systrene Berte⁶⁴⁷ og Anne Gudmundsdøtre⁶⁴⁸ som begge var i teneste på Gresgarn-Ifarneset i Osen. Berte var omlag 19⁶⁴⁹ og Anne var omlag 12 år⁶⁵⁰ i 1762, og det er vel ikkje usannsynleg at den yngre Anne kan ha komi i teneste her, avdi den eldre systema Berte allereie tente her. Sjølv om det er grunn til å tru at det siste talet har vori høgare, er det ikkje grunn til å tru at det har vori svært utbreidd. Det er dermed heller ikkje grunn til å tru at det har vori noko vanleg årsak til mobilitet. Til nå har eg kun drøfta moglege årsaker bak mobiliteten blant tenarane i Elverum, men det er også grunn til å sjå litt nærmare på dei føresetnadane som låg til grunn for flyttinga. Kussmaul seier, som nemnt i kapittel 5.2, at tenarane flytta avdi det var så lite som hindra dei i å flytte.⁶⁵¹ Og det er all grunn til å vektlegge nettopp dette. Dei var unge og dei hadde få eignedelar, og kostandane ved å flytte må ha vori liten. I tillegg var arbeidet dei gjorde likt over store delar av landet, og i motsetnad til Skåne og England var det truleg eit lite utvikla tenestehierarki. Eg meiner det derfor er all grunn til å tru at alt låg til rette for ein relativt høg mobilitet i Elverum på linje med den eg har komi fram til i kapittel 4.3.4.

⁶⁴⁶ sst. samt Harnesk (1990), s. 164. Note 16, ref. Mitterauer (1985), s. 199.

⁶⁴⁷ Berte Gudmundsdotter (o. 1743-1826), nr. 269 i KFT

⁶⁴⁸ Anne Gudmundsdotter (o. 1750-1825), nr. 270 i KFT.

⁶⁴⁹ I følgje 1801-teljinga var Berte 58 år, og ho skulle dermed vera omlag 19 år i 1762. 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

⁶⁵⁰ I følgje 1801-teljinga var Anne 51 år, og ho skulle dermed vera omlag 12 år i 1762. 1801-teljinga for Elverum. BD87u.

⁶⁵¹ Kussmaul i *Economic History Review* (1975), s. 225.

5.4. Samandrag

Alt i alt er det ikkje råd med dei metodane eg har å talfeste årsakene til mobiliteten blant tenarane slik Dribe & Lundh⁶⁵² nærmast har gjort i sin studie. Det synast derimot å vera klart, som Dribe og Lundh og har komi fram til, at det ikkje bare var ei årsak eller nokon få årsaker som låg bak den relativt høge mobiliteten i Elverum, men derimot fleire årsaker. Det synast, som eg har vist i dette kapitlet, å vera ein klar samanheng mellom trongen etter arbeidskraft og talet på tenarar i mitt materiale. Ettersom denne trongen heile tida var skiftande på grunn av ein hushaldsyklus, er det all grunn til å tru at dette også var ein relativt vanleg grunn til mobilitet. Mitt materiale kan dermed seiast å underbyggje ein av dei årsaksteoriane fleire forskarar som t.d. Harnesk⁶⁵³ samt Dribe og Lundh⁶⁵⁴ har påpeikt. Husbondsborn og tenarar av same kjønn ser ikkje ut til å ha vori heilt likestilt med hensyn til arbeidskraft, men samstundes syner mitt materiale at det var ein klar samanheng mellom talet på husbondsborn og tenarar. Jo fleire husbondsborn jo færre tenarar og motsett. Det er derfor grunn til å tru at desse vaksne husbondsborna av same kjønn har vori ein årsak til tenesteflytting, men kanskje ikkje så stor som ein kunne tru. Resultatet må derfor seiast å underbyggje Dribe & Lundhs⁶⁵⁵ andre mekanisme. Det ser også ut som om husbondsborn av motsett kjønn har auka risikoen for tenarane i Elverum til å flytte, noko som er med å underbyggje Dribe og Lundhs⁶⁵⁶ tredje mekanisme. Derimot ser det ikkje ut til at lønsskilnader har vori noko årsak til mobilitet i Elverum, avdi det synast å ha vori eit gjengs lønsnivå, og at dei lønsskilnadene som fans var på bakgrunn av kjønn, alder og dugleik. Dette resultatet må derfor seiast å underbyggje det fleire historikarar⁶⁵⁷ er einige om. Festepengar ser heller ikkje ut til å ha vori noko årsak til flytting, avdi føresetnaden for ein slik tanke, nemleg at festepengar kun vart betalt ein gong,⁶⁵⁸ ikkje synast å ha vori røyndleg. Av materielle ting ved tenestestaden ser

⁶⁵² Dribe og Lundh (2002), s. 36.

⁶⁵³ Harnesk (1990), s. 165.

⁶⁵⁴ Dribe og Lundh (2002), s. 11 samt 23f.

⁶⁵⁵ Dribe og Lundh (2002), s. 24f.

⁶⁵⁶ Dribe og Lundh (2002), s. 25.

⁶⁵⁷ Dribe og Lundh (2002), s. 16; Martinius (1977), s. 109 samt Harnesk (1990), s. 163.

⁶⁵⁸ FOR. Kapittel 9. Sjå også Østberg (1918), s. 34.

det ut til at det fyrst og fremst var kosten som kan ha vori eit vanleg motiv for å flytte. Ein del etnologisk materiale frå siste del av 1800-talet og tidleg 1900-tal underbyggjer dette.⁶⁵⁹ Mine resultat må derfor seiast å underbyggje det fleire historikarar har meint om kosten som ein positiv årsak til mobilitet.⁶⁶⁰ Mine resultat syner og at personlege relasjonar mellom tenarane og hubondsfolka eller andre på tenestesstaden truleg må ha ført til ein del flytting. Dårlege tilhøve mellom t.d. husbonde og tenar har vori ein drivande årsak, mens t.d. kjærastar på andre tenestestadar har vori ein dragande årsak. Resultatet må derfor seiast å underbyggje det andre historikarar⁶⁶¹ har hevda tidlegare. Det ser ikkje ut til at det har vori grunnlag for det ein kan kalle eit tenestehierarki i Elverum, slik det er kjent frå Østerrike⁶⁶², Skåne⁶⁶³ og England⁶⁶⁴, til det var det for få tenarar på kvar gard. Ein kan ikkje sjå bort frå at det også i Elverum fans ein flyttekultur på lik linje med den som fans i syndre Norrland i Sverige⁶⁶⁵, avdi føresetnadene også fans her. Flytting på grunn av ekteskap var truleg også i Elverum ein relativt vanleg årsak til å flytte utor tenesta slik ho var det i Skåne på 1800-talet⁶⁶⁶. Ein viktig føresetnad for den relativt høge mobiliteten var truleg at tenarane var unge, ugifte og at dei hadde få eigedelar. Kostnadane ved å flytte må derfor ha vori små, slik dei t.d. var i England⁶⁶⁷.

6. Avsluttande samandrag og konklusjon

Eg har i denne oppgåva vist at tenarane utgjorde omlag 13 % av folktetalet i Elverum i 1762. Jentene var i klart fleirtal og det gjekk 65 tenestedrengar for 100 tenestejenter. Elverum skil seg dermed ikkje frå landsbasis 1801 i talet på tenarar. Det var derimot ein del fleire tenestedrengar i Elverum enn på landsbasis. Det er rimeleg å tru at årsaka til det har vori at trongen for mannleg arbeidskraft å tømmerhogst var større i Elverum enn det den var på landsbasis.

⁶⁵⁹ Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 20.

⁶⁶⁰ Dribe og Lundh (2002), s. 16; Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 476f og Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 225.

⁶⁶¹ T.d. Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 225; Harnesk (1990), s. 163 samt Dribe og Lundh (2002), s. 16.

⁶⁶² Harnesk (1990), s. 164. Note 15, ref. Mitterauer (1985), s. 190.

⁶⁶³ Dribe og Lundh (2002), s. 34ff.

⁶⁶⁴ Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 226.

⁶⁶⁵ Harnesk (1990), s. 165f og 189.

⁶⁶⁶ Dribe og Lundh (2002), s. 36.

Samanlikna med gjennomsnittet i Norden og England må tala, som i Noreg elles, seiast å vera midt på treet. Tenarhaldet var fyrst og fremst knytta åt bondehushalda. Nesten 60 % av alle bondehushalda hadde tenarar. Det budde omlag 2240 menneske i Elverum i 1762. Desse fordelte seg på 350 hushald. Noko over halvparten av desse var bondehushald. Samanlikna med tilhøva elles i Norden og Nordvest Europa på same tid, ser det ut til at relativt få hushald hadde tenarar i Elverum, men talet på tenarar var for det ikkje særleg mykje lågare. Gjennomsnittsalderen for tenarane i Elverum var omlag 24, og av desse var over 40 % av tenarane under 20 år og omlag 20 % var over 30 år. Mens halvparten av tenestegutane var under 20 år, var det kun drøye ein tredjedel av jentene som var det. Snittalderen for jentene var med andre ord ein god del høgare enn det han var for gutane. Samanlikna med andre område her i landet og Nordvest Europa må tenarane i Elverum seiast å ha vori unge. Årsaka til dette var fyrst og fremst at det fans mange unge tenestedrengar i Elverum. Truleg var godt over 80 % av tenarane født i soknet, og dei aller fleste utanbygdsfødte var frå eit grannesokn. Meir enn 29 % av tenarane var skyld husbondsfolket, og den mest vanlege forma for skyldskap var at tenarane var sysken av husbondsfolket. Heile 70 % av all skyldskap var av denne typen. Kun 4 % var skyldskap i tredje ledd. Gutane var i klart fleirtal av dei som var skyld, og det er grunn til å tru at årsaka var at det var relativt fleire bondesøner i teneste enn bondedøtre. Truleg var det bondesønene som i høg grad tente heime på garden hos sysken. På bakgrunn av dette er det grunn til å tru at skyldskap ofte har vori avgjørande for kor ein var i teneste. Ei overvekt av tenarane i Elverum var rekruttert frå husmanns- og innerststanden. Relativt fleire av drengane var frå bondehushalda, mens relativt fleire av jentene var frå husmanns- og innersthushalda. Følgjande hypotese kan forklare skilnadene mellom kjønna: Det var vanlegare for bondesøner å vera i teneste enn tilfelle var for deiras systre på 1700-talet. Ei delvis forklaring på det er at tømmerhogsten i Elverum var viktigare enn han var sett heile landet under eit. Årsaka til at det var relativt få gutar i høve til jenter frå husmanns- og innerstklassa, var at gutane hadde anna arbeid i eller utanfor soknet. Også eit studie av den sosiale mobiliteten i Skåne til omlag same tid syner den same

⁶⁶⁷ Kussmaul (1981), s. 55.

tendensen.⁶⁶⁸ Både tenarane i Elverum og tenarane jamnt over i Nordvest Europa ser ut til å ha vori rekruttert frå dei lågare samfunnssklassene. Sett under eit ser godt over halvparten av tenarane i Elverum ut til å ha hatt ein oppgåande- eller uendra sosial mobilitet. Noko overraskanda er det at gutane i grove trekk ser ut til å ha hatt ein oppgåande sosial mobilitet, mens jentene ser ut til å ha hatt det motsette. Spesielt stor var skilnaden blant bondesønene og bondedøtrene. Mens det for ein tenestedreng var omlag 70 % sannsynleg for at han ville bli bonde, var det kun 30 % sannsynleg at ei tenestejente ville bli gardkjerring. Mine resultat må seiast å stå i kontrast til det Harnesk har komi fram til for eit sokn syndre Norrland, der tenestedrengane hadde ein klart nedgåande sosial mobilitet.⁶⁶⁹ Bondedøtrene hadde heller ikkje her så stor nedgåande mobilitet som dei i Elverum. I Skåne var den nedgåande mobiliteten hos bøndene på ikkje meir enn 11 og 15 %, og dermed ein del mindre enn i Elverum på 1700-talet.⁶⁷⁰ Kanskje var det ein samanheng mellom den nedgåande mobiliteten for bondedøtrene i Elverum og kvinnenens generelt svakare økonomiske stilling på 1700-talet.⁶⁷¹ Det er kjent at kvinnene på 1700-talet var meir representert i fattiglistar og fattighus enn menn.⁶⁷² Ei innvending mot denne forklaringa er at det i samtida fans eit kvinneoverskot, og at mange kvinner dermed ikkje vart gift. Det er grunn til å tru at det er mykje av dette kvinneoverskotet som gjenfinnes i fattiglistene på 1700-talet. Dei andre kvinnene vart vel stort sett gift, og må i det store og heile ha følgd den sosiale gangen åt mannen. Forklaringa må derfor seiast å stå heller svakt. Kommunikantlista må seiast å vera vanskeleg å bruke til å seie noko om geografisk mobilitet, fyrst og fremst avdi det ikkje går klart fram kor tenarane budde ved nattverdsgangen. Eg har derfor valt å sjå bort frå denne kjelda i utrekninga av mobiliteten. I staden har eg kun brukt ATL. Mobilitetesraten (GMR) blant tenarane i Elverum låg på 0,35. Tenestejentene hadde klart høgare mobilitet enn gutane med høvesvis 0,39 mot 0,25. Sagt på ein anna måte flytta tenarane etter nærmare tre år i teneste i denne perioden. Jentene flytta etter omlag to og eit halvt års teneste, mens gutane flytta fyrst etter fire års

⁶⁶⁸ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 67.

⁶⁶⁹ Harnesk (1990), s. 25-31.

⁶⁷⁰ Lundh i *Continuity and Change* (1999), s. 73f.

⁶⁷¹ Knut Dørum muntleg fråsegn.

⁶⁷² Sjå t.d. Dørum i *Heimen* (1995), s. 77-83.

teneste. Eg meiner det er to tilhøve som kan forklare tenestejentenes høgare mobilitet. For det fyrste var dei, som eg har vist i kapittel 2.7, i langt mindre grad skyld husbondsfolket enn det høvet var for tenestedrengane. Det var relativt fleire tenestedrengar som var i teneste hos sysken enn det tilfellet var for jentene. Det er grunn til å tru at denne typen skyldskap har redusert mobiliteten, og dermed forklarar dette også kvifor jentene hadde høgare mobilitet. For det andre var det som eg har vist i kapittel 5.3.2 større skilnad i talet (0,8) på tenestejenter mellom hushald der det var to søner og der ikkje var søner, enn mellom det same tilhøvet der det var tenestedrengar (0,6). Eg meiner dette kan tolkast som at sexpresset var større på tenestejentene enn det tilfellet var for drengane. Avdi tala er små er det grunn til å vera varsam med ei tolkning, men dette til trass er det ikkje urimeleg å tru at det kan liggje ein slik røyndom bak desse tala. Det er grunn til å tru at den fyrste forklaringa er den viktigaste, og at den andre er noko meir usikker. Det einaste samanlikningsgrunnlaget for 1700-talet i Norden, nemleg Bollnes sokn i Helsingland i Sverige⁶⁷³ syner omlag den same mobiliteten som i Elverum, men tilhøvet mellom kjønna var motsett av det dei var i Elverum, avdi det her var tenestedrengane som hadde høgast mobilitet. England ser ut til å ha hatt ein langt høgare mobilitet på 1700-talet. Det einaste studiet av mobilitet som føreligg her i landet frå Etne i Hordaland på 1800-talet⁶⁷⁴ viser ein tanke høgare mobilitet enn det han var i Elverum. Studier frå Vestre Skåne⁶⁷⁵ og Østerrike⁶⁷⁶ på 1800-talet syner noko høgare rater enn i Elverum. I Skåne var det gutane som hadde høgast mobilitet, mens det i Østerrike var motsett. Men skilnaden var ikkje så stor som i Elverum. Det er vanskeleg å trekkje vide slutningar ut frå eit så lite materiale, men det kan sjå ut til at mobiliteten på 1700-talet ikkje var så ulik den som fans på 1800-talet. Ettersom det kun fins to studier frå Norden på 1700-talet er det vanskeleg å seie noko om hossen han var samanlikna med resten av Norden. Det som derimot kan seiast er at mobiliteten i England på 1700-talet⁶⁷⁷ var langt høgare enn dei to studia frå Norden syner. Sjølv om det er vanskeleg å samanlikne

⁶⁷³ Harnesk (1990), s. 161-178.

⁶⁷⁴ Dyrvik i *Heimen* (1983).

⁶⁷⁵ Dyrvik i *Heimen* (1983).

⁶⁷⁶ Harnesk (1990), s. 168. Note 28, ref. Mitterauer (1986), s. 282ff.

⁶⁷⁷ Kussmaul (1981b), s. 223f.

makromobiliteten⁶⁷⁸ ser det ut til at den var relativt liten i Elverum samanlikna med studier frå Sverige på 1700- og 1800-talet.⁶⁷⁹ Det synast også som om nettomigrasjonen i Elverum var liten og dermed i samsvar med det som er kjent frå 1700- og 1800-talet i Norden.⁶⁸⁰ Ei forklaring på dette kan vera at Elverum var eit relativt stort geografisk sokn med spreidd busetnad. Årsteneste ser ut til å ha vori den dominerande forma for teneste. I gjennomsnitt flytta tenarane 9,5 km. Jentene flytta noko lenger enn gutane med 9,8 km mot 8,6 km. 85 % av makromobiliteten i Elverum var nærflytting. Dette må seiast å vera ein del høgare enn det ho var elles i Norden på 1700- og 1800-talet.⁶⁸¹ Går ein ut frå at mobilitetsraten i Elverum på 0,35 var høg, er det grunn til å seie at Langholms hypotese om det nære sambandet mellom nærflytting og høg mobilitet er underbygd av min studie. Det aller meste av flyttinga skjedde i oktober og november. Kun ein tredjedel av all flytting i perioden november 1762-desember 1763 skjedde i tråd med lovpåbodet. Sommarmånadene med september hadde minst flytting, noko som truleg skuldast sætringa på denne tida av året. Elverum må seiast å falle inn i det mønstret som er kjent her i landet tidlegare på 1700-talet, frå Sverige på 1800-talet og frå England på 1700- og 1800-talet. Eg meiner grunnen til dette mønstret fyrst og fremst må tilskrivast tradisjon og hevdvunne regel framfor praktiske grunnar og lovpåbod. Det er og grunn til å påpeike at mobiliteten ser ut til å ha variert frå år til år. Det er umogleg med mine metodar å talfeste årsakene til den geografiske mobiliteten slik Dribe og Lundh⁶⁸² nærmast har gjort i sin studie. Det synast derimot å vera klart at det fans mange årsaker til at tenarane flytta på seg. Eg har i denne oppgåva påvist at det fans ein klar samanheng mellom trongen etter arbeidskraft og talet på tenarar i Elverum. Avdi trongen heile tida var skiftande på grunn av ein skiftande hushaldsyklus, er det all grunn til å tru at dette også var ein relativt vanleg grunn til mobilitet. Denne oppgåva må dermed seiast å underbyggje ein av dei årsaksteoriane fleire forskarar som t.d. Harnesk⁶⁸³ og Dribe & Lundh⁶⁸⁴ har påpeikt. Husbondsborn og tenarar av same kjønn ser ikkje ut til å ha vori

⁶⁷⁸ Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56. Sjå note 17.

⁶⁷⁹ Sjå t.d. Martinius (1977), s. 97.

⁶⁸⁰ Sjå t.d. Dyrvik (1971), s. 39 og Lundh i *Journal of Family History* (1999), s. 56.

⁶⁸¹ Sogner (1979), s. 101; Martinius (1977), s. 97 samt Dribe og Lundh (2002), s. 6f.

⁶⁸² Dribe og Lundh (2002), s. 36.

⁶⁸³ Harnesk (1990), s. 165.

⁶⁸⁴ Dribe og Lundh (2002), s. 11 samt 23f.

heilt likestilt med hensyn til arbeidskraft. Samstundes viser mitt materiale at det var ein klar samanhang mellom talet på husbondsborn og tenarar. Jo fleire husbondsborn jo færre tenarar og motsett. Det er derfor grunn til å tru at desse vaksne husbondsborna av same kjønn har vori ein årsak til flytting, men kanskje ikkje så stor som ein kunne tru. Resultatet må derfor seiast å underbyggje Dribe og Lundhs⁶⁸⁵ andre mekanisme. Husbondsborn av motsett kjønn har og auka risikoen for tenesteflytting. Dette underbyggjer Dribe og Lundhs⁶⁸⁶ tredje mekanisme. Derimot ser det ikkje ut til at lønsskilnader har vori noko vanleg årsak til tenesteflytting. Årsaken til dette er at det ser ut til å ha vori eit gjengs lønssnivå i Elverum, og at dei lønsskilnadene som fans var på bakgrunn av kjønn, alder og dugleik. Dette resultatet må derfor seiast å underbyggje det fleire historikarar⁶⁸⁷ er einige om. Festepengar ser heller ikkje ut til å ha vori noko årsak til mobilitet, avdi føresetnadene for ein slik tanke, nemleg at festepengar kun var betalt ein gong⁶⁸⁸, ikkje synast å ha vori røyndleg. Kosten ser ut til å ha vori den viktigste årsaken til flytting av dei meir lekamlege tinga. Etnologisk materiale frå siste del av 1800-talet og tidleg 1900-tal byggjer opp om ein slik teori.⁶⁸⁹ Resultata i denne oppgåva må derfor seiast å underbyggje det fleire historikarar har mein om kosten som ein positiv mobilitetsfaktor.⁶⁹⁰ Resultata i denne oppgåva syner og at personlege relasjonar mellom tenarane og andre i hushaldet truleg har ført til ein del mobilitet. Dårlege tilhøve mellom t.d. husbonde og tenar har vori ein drivande årsak, mens t.d. kjærastar på andre tenestestadar har vori ein dragande årsak. Resultata må derfor seiast å underbyggje det andre historikarar⁶⁹¹ har hevda tidlegare. Det ser ikkje ut til at det har vori noko tenestehierarki i Elverum, slik det er kjent frå t.d. Skåne⁶⁹². Grunnen til det har nok fyrst og fremst vori at tenarhaldet var for lite, og at det dermed ikkje var grunnlag for det. Truleg var ekteskapet den siste flyttinga for svært mange av tenarane også i Elverum, slik ho var det i Skåne på 1800-

⁶⁸⁵ Dribe og Lundh (2002), s. 24f.

⁶⁸⁶ Dribe og Lundh (2002), s. 25.

⁶⁸⁷ Dribe og Lundh (2002), s. 16; Martinius (1977), s. 109 samt Harnesk (1990), s. 163.

⁶⁸⁸ FOR. Kapittel 9. Sjå også Østberg (1918), s. 34.

⁶⁸⁹ Sæther i *Nytt om gammalt* (1980), s. 20.

⁶⁹⁰ Dribe og Lundh (2002), s. 16; Gjerdåker i *Heimen* (1977), s. 476f og Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 225.

⁶⁹¹ T.d. Kussmaul i *Economic History Review* (1981), s. 225; Harnesk (1990), s. 163 samt Dribe og Lundh (2002), s. 16.

⁶⁹² Dribe og Lundh (2002), s. 34ff.

talet⁶⁹³. Truleg var ein viktig føresetnad for den relativt høge mobiliteten var at tenarane var unge, ugifte og hadde få egedelar. Kostandane ved å flytte må derfor ha vori små, slik dei t.d. var i England⁶⁹⁴.

Kjelder og litteratur

Utrykte kjelder:

Statthaldararkivet, Jordebøker 1624-26 D IX. 8 XXII B 3-4. Hadeland, Hedmark og Østerdalen. Odelsjordebøker for Oslo by og Akershus len 1624-1626. 8. RA.

Arkivet på Syndre-Nøtåsen 1684-1881. Eigar Knut Husa.

Folkelønsskatten 1711. Mandtal Ofver Alle Familier udj Elveroms Præstegield der effter Derris Kongel. Majts Allernaadigste forordning, af dato 21de February 1711 bør Skatte forfatted Anno 1711. No 18. Rentekammeret. RA.

Stenhammar arkivet 1733-1899. Elverum kommune.

Bidragsmanntalet for Elverum hovudsokn 1734-38 (registrert på BD87 database av Sør-Østerdal Slektshistorielag). Elverum prestearkiv. SaH.

Dagbok frå Mellom-Strand i Elverum som dekkjer perioden 1759-1830. I privat eige på Mellom-Strand i Elverum hos Per Kristoffer Dahl.

Ekstraskatten for oktober 1762 (registrert på BD87 database av Sør-Østerdal Slektshistorielag). Rentekammeret. Futerekneskap. Østerdalen. Ekstraskatten 1762-1764. Eske 1014. RA.

Av- og tilgangslister for 1763. Futerekneskapa. Rentekammeret. Futerekneskap. Østerdalen. Ekstraskatten 1762-1764. Eske 1014. RA.

⁶⁹³ Dribe og Lundh (2002), s. 36.

Odels- og rosstenestekskatten. No. 54 Ved Sollør Øster og Oudahlens Fogde Regnskab pro Ao. 1762, s. 35-38 i Legg nummer 45. Solør og Odalen Østerdalen 1762. Futerekneskap. Rekneskap Vedlegg nr. 1-129. Riksarkivet. Rentekammeret. Futerekneskap. Solør, Odalen og Østerdalen 1762. 905. RA.

Ungt mannskapsrulle. Elverumske skiløparkompani 1765. KGI C503. RA.

Kyrkjebøker (alle for Elverum og Åmot registrert på BD87 database av Sør-Østerdal Slegtshistorielag):

Elverum sokn:

Elverum kyrkjebok nr. 2 1751-1756. SaH.

Elverum kyrkjebok nr. 3 1757-1776. SaH.

Elverum kyrkjebok nr. 5 1777-1793. SaH.

Elverum kyrkjebok nr. 6 1794-1814. SaH.

Elverum kyrkjebok nr. 7 1815-1830. SaH.

Elverum kyrkjebok nr. 8 1830-1842. SaH.

Elverum kyrkjebok nr. 9 1843-1856. SaH.

Evje sokn:

Evje kyrkjebok nr. 4 1816-1840. SaK.

Hof sokn (Nr. 2 og 3 er registrert på BD87 database av Trond Bækkevold. Den siste er bare delvis registrert med døypte fram til 1773, gifte til 1789 og gravlagte fram til 1753):

Hof kyrkjebok nr. 2 1720-49. SaH.

Hof kyrkjebok nr. 3 1750-89. SaH.

Hof kyrkjebok nr. 5 1816-22. SaH.

Kristiania tukthus kyrkjelyd:

Kristiania tukthus kyrkjebok nr. 1 1758-1828. SaO.

Løten sokn:

⁶⁹⁴ Kussmaul (1981), s. 55.

Løten kyrkjebok nr. 2 1731-72. SaH.

Osen sokn:

Trysil (Osen) klokkebok 5 1814-77. SaH.

Rendalen sokn:

Rendalen kyrkjebok nr. 1 1733-87. SaH.

Stange sokn:

Stange kyrkjebok nr. 6 1762-87. SaH.

Trysil sokn:

Trysil kyrkjebok 2 1800-14. SaH.

Trysil kyrkjebok 3 1814-41. SaH.

Åmot sokn:

Åmot kyrkjebok nr. 2 1734-79. SaH.

Åmot kyrkjebok nr. 3 1780-1810. SaH.

Åmot kyrkjebok nr. 4 1811-14. SaH.

Åmot kyrkjebok nr. 5 1815-41. SaH.

Kommunikantbøker:

Elverum prestearkiv:

Elverum kommunikantbok nr. 1 1732-36. SaH.

Elverum kommunikantbok nr. 2 1737-40. SaH

Elverum kommunikantbok nr. 3 1741-44. SaH.

Elverum kommunikantbok nr. 4 1755-62. SaH.

Elverum kommunikantbok nr. 5 1758-62. SaH.

Pantebøker:

Solør og Østerdalen sorenskriverembete (SØS) -1772:

Pantebok 3 1737-42. SaH.

Østerdalen sorenskriverembete 1772-1837 (ØS):

Pantebok 1 1764-78. SaH.

Pantebok 7 1798-1806. SaH.

Skifteprotokollar:

Solør og Østerdalen sorenskriverembete (SØS) -1772:

Skifteprotokoll 5 1735-38. SaH.

Skifteprotokoll 6 1738-41. SaH.

Skifteprotokoll 7 1741-42. SaH.

Skifteprotokoll 8a 1742-43. SaH.

Skifteprotokoll 8b 1744-47. SaH.

Skifteprotokoll 9a 1747-48. SaH.

Skifteprotokoll 9b 1748-50. SaH.

Skifteprotokoll 10a 1750-51. SaH.

Skifteprotokoll 10b 1751-52. SaH.

Skifteprotokoll 10c 1752-53. SaH.

Skifteprotokoll 11a 1753-55. SaH.

Skifteprotokoll 11b 1755-56. SaH.

Skifteprotokoll 11c 1756-57. SaH.

Skifteprotokoll 12a 1757-61. SaH.

Skifteprotokoll 12b 1761-64. SaH.

Skifteprotokoll 13 1764-68. SaH.

Skifteprotokoll 14a 1769-70. SaH.

Skifteprotokoll 14 b 1770-71. SaH.

Solør og Odalen sorenskriverembete 1772-1847. Vinger, Grue, Hof:

Skifteprotokoll 1a 1772-73. SaH.

Østerdalen sorenskriverembete 1772-1837 (ØS):

Skifteprotokoll 1 1772-73. SaH.

Skifteprotokoll 2a 1773-75. SaH.

Skifteprotokoll 2b 1775-76. SaH.

Skifteprotokoll 3 1776-81. SaH.

Tingbøker:

Solør og Østerdalen sorenskriverembete (SØS) -1772:

Tingbok 56 1727-30. SaH.

Tingbok 67 1754-57. SaH.

Tingbok 68 1757-59. SaH.

Tingbok 69b 1761-63. SaH.

Trykte og datahandsama kjelder:

Finne-Grønns skifteregister 1676-1800. EB.

Kong Christian den femtes norske lov 15de april 1687. Med kongeloven 1665. Universitetsforlaget 1982.

Hof kirkebok (Hof, Åsnes og Våler) 1701-1720. Døpte, vielser, døde, introduserte, publiqe absolution. Utgitt av Solør Slektshistorielag 2001.

Matrikel 1723 for Hof, Elverum og Aamot. Avskrift ved SaH.

Kirkebøker for Trysil 1730-1801. Lars Løberg og Leif Wien Jensen. Manuskriptsamling 139. SaH.

Norge i 1743. Innberetninger som svar på 43 spørsmål fra Danske Kanselli 2 Akershus stift Hedmark Oppland. Utgitt av Kristin M. Røgeberg. Solum forlag. Oslo 2004.

Kong Friderich den Femtes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve for Aar 1754. KJØBENHAVN, Trykt hos Directeuren over Hans Kongel. Majsts. og Universitæts Bogtrykkerie, Johan Jørgen Høpfner. Forordningar 1752-1754. RA.

Ekstraskatten for Hof sokn 1762. BD87u.

Ekstraskatten for Åmot sokn 1762. BD87u.

Norges offisielle statistikk B 134. Folketeljinga 1801. Ny bearbeiding. Statistisk sentralbyrå. Oslo 1980.

Folketeljinga frå 1801 for Elverum. Mikrofilmutgåva av 1801-teljinga. Universitetet i Bergen (Historisk institutt). 1980. Dataversjon konvertert åt BD87.

Folketeljinga frå 1801 for Hof. Mikrofilmutgåva av 1801-teljinga. Universitetet i Bergen (Historisk institutt). 1980. Dataversjon konvertert åt BD87.

Folketeljinga frå 1801 for Løten. Mikrofilmutgåva av 1801-teljinga. Universitetet i Bergen (Historisk institutt). 1980. Dataversjon konvertert åt BD87.

Folketeljinga frå 1801 for Trysil. Mikrofilmutgåva av 1801-teljinga. Universitetet i Bergen (Historisk institutt). 1980. Dataversjon konvertert åt BD87.

Folketeljinga frå 1801 for Åmot. Mikrofilmutgåva av 1801-teljinga. Universitetet i Bergen (Historisk institutt). 1980. Dataversjon konvertert åt BD87.

Avskrift ved W. Lassen tatt på Elverum 12/8 1857: Elverums hovedsogns og Tryssel Annexs Ministerialbog, "indrettet Ao 1729 d. 1 December af Morten Leigh... (utdrag av kyrkjebok for perioden 1729-40). Rett avskrift ved m.a. Anders Frøholm i 1959 ved SaH. SaH.

Folketeljinga frå 1865 for Elverum. Dataversjon konvertert åt BD87.

Kjelder på verdsveven:

<http://digitalarkivet.uib.no>

<http://www.dokpro.uio.no/perl/historie/tingbok>

<http://askeladden.ra.no>

<http://www.genealogi.se/>

Litteratur:

Avdem, Anna Jorunn og Melby, Kari. Opp først og sist i seng. Husarbeid i Norge fra 1850 til i dag. Universitetsforlaget AS. 1985.

Bugge, Alexander. Våler Bygdebok I og II. Utgitt av ein arbeidskomite. Hamar 1936 (faksimilie 1981).

Bull, Hans Henrik. Marriage decisions in a peasant society. The role of the family of origin with regard to adult children's choice of marriage partner and the timing of their marriage in Rendalen, Norway 1750-1900. Dissertation for the Dr. Art. Degree. Faculty of Humanities. Universtiy of Oslo. 2006.

Bull, Ida. Svensk sosialhistorie. Anmeldelse av: Børje Harnesk. Legofolk; drangar, pigor och bonder i 1700- och 1800-talens Sverige. Acta Universitas Umensis 96. Umeå 1990, 262 sider bokmelding. I *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift 2. Bind XXVIII.* 1991.

Dahl, Bryhn Frøydis. Barnetjenere, Fosterbarn og Legdebarn. En undersøkelse av omsorgstrengende barn i Asker prestegjeld 1801-1835 med utgangspunkt i barns plassering i husstanden. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo 1986.

Dribe, M og C. Lundh. People on the Move. Determinants of Servant Migration in Nineteenth Century Sweden. Lund Papers in Economic History 80 (2002). Lund Papers in Economic History.

Dyrvik, Ståle. Befolkningsutvikling og sosiale tilhøve i Etne prestegjeld 1665-1801. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen våren 1971.

Dyrvik, Ståle. Norges historie bind 8. Den lange fredstiden 1720-84. J. W. Cappelens forlag A. S. 1978; fjerde opplag (1992).

Dyrvik, Ståle m.fl. Norsk økonomisk historie 1500-1970. Band 1 1500-1850. Universitetsforlaget. Bergen-Oslo-Tromsø. 1979 (2. opplag 1990).

Dyrvik, Ståle. Historisk demografi. Ei innføring i metodane. Universitetsforlaget. Bergen-Oslo-Tromsø. 1983a.

Dyrvik, Ståle. Kommunikantregister som kjelde til ungdomsflytting. Eit forsøk med massedata og mikromaskin. I *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift 4. Bind XX.* 1983.

Dørum, Knut. Fattigdommen på landsbygda på 1700-talet. I *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift 2. Bind XXXII.* 1995.

Dørum, Knut. Oppløsningen av skyldesystemet. En studie av eiendomsformer og eierinteresser knyttet til jord i Norge ca. 1600-1800. Tingbokprosjektet nr. 11. Oslo 1996.

Eriksson, Ingrid og Rogers John. Rural labor and population change. Social and demographic developments in east-central Sweden during the 19th century. Uppsala 1978.

Finne-Grønn, S. H. Elverum en bygdebeskrivelse. I. Gaardshistorie med ættetavler. Forlagt af Cammermeyers boghandel (Sigurd Pedersen og Eistein Raabe). Kristiania 1909.

Finne-Grønn, S. H. Elverum en bygdebeskrivelse. I. Andet halvbind. Gaardshistorie med ættetavler. Forlagt af Cammermeyers boghandel (Sigurd Pedersen og Eistein Raabe). Christiania 1914.

Finne-Grønn, S. H. Elverum en bygdebeskrivelse. II. Bygdens almindelige historie, institutioner og embedsmænd. Forlagt af Cammermeyers boghandel (Sigurd Pedersen og Eistein Raabe). Kristiania 1921.

Fosvold, Anders. Bygdebok for Stor-Elvdal. Bidrag til bygdens historie. Sollia forlag 1984. Reprodusert på grunnlag av original frå 1936.

Gaunt, David. I slottets skugga. Om frälsebönders sociala problem i Borgeby och Löddeköpinge under 1700-talet. I *Ale, historisk tidsskrift för Skåneland*. 1977.

Gjerdåker, Brynjulv. Geografisk og sosial mobilitet i Ullensaker på 1800-talet. Ein kohortanalyse. Hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo våren 1974.

Gjerdåker, Brynjulv. Om tenarar i Lofoten 1754-1818. I *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift 4. Bind XVII*. 1977.

Gulbrandsen, Birger. Nattverden i norsk kirkeliv. I *Norvegjæ Sacra*. Oslo 1948.

Hajnal, J. European marriage patterns in perspective. I *Population in History. Essays in Historical Demography*. edited by DV Glass and DEC Eversley. Edward Arnold. 1965, 1969 (1974).

Hajnal, J. Two kinds of pre-industrial household formation system. I *Family forms in historic Europe*. edited by R. Wall, J. Robin and P. Laslett. Cambridge university press 1983.

Harnesk, Børje. Legofolk. Drangar, pigor och bönder i 1700- och 1800-talens Sverige. Acta Universitas Umensis. Umeå studies in the humanities 96. Almqvist og Wiksell international, Stockholm, Sweden. Umeå 1990.

Heggstad, Leiv, Hødnebo, Finn og Simensen, Erik. Norrøn ordbok. 4 utgåva av Gamalnorsk ordbok. Det norske samlaget, Oslo 1993.

Imsen, Steinar og **Winge, Harald**. Norsk Historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500-ca. 1800. 2. utgave. Cappelen Akademisk forlag. Oslo 1999.

Juhasz, Lajos. Klokkerens kommunikantbok. I *Norsk slektshistorisk tidsskrift*. Bind XXVIII. Hefte II. Oslo 1981.

Kjønsberg, Per. Sæterbruket i Elverum. I *Elverum IV. Tillegg til Finne-Grønns bok om Elverum*. Utgitt av Elverum kommune 1958.

Kneppen, Alf Steinar. Giftermål og sosiale ulikheter i Ullensaker fra 1730-åra til 1840-åra. Hovedfagsoppgave i historie ved Universitetet i Oslo, høsten 1976.

Knutzen, Erling. Kyrkja og folket på 1800-talet. Kommunikantprotokollar som kjelde til endringsprosessar i samfunnet. I *Heimen. Lokalhistorisk tidsskrift 4*. Bind XXXII. 1995.

Kusssmaul, Ann. Servants in husbandry in early modern England. Cambridge University Press, 1981.

Kusssmaul, Ann. The ambiguous mobility of farms servants. I *Economic History Review*. Vol XXXIV, 1981.

Kvalvåg, Hans Magne. Tjenerne som samfunnsgruppe 1711. En undersøkelse om tjenerhold og tjenernes lønnsnivå hos oppsitterne i det sønnenfjeldske Norge. Hovedfagsoppgave i historie, Universitetet i Bergen, Våren 1974.

Langholm, Sivert. Short-Distance Migration, Circles and Flows: Movement to and from Ullensaker According to the Population Census Lists of 1865. I *The Scandinavian Economic Review* 1975.

Laslett, Peter. Family life and illicit love in earlier generations. Essays in historical sociology. Cambridge university press 1977.

Laslett, Peter. Household and family in past time. Essays in historical sociology. Cambridge university press 1972 (first paperback edition 1974).

Lillevold, Eyvind. Trysilboka. Garder og slekter I. Utgitt av Trysilboknemnda. 1943.

Lillevold, Eyvind. Trysilboka. Garder og slekter II. Utgitt av Trysilboknemnda. 1946.

Lillevold, Eyvind. Trysil-Boka. Garder og slekter III. Bidrag til bygdens historie ved Eyvind Lillevold. Utgitt av Trysilboknemnda. 1950.

Lillevold, Eyvind. Åmot Bygdebok. Garder og slekter. Bind I. Elverum 1967.

Lillevold, Eyvind. Åmot Bygdebok. Garder og slekter. Bind II. Elverum 1971.

Lillevold, Eyvind. Vinger Bygdebok. Gard- og slektshistorie. Bind 1. 1972.

Lintoft, Cecilie. ...og velstanden tiltok i bondens gård. Ressursutnyttelse, levekår og økonomisk tenkemåte i Hernes, en skogbruksbygd i Elverum prestegjeld 1711-1801. Hovedoppgave i historie Universitetet i Oslo, våren 1997.

Lintoft, Kari. Elverum bygdebok. Bind 6. Jømna og Melåsberget. Utgitt av Elverum kommune 1990.

Lintoft, Kari. Elverum bygdebok. Bind 7. Del I. Vestre Hernes. Utgitt av Elverum kommune 2002a.

Lintoft, Kari. Elverum bygdebok. Bind 7. Del II. Østre Hernes og Horndalen. Utgitt av Elverum kommune 2002b.

Lund, A. I *Nes Bygdebok. Første bind, 1. del.* Utgitt av Nes Historielag. 1933.

Lundh, Christer. Servant migration in Sweden in the early nineteenth century. I *Journal of Family History*, vol. 24. No. 1, January 1999.

Lundh, Christer. The social mobility of servants in rural Sweden, 1740-1894. I *Continuity and Change* 14 (1), 1999.

Løberg, Lars. En tidligkapitalistisk skogbruksrevolusjon – hovedtrekkene ved den økonomiske utviklingen i Trysil på 1700-tallet. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo. Våren 1986.

Martinius, Sture. Befolkningsrørlighet under industrialismens inledningskede i Sverige. Göteborg 1967.

Martinius, Sture. Peasant destinies. The history of 552 Swedes born 1810-12. Acta Universitas Stockholmiensis. Stockholm Studies in Economic History 3. Almqvist & Wiksell International Stockholm 1977.

Mitterauer, Michael. Gesindedienst und Jugendphase im Europäischen Vergleich. Geschichte und Gesellschaft 1985.

Mitterauer, Michael. Formen ländlicher Familienwirtschaft. Historische Ökotypen und Familiäre Arbeitsorganisation i Österreichischen Raum. I *Familienstruktur und Arbeitsorganisation in ländlichen Gesellschaften*, eds. J. Ehmer og M. Mitterauer. Wien 1986.

Moberget, Erland. Ætta fra østre Elverum. Ole Engebretsen Stykkberget sine etterkommerer. Slektene Moberget, Langdalen, Jensen m.fl. Elverum 1982.

Morthoff, J. B. Løtenboka. Garder og slekter. Bind I. Utgitt av Løten historielag. Løten 1949.

Myrheim, Frode. Elverum gard og slekt. 2006 (892 sider). Uprenta manus.

Nordhagen, Anders & Bergmann, Gudrun. Søre Osen garder og slekter før 1870. 1990.

Nordhagen, Anders. Søre Osen garder og slekter før 1870. Rettelser og tilføyelser 1996.

Nygård Larsen, Henning. Familie- og husstandsstrukturen på landet i det 18. århundrede. I *Studier i dansk befolkningshistorie 1750-1890*, ed. H. Chr. Johansen. Odensen 1976.

Nytrøen, Odd; Ytre Rendal Gard og Ætt, Elverum 1970 (2. opplag 1996).

Oldervoll, Jan. Det store oppbrotet. I *Vandringar. Festskrift til Ingrid Semmingsen på 70-års dagen. 29. mars 1980*. Red. av Sivert Langholm og Francis Sejersted. H. Aschehoug og Co. (W. Nygaard). Oslo 1980.

Ravnkleven, Per m.fl. Søre Osen Bygdebok. Utgitt av Søre Osen Historielag. 1999.

Seip, Anne-Lise. Sosialhjelpstaten blir til. Norsk sosialpolitikk 1740-1920. Fakkeltbok 494. Gyldendal Norsk Forlag. Oslo 1984.

Skirbekk, Håvard. Elverum bygdebok. Bind 1. Bjølset og Hagen. Utgitt av Elverum kommune 1983.

Skirbekk, Håvard. Elverum bygdebok. Bind 2. Vestad til 1940, Midtskogen, Grundset, Øksna og Rustad. Utgitt av Elverum kommune 1984.

Smith, Axel Christian. Beskrivelse over Trysild Præstegjeld i Aggershuus Stift i Norge forfattet af Stedets Præst Axel Christian Smith i Aaret 1784 (1964) m. forord av Ørnulf Henriksen.

Sogner, Sølvi. Folkevekst og flytting. En historisk demografisk studie i 1700-årenes Øst-Norge. Universitetsforlaget Oslo-Bergen-Tromsø 1979.

Sogner, Sølvi, Randsborg, Hege Brit, Fure, Eli. Fra stua full til tobarnskull. Om nedgangen i barnetall i norske familier i de siste 200 år, med særlig vekt på perioden 1890-1930. Universitetsforlaget 1984.

Sogner, Sølvi. Norges historie bind 6. Krig og fred 1660-1780. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard). Oslo 1996.

Sogner, Sølvi. Sosial og geografisk mobilitet. En drøftelse av kildemessige og metodiske problemer i forbindelse med bruk av østnorsk kirkebok- og tellingsmateriale i Nordisk lokalhistoria. Mötesrapport 2. Den andra nordiska lokalhistoriska konferensen i Viitasaari 1976. Föredrag och diskussioner. Helsingfors 1978. s. 144-160.

Sogner, Sølvi. Ung i Europa. Norsk ungdom over Nordsjøen til Nederland i tidlig nytid. Universitetsforlaget AS. Oslo. 1994.

Sogner, Sølvi og Telste, Kari. Ut og søkje teneste. Historia om tenestejentene. Det norske Samlaget. Oslo. 2005.

Sogner, Sølvi. Ut å tene i *Valg og vitenskap*. Festskrift til Sivert Langholm. Den norske historiske forening. 1997.

Sogner, Sølvi. The Legal Status of Servants in Norway from the Seventeenth to Twentieth Century i *Domestic Service and the Formation of European Identity. Understanding the Globalization of Domestic Work, 16th to 21st Centuries. Fauve-Chamoux. Antoinette (ed.). Bern Peter Lang. 2003.*

Stener, Magne. Elverum bygdebok. Bind 3. Strandbygda. Utgitt av Elverum kommune 1985.

Stener, Magne. Elverum bygdebok. Bind 4. Heradsbygda I. Utgitt av Elverum kommune 1988a.

Stener, Magne. Elverum bygdebok. Bind 5. Heradsbygda II. Utgitt av Elverum kommune 1988b.

Stigum, Hilmar. Bygningsskikk i Glåmdalen. I *Norske bygder. Bind V Glåmdal.* John Griegs forlag. Bergen. 1942.

Stoa, Nils Johan og Sandberg, Per-Øivind. Våre Røtter. Håndbok i slektsgransking for nybegynnere og viderekomne. J. W. Cappelens Forlag a. s. 1992.

Strand, Rolf. Aukra og Molde i 1865. En undersøkelse med vekt på tjenestejentenes rekruttering og sosial/geografisk mobilitet. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Trondheim AVH vårsemesteret 1995.

Sundt, Eilert. Om huslivet i Norge. Christiania 1873. Samt m.a. Folkevennen bind 11, 1862, s. 152-166. Verker i utvalg 10. red. H.O.Christophersen, H.O., Christie, Nils og Petersen, Kaare. Fakkeltbok 337. Gyldendal norsk forlag. Oslo. 1976.

Sæther, Per. Tjenestefolk i Elverum, levekår og boligforhold. I *Glomdalsmuseet Nytt om gammalt.* Årbok 1980.

Sørensen, Steinar. I *Alfarheim. Årbok for Elverum. nr. 11.* Elverum historielag. 1996.

Tranberg, Anna. Ringsakboka III. Korn og klasseskille 1660-1840. Bygddebok for Brøttum – Veldre – Ringsaker. 1993.

Trøseid, Hans Marius. Hof Bygdebok. Bind 1. Gards- og slektshistorie for Åsa og Nord-Jara. Utgitt av Åsnes kommune 1983.

Winge, Harald. Lovgivningen om offentlig skifte. I *Skiftene som kilde – en artikkelsamling.* Skrifter fra Norsk lokalhistorisk institutt nr. 31. Oslo 1996.

Ødegaard, Leif. Tjenestefolk som samfunnsgruppe 1711. En undersøkelse omkring tjenerhold og tjenerlønn i ulike sosiale lag av folket fra Romsdal til og med Finnmark fogderi basert på et skattemanntall fra 1711. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Bergen høsten 1975.

Østberg, Kristian. Norsk bonderet. Andet bind. Tjenesteforhold-Lotkontrakter. Kristiania. Johan E. Schoubyes boktrykkeri. 1918.